



Møre og Romsdal
vannregion

Det verdifulle vatnet vårt

REGIONAL VASSFORVALTINGSPLAN 2022–2027
MØRE OG RØMSDAL VASSREGION

Med endringer i tråd med fylkestingsvedtak og departementets godkjenning den 31.10.2022.

Innhald

Det verdfulle vatnet vårt	4
Samandrag.....	5
1 Vi treng ein plan for vatnet (planbeskriving).....	10
1.1.1 Kvifor treng vi ein plan? (formål).....	10
1.1.2 Heimelsgrunnlag og nasjonale føringar.....	11
1.2 Korleis verkar planen?	13
1.3 Fylkestingvedtak og departementsgodkjenning av planen.....	13
1.4 Konkret gjennomføring av planen.....	17
1.5 Usemje om planforslaget	18
1.6 Retningslinjer om arealplanlegging etter plan- og bygningsloven og vassforskrifta	20
1.7 Planområde – Møre og Romsdal vassregion.....	23
1.8 Vann-Nett	25
2 Miljømål, prioriteringar og tiltak.....	25
2.1 Miljømål.....	25
2.1.1 Betre vassmiljø: verne, forbetre og gjenopprette.....	26
2.1.2 Miljømål i Møre og Romsdal vassregion	26
2.1.3 Forventa miljøforbetring i denne planperioden.....	29
2.1.4 Bidrag til å oppfylle nasjonale og internasjonale miljømål	30
2.2 Prioriteringar og utfordringar	31
2.2.1 Overordna prioriteringar	31
2.2.2 Prioritering av regulerte vassdrag	33
2.2.3 Prioritering av tiltak.....	33
2.2.4 Hovudutfordringar i vassregionen.....	33
2.2.5 Endringar sidan sist plan.....	34
2.2.6 Ny aktivitet og nye inngrep i vassregionen (§ 12) i den førre planperioden.....	35
3.1 Tiltaksprogrammet	36
3.1.1 Oppsummering.....	36
3.1.2 Klimatilpassing av tiltaksprogrammet	41
4.1 Overvaking i vassregionen.....	41
4.1.1 Kven gjennomfører og finansierer overvakinga?	41
4.1.2 Overvakingsnettverk	43
4.1.3 Overvaking i overflatevatn	44
4.1.4 Overvaking i grunnvassførekomstar.....	44
4.1.5 Overvaking i verna område	44
4.1.6 Framtidige overvakingsbehov	45
VEDLEGG.....	46

1	Vedlegg: Korleis står det til med vatnet?	46
1.1	Beskriving av natur og miljøtilstand	46
1.2	Vassførekomstar i vassregionen.....	46
1.3	Vasstypar	47
1.4	Referanseforhold i elvar, innsjøar og kystvatn.....	48
1.5	Økologisk tilstand	49
1.6	Kjemisk tilstand	51
1.7	Sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF)	54
1.8	Avstand mellom potensialet i dag og miljømålet.....	56
1.9	Oppsummering av menneskeskapt påverknad	56
1.9.1	Påverknader og drivarar som er viktige for miljøtilstanden.....	56
1.9.2	Oversikt over påverknaden i vassregionen	57
1.9.3	Sektorvis oversikt over påverknad	58
1.9.4	Korleis klimaendringar verkar på effekten av menneskeleg aktivitet.....	59
1.9.5	Påverknad på vassførekomstane i dag, drivkrefter og utviklinga framover	60
1.10	Oversikt over beskytta område	61
2	Vedlegg: Slik har vi jobba fram planen	63
2.1	Klimaendringar og klimatilpassing	63
2.2	Organisering av arbeidet	65
2.3	Tema og utgreiingar i planarbeidet	66
2.3.1	Styrkje kunnskapsgrunnlaget	66
2.3.2	Oppdatering av miljømål, unntak og tiltak.....	67
2.3.3	Kostnadsanalyse og nyttebeskrivingar	67
2.3.4	Klimaendringar, klimatilpassing og flaum	67
2.3.5	Drikkevatt og badeplassar	67
2.3.6	Plastforureining	67
2.3.7	Landbruk og avløp	69
2.3.8	Sterkt modifiserte vassførekomstar	69
2.3.9	Miljøgift og forureina sjøbotn	69
2.3.10	Sjøaure og mindre anadrome vassdrag.....	69
2.3.11	Akvakultur	70
2.4	Hovudutfordringar – korleis har vi jobba og prioritert?.....	70
2.5	Medverknad og deltaking.....	70
3	Vedlegg: Dette vil planen bety for miljøet og samfunnet (konsekvensutgreiing)	72
4	Vedlegg: Overvaking av vassmiljøet	91
4.1	Basisovervaking i vassregionen	92
4.2	Tiltaksretta overvaking og problemkartlegging i vassregionen	96

4.3	Overvaking i verna område	103
4.4	Overvaking i grunnvassførekomstar.....	104
5	Vedlegg: Interaktive kart	105
6	Vedlegg: Samandrag av offentlege høyringar og informasjonstiltak	106
7	Vedlegg: Ansvarlege myndigheiter i vassregionen.....	109
8	Vedlegg: Referanseliste	111
9	Vedlegg: Prioritering av regulerte vassdrag	113
10	Vedlegg: Departementsgodkjenning:.....	116
11	Vedlegg: Fylkestingvedtak.....	116

Det verdfulle vatnet vårt

Vatnet er ein viktig ressurs, for oss som drikkevatt, for den viktige næringsmiddelindustrien i regionen, for vasskraftproduksjon, for fiskeri og oppdrett. Vatn og sjø har vært sentral for bosetting og næringsliv. Det er lett å tenke at vi er god på vann i Møre og Romsdal. Det mest riktige er vel heller å seie at vi har mykje av det. For vår bruk av vatn og sjø har satt sine spor. Kraftproduksjonen har tørrlagd elvar, elvar er retta ut for å handtere flom og gi betre høve for landbruk, vi har et langt etterslep på avløpsnettet vårt og i kysten har vi miljøgiftsproblematikk som følge av ein viktig industri.

Vi går inn ei tid der større utfordringar for miljø står føre oss som klimakrisa og naturkrisa. Vi har forplikta oss til FNs berekraftsmål. Samtidig skal vi gjennomføre eit grønt skifte, satse på havrommet, skape meir fornybar energi og handtere meir flaum som følge av klimaendringane. Ein sentral del av korleis vi møter desse utfordringane er derfor korleis vi forvaltar vatnet vårt, i dag og framover. Denne planen viser korleis vi skal ta vare på vassmiljøet vår og korleis vassressursane i vassregionen skal forvaltast i et langsiktig perspektiv, frå den minste bekk, til store fjordar. Planen fastsett miljømål for alle vassførekomstane i vassregionen.

Det er viktig med slike heilskapelege planer, som tar utgangspunkt i økosystemet og jobbar på tvers av sektorar. For vi må møte utfordringane med kunnskap. Kunnskap om økosystemet sjølvsagt. Men vi må også vere open om kostnadane miljøforbetringar utgjer for samfunn og næring, og vi må være tilsvarende open om kostandane ved å ikkje gjere noko. Og vi må være ærlege om når miljøforbetringar blir for kostbare eller for vanskelege å gjennomføre. Derfor sett planen unntak for når vi kan nå god miljøtilstand. Å treffe den riktige balansen mellom miljø og næring er vanskeleg men viktig, og vi må i størst muleg grad få desse til å trekke i same retning. Eg opplever som leiar av VRU at vi har hatt ein involverande prosess i utarbeiding av plana, der vi har forsøkt å ta omsyn til dei innspel som har kome og balansert desse med omsyn til miljø og involverte partar. Vassforskriftsarbeidet er Norges mest ambisiøse forsøk på å få til økosystembasert forvaltning. For å få til dette har næringsliv, miljøorganisasjonar, sektormyndigheiter, kommunar og politikarar bidratt inn i planarbeidet, noko som vi er veldig takknemlige for.

Spesielt glad er eg for at kommunane har kome sterkare på banen og bidreg med mange tiltak. Mykje arbeid står igjen, og mange utfordringar står føre oss, men denne planen er eit skritt i riktig retning i korleis vi forvaltar naturen i framtida. Det gjer meg optimistisk. Det handlar om bevisstgjerjing, kunnskapsgrunnlag og verdivala Dette må kanskje vi politikara spesielt kjenne til og være bevisste i den kommande planperioden.

Møre og Romsdal vassregionutval har slutta seg til planen. Statsforvaltar, sektormyndigheiter, kommunar og fylkeskommune har delteke aktivt i arbeidet og bidratt med innspel og tekst til dokumenta og spesielt KU. Vi takkar for alle bidrag.

Henrik Stensønes

Leiar av Møre og Romsdal vassregionutval

Samandrag

Formålet med Regional vassforvaltningplan i Møre og Romsdal vassregion er å gi ei enkel og oversiktleg framstilling av korleis vi skal sikre ei heilskapleg og langsikteleg forvaltning av vassressursar og vassmiljø i regionen. Planen er utarbeida i henhold til forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften) og plan og bygningsloven (pbl) kap 8.

Det viktigaste planen gjer er å fastsette miljømål i kyst, innsjø, elv og grunnvatn. Planen oppgir miljømålet for alt vatn, både i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. I tillegg til å fastsette miljømålet oppgir planen tidspunktet for når ein skal nå måla. Miljømåla er essensielle i planarbeidet, og danner grunnlaget for tiltak for både forbetre vassmiljøet, beskytte det mot forverring og sørge for ei berekraftig bruk av vassressursane. Planen viser korleis miljøtilstanden er i dag og dermed også avstand til miljømål som er fastsett. Forvaltningsplanen med tiltaksprogram skal gi sektorane det grunnlaget dei treng for å igangsette miljøforbetrande tiltak.

Den regionale vassforvaltningsplanen er eit viktig verktøy for å oppfylle vassforskrifta sitt mål om heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassmiljøet og vassressursane våre. Sjølv planarbeidet er viktig fordi det i seg sjølv bidreg til ei meir samordna og heilskapleg vassforvaltning. Den har auka merksemda retta mot vassforvaltning i mange sektorar og vil kunne stimulere til gjennomføring av tiltak.

Den regionale planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. plan- og bygningslova § 8-2. Det vil seie at planane rettar seg mot kommunar, fylkeskommune og statlege organ. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som vil medføre at miljømålet ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare.

Foreslåtte tiltak skal følgjast opp og gjennomførast slik at ein kan nå dei fastsette miljømåla innan den fristen som er sett i planen. Å avvike får fastsette miljømål vil kunne gi grunnlag for motsegn etter plan- og bygningsloven.

Usemjje om planforslaget

Etter § 26 i vannforskriften, 4. ledd, kan usemjje bli gjengitt i plan og legges til avklaring sentralt gjennom departementets godkjenningsprosess. Møre og Romsdal fylkeskommune er ikkje samd i miljøtiltak knytt til 13 vert i regionen. Bakgrunn for usemjje er at tiltak ikkje er tydeleg på at dei føresett ekstern finansiering.

Møre og Romsdal vassregion

Møre og Romsdal vassregion følg i stor grad fylkesgrensa, men omfattar større areal frå Trøndelag og Oppland (Lesja, Oppdal og delar av Hemne kommune). Vassregion er prega av fjordlandskap der mange djupe fjordar skjer langt inn i landet. Dei største vassdraga er Driva, Rauma, Surna og Eira/Aura. Det er berre tre innlandskommunar i regionen, Rindal, Oppdal og Lesja og busetnad er i stor grad knytt til fjordane og kysten. Regionen er delt inn i 5

vassområder frå nord til sør: Nordre Nordmøre, Søre Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre.

Miljømål

Miljømåla er miljøtilstanden ein skal oppnå i denne planperioden, altså åra 2022–2027. Miljømåla er sette med utgangspunkt i vassforskrifta med eit overordna mål at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ingen vassførekomstar skal få forverra miljøtilstanden, vassførekomstar i svært god tilstand, skal derfor oppretthalde dette i planperioden.

Planen gjer også unntak frå kravet om godt tilstand. Dersom vesentlege kostnader eller andre tungtvegande omsyn tilseier det, kan målet om god tilstand utsetjast til utgangen av 2033 (§ 9). Når samfunnsnyttig aktivitet har endra vassføringa eller dei fysiske forholda slik at ein ikkje kan oppnå god økologisk tilstand utan at det går vesentleg ut over formålet med aktiviteten, blir vassførekomstane definerte som sterkt modifiserte (§ 5). I særlege tilfelle kan vi sette mindre strenge miljømål.

30 kystvassførekomstar har fått utsatt frist for å nå god miljøtilstand i denne planperioden grunna at dei er påverka av miljøgifter. Dette er kostnadskevande og komplierte tiltak som tar lang tid å planlegge og få effekt av. Derfor er desse fått utsatt frist.

26 vassførekomstar fordelt på 7 vassdrag påverka av rømt oppdrettsfisk har utsett frist grunna at villaksbestandane her har dårleg eller svært dårleg tilstand for genetisk integritet.

11 vassførekomstar fordelt på 4 vassdrag i Drivaregionen (Driva, Litledalselva, Usma og Batnfjordselva) får utsatt frist på grunn av *Gyrodactylus salaris*.

246 vassførekomstar har fått unntak frå å oppnå god økologisk tilstand og er satt i kategorien «sterkt modifisert vassførekomst» (SMVF). Dette er stort sett kraftpåverka vassdrag, og å gjennomføre tiltak her for å oppnå god økologisk tilstand vil gå vesentlig ut over kraftproduksjon eller være svært kostbart. 203 av desse har mål om «godt økologisk potensial» som er summen av miljøforberande tiltak som kan gjerast utan at det går ut over samfunnsnytta. 43 av SMVF har fått mindre strenge miljømål (§ 10) fordi det er teknisk umulig eller for kostnadskevande å gjere miljøforberande tiltak.

Prioriteringar

Det er naudsynt å gjere prioriteringar. Enten for å sikre at effektive tiltak blir gjennomført innanfor tema vi ser har behov for det, eller at viktige problemstillingar blir løfta i den vidare forvaltninga. I Møre og Romsdal er følgande prioritert:

- **Vassdrag med laks og sjøaure**
- **Miljøgift og forureina sjøbotn**
- **Landbruk og avløp**
- **Plastforsøpling i kyst og vassdrag**
- **Prioritering av minstevassføring i Svorka/Bævrå, Toåa og Skallelva/Oppdølselva gjennom vilkårsrevisjon**

- **Prioritering av tiltaksoppfølging i Aura/Eira, Surna og Mørevassdraget**

Måloppnåing

I mange vassførekomstar vil miljømåla blir oppfylt innan 2027 med foreslåtte tiltak, Fleire vassførekomstar har fått utsatt frist for å oppnå miljømål grunna at tiltak vil ta lang tid å planlegge, gjennomføre eller få ressursar til gjennomføring (både økonomisk og administrativt.) Nokre har fått utsett frist fordi det vil ta lang tid før effekt av tiltaket gjer at miljømål oppfyllast.

Ein del tiltak er tilsyn, kontroll, rettleiing og vil krevje ei aktiv oppfølging av sektormyndigheiter om vi i realiteten skal sjå ei miljøforbetring. Det er nok heller ikkje foreslått tilstrekkeleg med tiltak , spesiell fråkommunane, og det er i høyringsperioden viktig å planlegge tiltak der det manglar, og følge opp med tiltak er tiltaket i dag er kunnskapsinnhenting. Vi må derfor forvente at ein høgare andel av vassførekomstane i dagens forvaltningsplan ikkje oppnår miljømåla innan 2028 enn det talet som er oppført med utsett frist.

Miljøtilstand

82 % av dei naturlege vassførekomstane i Møre og Romsdal vassregion har «god økologisk tilstand» eller «svært god tilstand» og oppnår måla i vassforksrifta. Her vil de være naudsynt å oppretthalde tilstand og gjere forebyggande tiltak.

Det resterande vatnet må ha tiltak for å oppnå miljømålet og det er her det må fokuserast. Sjølv om dette utgjer ei mindre del av tal vassførekomstar, vil det krevje ein stor innsats for å kunne få planlegge og gjennomføre tiltak som forbetrar miljøet her. Mange av desse vassførekomstane er også store kystvassførekomstar som vil krevje store ressursar for å kunne få til ei miljøforbetring.

Hovedutfordringar

Dei 5 største påverknadane i regionen er vasskraft, fiskeri og akvakultur, jordbruk, avløp og urban utvikling. Vasskraft påverkar flest vassførekomstar i regionen og i alle vassområda. Vasskraft påverkar økologien i vassdrag gjennom endring av vassføring, oppdemming og fysiske inngrep. I lågareliggjande strøk i heile regionen, der det er jordbruk, er vatnet påverka av avrenning og punktutslipp frå jordbruket. Det dreiar seg først og fremst om tilførsel av nitrogen og fosfor. I tillegg kjem fysiske inngrep som utretting av elv, endringa av elveløp, bekkelukking mm.. Forureining frå avløp dreiar seg både om diffuse kjelder i form av spreidd avløp (private enkeltanlegg) som ikkje er knytt til avløpsnett, samt punktutslipp frå reinseanlegg og /eller større fellesanlegg for avløp. Mykje spreidd busetnad i heile vassregionen tilseier mange separate/private avløpsanlegg, høgst truleg av varierende standard. Nokre stader går avløpet rett ut i vassdraga og sjøen. I tillegg er mange reinseanlegg under press frå urban utvikling, og kan under høg vasstand ikkje tilfredsstillende krava til reinsing. Urban utvikling med industri og tett busette område utgjer ein utfordring spesielt i Nordre Sunnmøre og Romsdal vassområde. Utbyggingar til bustad-, industri- og transportformål i kyst og vassdrag aukar presset på vassmiljøet. Auka mengder lakselus som følge av oppdrettsaktivitet kan føre til auka dødelegheit på laksesmolt og sjøaure. Rømt

oppdrettslaks kan redusere villkasens genetiske integritet og kan ha negative effekt på lokale laksebestandar.

Planretningslinjer

For å unngå å forverre miljøtilstanden i vatn og for å bidra til å nå dei nasjonalt fastsette måla i denne vassforvaltningsplanen, er det utarbeida planretningslinjer for arealplanlegging etter plan- & bygningsloven og vassforskrifta (kapittel 1.1.4). Hensikta med føresegnene er å inkludere vatn på eit tidleg stadium i kommunens samfunns- og arealplanlegging og oppnå heilskapleg vassforvaltning. Vidare vil oppfølging av føresegnane gjere det mogleg å nå miljømåla innan 2027, og unngå ei forverring av miljøtilstand der miljømåla allereie er oppfylt. Føresegnane er førande for planarbeid etter plan- og bygningslova.

Tiltak

Tiltaksprogrammet beskriv korleis miljømåla for vassførekomstane kan oppnåast innan utgangen av 2027, eller ved eit seinare tidspunkt dersom det er sett utsett frist . Tiltaksprogrammet omfattar både miljøforbetrande og førebyggande tiltak. Tiltaka skal i utgangspunktet vera operative seinast tre år etter at tiltaksprogrammet er vedtatt og miljømålet skal vera oppnådd innan seks år.

Til saman er det foreslått 616 tiltak i tiltaksprogrammet med ei førebels investeringskostnad anslått til over 950 millionar kroner. Det er likevel fleire pågåande tiltak og kostnader som sektorstyresmaktene ikkje har registrert i Vann-nett. Dei reelle investeringskostnadene overstig derfor det som kjem fram av planen.

Dei foreslåtte tiltaka skal følgjast opp av den enkelte sektormyndigheit.

Flest tiltak er foreslått av kommunane innan avløp og landbruk. Dette på tross av at tiltaka omfattar mange vassførekomstar i kommunen. Innan avløp er det registrert investeringskostnader for over 100 millionar kroner. Innan landbruk er det registrert investeringskostnader for over 15 millionar kroner. Dei største investeringskostnadane finn vi innanfor miljøgifter med 6 tiltak i forureina grunn med anslått kostnad til 100 000 000 kroner og 34 tiltak i forureina sjøbotn med anslått investeringskostnader på omlag 600 000 000 kroner. Dette er svært usikre sjablongmessige kostnadsanslag.

Innan vasskraft har sektormyndigheitene foreslått 26 tiltak. Det er 5 tiltak mot *Gyrodactylus salaris* i Drivaregionen, kostandsberekna til 50 000 000 kroner. Det er 17 akvakulturtiltak og 88 tiltak retta mot kunnskapsinnhenting. Det er foreslått få tiltak innan drikkevatt og overvatn..

Sammendrag av konsekvensutredninga

Den oppdaterte vassforvaltningsplanen inneheld ei skildring av miljøtilstanden til vassførekomstane, kva utfordringar som påverkar vassførekomstane, kva som er miljømålet og forslag til kva tiltak som må gjennomførast for å tetta gapet mellom tilstand og miljømål. Konsekvensutgreiinga av den oppdaterte vassforvaltningsplanen viser kva den vil bety for regionen og for sektorane som har størst påverknad her.

Det er tre alternativ som er vurderte i konsekvensutgreiinga:

- * Alternativ 0 (dersom oppdatert vassforvaltningsplan ikkje blir gjennomført)
- * Alternativ 1 (maksimum; alle miljømåla i oppdatert vassforvaltningsplan skal nåast innan 2027)
- * Alternativ 2 (realistisk; oppdatert vassforvaltningsplan blir gjennomført med bruk av unntak frå miljømåla der det er nødvendig)

For naturmangfaldet kan det ha ulike negative konsekvensar å ikkje gjennomføra den oppdaterte vassforvaltningsplanen. Aukande ambisjonsnivå for gjennomføring av planen vil vera tilsvarande positivt for å auka naturmangfaldet. Gjennomføring av den oppdaterte vassforvaltningsplanen vil berre ha positive konsekvensar for nasjonale og internasjonale miljømål. Den oppdaterte vassforvaltningsplanen styrker evna naturen har til å ta vare på økosystemtenester.

For befolkning, folkehelse og materielle verdiar vil dei tre alternativa ha enten negative eller positive konsekvensar. Betre vern av drikkevasskjelder, reint badevatn, vatn med fisk og rikt artsmiljø vil vera positivt for befolkninga og folkehelsa. Reint vatn er òg viktig for gode bomiljøer, og kan auka verdien på eigedom. Det har positiv tyding for lokalt reiseliv og næring at vassmiljøet er bra. Det mest ambisiøse alternativet vil føra til auka avløpsutgifter for innbyggjarane, auka kostnader for industrien, redusert matproduksjon på land og i sjø, redusert kraftproduksjon og flomdemping og vil kunne redusere sysselsetting i regionen.

Tiltak for å verna vassmiljøet vil òg ha tyding for jorda med omsyn til erosjon, næringsstoff og jordstruktur. Fleire av tiltaka kan ha positiv tyding for å halda vatn tilbake i terrenget og redusere flom. Maksimumsalternativet kan føra til mindre vasskraftproduksjon som vil kunne komme til hinder for reduksjonen av klimagassutslepp. Beredskap og ulykkesrisiko kan påverkast av vassforvaltningsplanen når det gjeld vern av drikkevasskjelder, forureiningsutslepp, flaumvern og trafikktryggleik.

For kulturlandskapet vil den oppdaterte vassforvaltningsplanen i hovudsak vera positiv.. Nokre kulturminne kan òg skadast av tiltak i den oppdaterte planen. Tiltak for å verna og forbetra vassmiljøet vil berre ha positiv effekt på det samiske natur- og kulturgrunnlaget.

For sektorane som har dei mest vesentlege påverknadene på vatnet gjeld generelt at prioritering og gjennomføring av tiltak for å forbetra vassmiljøet aukar med aukande ambisjonsnivå for gjennomføring av vassforvaltningsplanen. Det mest ambisiøse alternativet vil kreve auka administrativ kapasitet og kompetanse hos fleire sektormyndigheiter, og betydeleg auka budsjetttrammer

Behov for nye verkemiddel

Sektormyndigheiter har meldt inn behov for nye virkemiddel innafor følgande tema:

-
- Vasskraft
 - Avløp
 - Landbruk
 - Framande artar
 - Verkemidlane forureina sjøbotn er ikkje innanfor dagens budsjetttrammer eller prioriteringane i handlingsplanen .
 - Forsking og kunnskap

1 Vi treng ein plan for vatnet (planbeskriving)

1.1.1 Kvifor treng vi ein plan? (formål)

Formålet med ein regional vassforvaltingsplan etter vassforskrifta og plan- og bygningslova er å gi ei enkel og oversiktleg framstilling av korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen i eit langsiktig perspektiv.

Planen er eit oversiktsdokument på vassregionnivå og samanfattar kunnskap om tilstanden i vassførekomstane, tilgjengelege overvåkingsdata, analyse av aktuelle tiltak, deltaking frå aktuelle sektormyndigheiter og verksemder og involvering av aktuelle interesseorganisasjonar, bransjar og befolkninga elles. Planen beskriv korleis det står til med vatnet vårt, kva miljømål vi skal nå, og kva tiltak som må setjast i verk for at vi skal nå måla.

Den regionale vassforvaltingsplanen er eit viktig verktøy for å oppfylle vassforskrifta sitt mål om heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassmiljøet og vassressursane våre. Sjølve planarbeidet er viktig fordi det i seg sjølv bidreg til ei meir samordna og heilskapleg vassforvaltning. Mange ulike avgjerdstakarar og interessentar blir knytte saman i eit arbeid om eit felles kunnskapsgrunnlag og fastsette vurderingar av miljømål og tiltak på tvers av sektorar og forvaltingsnivå.

Vassforskrifta inneheld standard miljømål som skal nåast innan ein gitt frist. I enkelte tilfelle vil ein ikkje kunne nå miljømåla innan fristen, som for denne planperioden er sett til utgangen av 2027. Vassforskrifta opnar for at ein i nokre tilfelle kan utsetje fristen for å nå miljømåla eller ha mindre strenge miljømål fram til neste planperiode. I arbeidet med denne planen er det gjennomført vurderingar av når miljømåla i vassforskrifta kan nåast, samtidig som alle praktisk gjennomførbare tiltak skal treffast for å hindre at tilstanden i vassførekomstane blir endå dårlegare. Arbeidet med planen inneber ei forvaltingsvurdering av standard miljømål i vassforskrifta. Planane oppgir derfor miljømålet for alt vatn, både i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. I tillegg til å fastsetje miljømålet oppgir planen tidspunktet for når ein skal nå måla.

Arbeidet med regional vassforvaltingsplan 2022–2027 er ei revurdering og ei justering av vassforvaltingsplanen for perioden 2016–2021. Sidan sist plan har vi fått meir kunnskap mellom anna gjennom auka overvaking og tiltak som både er gjennomførte og i gang. Denne planen gir ei oversikt over miljømåloppnåinga sidan sist plan og gir retning til korleis vi skal arbeide for å halde fram arbeidet med betre vassmiljø.

1.1.2 Heimelsgrunnlag og nasjonale føringar

Vassforskrifta¹ er heimla i forureiningslova², plan- og bygningslova³, vassressurslova⁴ og naturmangfaldlova⁵.

Arbeidet med dei regionale planprosessane etter vassforskrifta følger i all hovudsak prinsippa og krava i plan- og bygningslova. I tillegg har vassforskrifta egne krav som følgje av vassdirektivet⁶.

Planen skal vere i tråd med naturmangfaldlova kapittel II, som inneheld alminnelege retningslinjer om berekraftig bruk. Vurdering av om planen er i tråd med dei miljørettslege prinsippa (§§ 8 til 12), skal komme fram i planen.

Vassforskrifta § 1

Formålet med denne forskriften er å gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en mest mulig helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene.

Plan- og bygningslova § 1

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner

Nasjonale føringar for arbeidet med å oppdatere dei regionale vassforvaltingsplanane

Klima- og miljødepartementet har i samråd med aktuelle departement utarbeidd nasjonale føringar for arbeidet med å oppdatere vassforvaltingsplanane. Dei nasjonale føringane skal mellom anna bidra til å avklare målkonfliktar. Det følgjer av vassforskrifta at den oppdaterte vassforvaltingsplanen skal vere i tråd med føringane.

I tillegg til fellesføringar om kva ulike myndigheiter skal bidra med i arbeidet, blir det gitt føringar for arealplanlegginga i kommunen, avløp, påverknad frå lakselus og rømt oppdrettsfisk, landbruk, framande artar (inkludert kongekrabbe), drikkevatt og badevatt og samferdsel. Les meir om dei nasjonale føringane hos Klima- og miljødepartementet [her](#).

Dei nasjonale føringane for vasskraft som blei gitt ved brev av 24. januar 2014 frå Olje- og energidepartementet og Klima- og miljødepartementet, gjeld fram til dei blir oppdaterte. Dei nasjonale føringane for vasskraft finn du [her](#).

Forholdet mellom planen og dei gjeldande rammene og retningslinjene:

a) Naturmangfaldlova

I samsvar med naturmangfaldslova Kapittel II. Alminnelege retningslinjer om berekraftig brukpl skal planer vurderast i forhold til forvaltningsmål for naturtypar og artar i Noreg og prinsipp for offentleg beslutningstaking (jf. §§ 4-5 og 8-12). Vurderinga skal komma fram av avgjerda.

Regional vassforvaltningsplan er utarbeidd i samsvar med vassforskrifta. Denne forskrifta baserer seg på ein kunnskapsbasert framgangsmåte, som er i tråd med krava i naturmangfaldslova. Utover dette vil fastsette måla og dei planlagde vassmiljøtiltaka i denne planen bidra til auka naturmangfald.

¹ [Vassforskrifta](#)

² [Lov om vern mot forureining og om avfall \(forureiningslova\)](#)

³ [Lov om planlegging og byggjesaksbehandling](#)

⁴ [Lov om vassdrag og grunnvatt \(vassressurslova\)](#)

⁵ [Lov om forvaltning av naturmangfald \(naturmangfaldlova\)](#)

⁶ [EUs ramedirektiv for vatn \(vassdirektivet\) – konsolidert versjon](#)

Regional plan for Møre og Romsdal vassregion vurderast å vera i tråd med prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12, og ta vare på kapittelet i naturmangfalds-lova II om berekraftig bruk

b) Nasjonale føringar for arbeidet med å oppdatere dei regionale vassforvaltingsplanane

Den 20. mars 2019 blei nye nasjonale føringar på fleire viktige område som gjeld vassforvaltninga lagt fram av Klima- og miljødepartementet, desse kan lastas ned [HER](#). Disse føringane har betydning for tiltaksplanlegging og prioritering.

I arbeidet med forvaltningsplanen er dei nasjonale føringane følgd opp av sektormyndigheiter. Sektormyndigheiter, kommunar og andre har bidratt med kunnskapsgrunnlag, tiltak og har delteke i møter. Sjølv om mange har bidratt inn i arbeidet, så er det i mange tilfelle ikkje tilstrekkelege tiltak for å at alle miljømål nåast.

c) Nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging

Sektormyndigheiter, fylkesmann, fylkeskommune og kommunane i vassregionen har bidratt til oppdateringa av planen er gjort i tråd med nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging. Fokuset på vatn i spesielt arealplanlegginga har vært manglande og det er viktig at større merksemd rettast mot dette ved gjennomføringa av planen. Dei nasjonale forventningane må derfor følgast opp framover.

27. april 2021. kom Klima- og miljødepartementet med ei [presisering av kommunane sine oppgåver og ansvar i vassforvaltninga](#). Presiseringane omfattar mellom anna arealplanlegging, klimatilpassing, drikkevatt, avløp, landbruk og badeplassar.

d) Forholdet til andre planar som gjeld for regionen

Møre og Romsdal vassregion følger i stor grad fylkesgrensane til Møre og Romsdal og planer og strategiar i Møre og Romsdal vil angå vassregionen i størst grad. I tillegg er det regionale planar og fylkeskommunale strategiar for ei rekke tema innanfor vassregionen i andre fylke. Ei fullstendig oversikt kan finnast på nettsidane til fylkeskommunane.

Fleire av dei regionale planane kan direkte eller indirekte ha tyding for vassforvaltningsplanen og anna arbeid etter vassforskrifta. Spesielt må planen sjåast i samanheng med fylkesplan for Møre og Romdal, som har ambisjon om å bli miljøfylke nr. 1. Spesielt mål nr 2 og 3 for «miljøfylket» vil ha direkte koplingar til vassforvaltningsplan:

- 2. forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep*
- 3. ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar*

Gjennomføringa av fylkesplanen er direkte avhengig av gjennomføring av vassforvaltningsplanen

Det er ingen kjente konflikhtar mellom vassforvaltningsplanen og andre regionale planar i vassregionen. Vassforvaltningsplanen ligg innanfor føringane i planar og strategiar som regional planstrategi og regionale arealplanar

1.2 Korleis verkar planen?

At det ligg føre vedtekne og godkjende regionale vassforvaltingsplanar, betyr først og fremst at den regionale planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. plan- og bygningslova § 8-2. Det vil seie at planane rettar seg mot offentlege myndigheiter:

- kommunar
- fylkeskommunar
- statlege organ

Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som vil medføre at miljømålet ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare.

Foreslåtte tiltak skal følgjast opp og gjennomførast slik at ein kan nå dei fastsette miljømåla innan den fristen som er sett i planen.

Verknad for kommunal planlegging

[Dei nasjonale føringane](#) for arbeidet med å oppdatere dei regionale vassforvaltingsplanane legg vekt på at den kommunale arealplanlegginga er viktig for å nå miljømåla:

Gjennom arealplanleggingen kan kommunen sette restriksjoner på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøer, fjorder og sjøområder, herunder vannmiljø. Det er svært viktig at disse virkemidlene tas aktivt i bruk i kommunenes arealplanlegging for å nå målet om god tilstand i norsk vann.

Gjennom arealplanlegginga skal kommunen bidra til å sikre at ulike omsyn blir granska og vegne mot kvarandre. Vassmiljø er eitt av fleire slike omsyn. Der vassmiljø blir påverka, direkte eller indirekte, må kommunen sørgje for at det blir teke nødvendig omsyn til vassmiljøa og miljømåla som er fastsette for desse miljøa. I planprosessar må derfor verknaden av tiltak og inngrep vegast mot verknadene på miljøtilstanden til ein vassførekomst.

[Nasjonale forventingar](#) til kommunal og regional planlegging legg òg vekt på arealplanlegging, mellom anna i kapittel 2.3:

Kommune bidrar til gode miljøforhold i og langs vassdraga gjennom tiltak og god arealforvaltning.

Verknad for statleg og regional planlegging og verksemd

Dei regionale vassforvaltingsplanane påverkar òg den statlege og regionale planlegginga og verksemda. Statleg eller regional myndigheit må sørgje for at miljømåla som er fastsette i vassforvaltingsplanane, blir nådde, og at miljøtilstanden i vassførekomstane ikkje blir dårlegare.

Du kan lese meir om vassmiljø og arealplanlegging på nettsidene til Miljødirektoratet, [her](#).

1.3 Fylkestingvedtak og departementsgodkjenning av planen

I vassforskrifta § 29 om vedtak og godkjenning kjem det fram at det er dei aktuelle fylkestinga i vassregionen som skal vedta planen. Deretter skal planen med vedtaket sendast

til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet skal i samråd med NVE og andre aktuelle direktorat gå gjennom planen og gi ei tilråding til Klima- og miljødepartementet.

Det er Klima- og miljødepartementet som, i samråd med Olje- og energidepartementet og andre departement, godkjenner planen. I samband med godkjenninga kan Klima- og miljødepartementet fastsetje endringar i planen dersom dette er eit krav ut frå omsynet til rikspolitiske interesser.

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok den 8. desember 2021 Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion for perioden 2022 - 2027. 31.10.2022 vart planen godkjent av KLD i samråd med andre departement.

Departementet godkjente planen utan større endringar. Godkjenninga stadfesta prioritering av minstevassføring i Svorka/bævra, Istadvassdraget og Toåa. Godkjenninga avklarar usemje om tiltak knytt til verft og minstevassføring i Aurarevisjonen.

Den endelege planen består no av sjølvne planen, fylkestingsvedtaket og den sentrale departementsgodkjenninga.

Fylkestinga vedtok regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2022-2027 for sine respektive areal: Fylkestinget i Møre og Romsdal 7.12.2022, Fylkestinget i Innlandet 7.12.2021, Fylkestinget i Vestland 16.3.2022 og Fylkestinget i Trøndelag 15.12.2021

Fylkestingsvedtaka er samla i vedlegg 10. I tillegg til godkjenning av planen vedtok Fylkestinget i Møre og Romsdal også følgande:

- Å oppretthalde miljøambisjonane i Aura med minstevassføring som tiltak
- Er usamd i miljøtiltak knytt til 13 verft, der tiltak må ha ekstern finansiering som føresetnad
- I år er villaksen for første gang på rødlista over truede arter. Dette er også første gang påvirkning fra oppdrettsnæringa på villaksen er med i Vassforvaltningsplanen. De to største truslene mot den norske villaksen er rømming av oppdrettslaks og lakselus. Fylkestinget mener det er uakseptabelt at villaksen risikerer å forsvinne fra norsk natur.

Desse punkta er næra omtalt under.

Fylkestinget i Innlandet vedtok i også følgande:

- Fylkestinget forutsetter at en eventuell endring i vannforvaltningsplanene ved sentral godkjenning gjøres i samarbeid med vannregionmyndighetene.

Klima- og miljødepartementet godkjende oppdatert regional planen for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion for planperioden 2022-2027 den 31. oktober 2022. I samband med godkjenninga har Klima- og miljødepartementet fastsett følgjande endringar ut i frå omsynet til rikspolitiske interesser:

Vasskraft:

-
- Departementet har vedteke å godkjenne dei vassførekomstane som inngår i direktorata sitt middels-lågt alternativ. Etter at direktorata oversendte si tilråding er nokre saker ferdigstilt. Antall vassførekomstar som er godkjent avviker difor noko frå direktorata si tilråding.
 - Departementet har i vedlegg 2 ført opp dei vassførekomstar som med dette er godkjende med høgare miljømål enn dagens tilstand og som treng nye tiltak som kan medføre krafttap for å oppfylle miljømålet. Vassførekomstar som ikkje har fått godkjent miljømålet, og dette berre er basert på tiltak som medfører krafttap, får miljømålet endra til dagens tilstand ved denne godkjenninga.
 - Sett i høve med dei oppdaterte planane som er regionalt vedtekne reduserer godkjenninga talet på vassførekomstar med miljømål høgare enn dagens tilstand som medfører miljøforbetrande tiltak som kan påverke vasskraftproduksjonen. Departementet sine endringar er gjort på bakgrunn av dei nasjonale føringane og NVE og Miljødirektoratet si tilråding. Dei vassførekomstane som er godkjende sikrar etter departementet si vurdering ei riktig balanse mellom miljøforbetringar og omsynet til kraftproduksjon.
 - Når det gjeld vidareføringa av prioriteringane av miljømål som kan medføre krafttap i Aura vil departementet påpeike at vilkårsrevisjonen for Aura er avgjort ved kgl.res. 23.06.2021, og difor ikkje kan godkjennast med tiltak som føre til krafttap. Desse vassførekomstane ligg derfor ikkje inne i vedlegg 2.

Landbruk:

- Trass i ei betydeleg auke i innsatsen i planperioden 2022-2027, vil det bli vanskeleg å nå målet om god tilstand i alle landbrukspåverka vassførekomstar. Departementet støttar direktorata si vurdering om at det urealistisk å nå alle miljømåla i planperioden sjølv med maksimal tiltaksgjennomføring, og at vassførekomstar som er i dårleg og svært dårleg tilstand grunna eutrofi får utsett frist for måloppnåing. Dette skyldast mellom anna høgt fosfornivå i jord som krevjar mange års innsats med redusert fosforgjødsling for å nå miljømåla, og dermed «slike naturforhold at en forbedring av vannforekomsten innen fristen ikke lar seg gjennomføre», jf. vassforskrifta § 9. Departementet vil samstundes understreke at den utsette fristen for desse vassførekomstane ikkje inneber at desse ikkje får iverksett tiltak. Det er tvert imot særleg viktig at det raskt setjast i verk kraftfulle tiltak her.
- Departementet har med dette gjort endringar i planen som inneber at vassførekomstar som er i dårleg og svært dårleg tilstand grunna eutrofi får utsett frist for måloppnåing til 2027-2033.

Avløp:

- Når det gjeld Miljødirektoratet si anbefaling om at vassførekomstar som er i dårleg og svært dårleg tilstand grunna eutrofi får utsett frist for måloppnåing, støtter departementet direktoratet si tilleggsvurdering 1. september 2022 om avløp, og viser elles til vurderingane om utsett frist grunna eutrofi i kap. 3.3 om landbruk over.
- Departementet har med dette gjort endringar i planen som inneber at vassførekomstar som er i dårleg og svært dårleg tilstand grunna eutrofi får utsett frist for måloppnåing til 2027-2033.

Ureining frå industri, nedlagte gruver, ureina grunn og ureina sjøbotn:

- Departementet støttar Miljødirektoratet si vurdering i tilrådinga om å nytta utsett frist etter vassforskrifta § 9 for vassførekomst påverka av nedlagde gruver, der tilstanden er dårlegare enn god.
- Det er behov for vurdering av viktigaste påverkingskjelder, ytterlegare kunnskap om ulike påverkarar der det er uklare ansvarsforhold, nytte-kostnadsanalysar av tiltak, vurdering av tiltaksbehov og eventuelt nye verkemiddel til neste rullering av planen.
- Det er etter departementet si vurdering usikkert om mål om god tilstand vil kunne nåast innan 2027 for vassførekomst påverka av forureina sjøbotn, der opprydding i den forureina botnen er avgjerande for å betre tilstanden, og der opprydding ikkje enno er sett i gang eller ventast sett i gang snart. Vassførekomstane påverka av forureina sediment får dermed utsett frist etter vassforskrifta § 9, då måloppnåing innan 2027 òg avheng av andre påverkarar.
- Når det gjeld ueinigheita knytt til dei 13 verfta i Møre og Romsdal, vurderer departementet i tråd med Miljødirektoratets tilråding, at forutsetninga om ekstern finansiering for tiltak må endrast, fordi dette strider mot forureinar betaler-prinsippet og tidlegare avgjorte klager. Departementet har med dette gjort endringar i den regionalte vedtekne planen.

Fiskeri og akvakultur:

- Når det gjelder rømd oppdrettsfisk, er departementet einig i Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet si vurdering av at fordi effekta av rømd oppdrettslaks på ville laksebestandar er kumulativ, kan ikkje måla om å bevare bestandanes genetiske integritet og variasjon nåast med dei nivåa av rømd oppdrettslaks som overvakinga tyder for mange vassdrag. Fordi det vil ta lang tid å gjenvinne den genetiske samansetninga i ville laksebestandar vil det heller ikkje vere mogleg å nå måla, uavhengig av tiltaksprogrammane. Departementet støttar difor direktorata si vurdering av at vilkåra i vassforskrifta § 9 c) er oppfylte, og at vassdrag med dårleg eller svært dårleg tilstand for genetisk integritet gis utsett frist til 2033 for å nå miljømåla. Nasjonalt gjeld dette til saman 57 vassdrag.
- Akvakultur er ein av dei største utfordringane i fleire vassregionar, og departementet meiner det er behov for nye tiltak knytt til lakselus og rømd oppdrettsfisk som kan bidra til å nå miljømåla. I Hurdalsplattformen er det slått fast at regjeringa ønsker å «videreutvikle trafikklssystemet». Hovudformålet med trafikklssystemet er forutsigbar vekst i oppdrettsnæringa. Det er imidlertid dette systemet som set grenser for kor mykje villaks vi tillater dør i snitt i eit produksjonsområde pga. lakselus. Vekst tillates i område lusepåverknaden på villaks er «akseptabel» iht. vedtekne grenseverdier. I område med «uakseptabel» påverknad kan produksjonen trekkjast ned. Vidare er miljøindikatoren i trafikklssystemet i dag kun lakseluspåverknad på villaks. Det pågår vidare eit arbeid med eit heilskapleg og meir effektivt system for overvaking og uttak av rømd oppdrettsfisk og framtidige krav til

felles løysning for å spore fisken. På denne bakgrunn vil regjeringa iversette følgjande tiltak:

- Utreie korleis trafikklyssystemet påverkar arbeidet med å oppnå måla satt i kvalitetsnorm for villaks.
- Leggje eit løp for å utarbeide kriterie for å inkludere sjøaure i trafikklyssystemet.
- Utreie korleis lokalitetsstrukturen kan endrast med sikte på å beskytte enkeltbestandar av Atlanterhavslaks som er særleg utsette som følgje av lakselus.
- Følgje opp det pågåande arbeidet om eit heilskapleg og meir effektivt system for overvaking og uttak av rømd oppdrettsfisk og framtidige krav til felles løysing for å spore fisken.

1.4 Konkret gjennomføring av planen

I tillegg til den regionale vassforvaltingsplanen er det to andre dokument som er viktige i arbeidet med å nå miljømåla: tiltaksprogrammet og handlingsprogrammet. I den førre planrunden var overvakingssystemet eit eige dokument; i denne planrunden er det teke inn i sjølve planen.

Regionalt tiltaksprogram

Den regionale vassforvaltingsplanen seier kva mål ein skal nå, og når dei skal vere innfridde. Tiltaksprogrammet er knytt til planen og inneheld forslag til tiltak som må gjennomførast for at ein skal nå miljømåla, jf. vassforskrifta § 25. Forvaltingsplanen inneheld eit samandrag av tiltaksprogrammet.

Tiltaksprogrammet er på høyring samtidig med planen. Det skal vedtakast av fylkestinga, men ikkje godkjennast sentralt.

Det regionale tiltaksprogrammet finn du [HER](#).

Handlingsprogram

Regionale planar etter plan- og bygningslova skal ha eit handlingsprogram, jf. plan- og bygningslova § 8-1. Handlingsprogrammet skal gi ei vurdering av kva slags oppfølging planen krev: Kven skal gjere kva, og når. Handlingsprogrammet er på høyring samtidig med forvaltingsplanen og tiltaksprogrammet og skal vedtakast av fylkestinga saman med planen. Behovet for rullering av handlingsprogrammet skal vurderast kvart år.

Handlingsprogrammet finn du [HER](#).

1.5 Usemje om planforslaget

Det er gitt pålegg frå Statsforvaltaren til 13 verft i Møre og Romsdal om å levere tiltaksplaner for å sanere sjøbotnen ved verfta. Fylkesutvalet uttalte seg om miljøpålegg ved verft i Møre og Romsdal 24.2.2020. Eit av vedtaks punkta var:

7. Møre og Romsdal fylkeskommune kan ikkje vedta ein regional vassforvaltningsplan med miljømål som føreset tiltak i desse vassførekomstane dersom statleg finansiering ikkje er tilstade.

Forureina sjøbotn er ei sentral utfordring i Møre og Romsdal vassregion og fylkeskommunen har eit klart ønske om å få rydda opp i slike område. Det er finansieringa av tiltak som er grunnlag for usemja.

I eksisterande vassforvaltningsplan har miljømål og tiltak knytt til forureina sjøbotn fått utsett frist, og er i planen omtala spesielt: «Skal ein oppnå miljøforbetring i desse vassførekomstane, må ein betydeleg innsats gjerast i form av utgreiingar, kartlegging og tiltak. Måloppnåinga her er avhengig av at nasjonale myndigheiter tek del i arbeidet og bidreg både med kapital og kunnskap.» Temaet er omtalt i planprogrammet kapittel 9.8 og hovudutfordringar kapittel 4.5. Dokumenta understrekar behovet for ei grundigare vurdering av miljømål, tiltak, andre påverknadar og finansiering av tiltak i desse vassførekomstane fram mot oppdatert vassforvaltningsplan. Ein føresetnad for å gjennomføre miljøforbetrande tiltak har heile tida vore at finansieringa frå staten må på plass. Fylkesutvalet er uroleg for kva tiltaka kan bety for den maritime industrien i Møre og Romsdal som har vore gjennom svært tunge løft økonomisk, og der fleire av verfta har lidd store tap og sit i ein krevjande finansiell situasjon. Fleire av verfta er i ferd med å bli nedlagde, og mange av dei attverande slit med økonomien. Om kostnads krevjande pålegg skulle føre til at fleire verft blir nedlagde eller går konkurs, så vil vurderer fylkeskommunen at vi uansett ikkje kome lenger med å løyse utfordringane knytt til foureina sjøbotn.

Fylkesutvalet kan ikkje bestemme kva tiltak som sektorane sjølv foreslår som relevante etter sitt eget sektorlovverk, for dei påverknadane dei er ansvarlege for. Vedtak om gjennomføring av enkelttiltak som inngår i tiltaksprogrammet treffast av ansvarleg myndigheit etter relevant lovgivning (jfr vannforskriftens § 25).

Tiltak og miljømål står som de er foreslått fra sektormyndighet i tiltaksprogram og utkast til vassforvaltningsplan. Fylkeskommunen er ueinig i dette så lenge tiltaka ikkje tydeleg føresett ei statleg finansiering av ei eventuell pålagd opprydding. Etter § 26 i vannforskriften, 4. ledd, blir ueinigheita gjengitt i plan og legges til avklaring sentralt gjennom departementets godkjenningssprosess.

Usemje om tiltak knytt til verft:

Vedtak i Fylkestinget - 07.12.2021:

Møre og Romsdal fylkeskommune er usamd i miljøtiltak knytt til 13 verft i Møre og Romsdal, fordi tiltaka ikkje er tydelege på at dei føreset ekstern finansiering, jf. vassforskrifta § 26

Klima- og miljødepartementet si godkjenning - 31.10.2022:

Når det gjeld ueinigheita knytt til dei 13 verfta i Møre og Romsdal, vurderer departementet i tråd med Miljødirektoratets tilråding, at forutsetninga om ekstern finansiering for tiltak må endrast, fordi dette strider mot forureinar betaler-prinsippet og tidlegare avgjorte klager. Departementet har med dette gjort endringar i den regionalt vedtekne planen.

Usemje om Aursjøreguleringa:

Vedtak i Fylkestinget - 07.12.2021:

Møre og Romsdal er svært usamd i nye konsesjonsvilkåra i Aursjøreguleringa fastsett i kongeleg resolusjon 23.6.2021. Utredningar viser tydeleg at innføring av minstevassføring i Aura/Eira gir positiv kost/nytte for miljøet.

Møre og Romsdal fylkeskommune opprettheld miljøambisjonane som blei satt for Aura og Eira i vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2016-2021, godkjent av Klimaog miljødepartementet 4.7.2016, med minstevassføring som tiltak. Aura og Eira prioriterast for minstevassføring i regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2022-2027.

Hurdalsplattformen slår fast at regjeringa skal «Styrke hensynet til natur og miljø i vassdragsrevisjonene, blant annet gjennom krav til minstevannføring og sørge for at restaurering av natur og artsmangfold langs vassdrag sikres.» Møre og Romsdal fylkeskommune ber departementa prioritere Aura og Eira for minstevassførings og oppretthalde miljøambisjonane i vassdraget i si godkjenning av planen.

Klima- og miljødepartementet si godkjenning - 31.10.2022:

Departementet har vedteke å godkjenne dei vassførekomstane som inngår i direktorata sitt middels-lågt alternativ (sjå omtale under e) over). Etter at direktorata oversendte si tilråding er nokre saker ferdigstilt. Antall vassførekomstar som er godkjent avviker difor noko frå direktorata si tilråding.


Departementet har i vedlegg 2 ført opp dei vassførekomstar som med dette er godkjende med høgare miljømål enn dagens tilstand og som treng nye tiltak som kan medføre krafttap for å oppfylle miljømålet. Vassførekomstar som ikkje har fått godkjent miljømålet, og dette berre er basert på tiltak som medfører krafttap, får miljømålet endra til dagens tilstand ved denne godkjenninga. Sett i høve med dei oppdaterte planane som er regionalt vedtekne reduserer godkjenninga talet på vassførekomstar med miljømål høgare enn dagens tilstand som medfører miljøforbetrande tiltak som kan påverke vasskraftproduksjonen. Departementet sine endringar er gjort på bakgrunn av dei nasjonale føringane og NVE og Miljødirektoratet si tilråding. Dei vassførekomstane som er godkjende sikrar etter departementet si vurdering ei riktig balanse mellom miljøforbetringar og omsynet til kraftproduksjon.

Når det gjeld vidareføringa av prioriteringane av miljømål som kan medføre krafttap i Aura vil departementet påpeike at vilkårsrevisjonen for Aura er avgjort ved kgl.res. 23.06.2021, og difor ikkje kan godkjennast med tiltak som føre til krafttap. Desse vassførekomstane ligg derfor ikkje inne i vedlegg 2.

1.6 Retningslinjer om arealplanlegging etter plan- og bygningsloven og vassforskrifta

Det er utarbeida generelle retningslinjer for arealplanlegging etter plan- og bygningslova og vassforskrifta. Det er forventa at retningslinjene blir i tatt i bruk av kommunar, og at dei blir innarbeidd i samfunns- og arealplanleggingsarbeidet.

Retningslinjene er førande for planarbeid etter plan- og bygningslova. Arbeidet med dei regionale vassforvaltningsplanane følgjer reglane i plan- og bygningslova og naturmangfaldslova. Konkrete skildringar av miljøtilstand, fastsette miljømål og planlagde tiltak for den enkelte vassførekomsten og aktuelle vassdrag er beskrivne i denne regionale vassforvaltningsplanen, med tilhøyrande regionalt tiltaksprogram og i vann-nett.



Figur 1 viser dei fem klassane for miljøtilstand som følgjer av vassforskrifta. For dei fleste vassførekomstane er miljømålet «God tilstand» og dette er miljømålet som skal nåast dersom ikkje anna kjem fram av den regionale vassforvaltningsplanen og i Vann-nett. Viss miljøtilstanden for den enkelte vassførekomsten er moderat eller lågare, er det behov for tiltak for å nå miljømålet om god tilstand. Samtidig er det viktig å unngå aktivitet som forverrer miljøtilstanden der miljømålet «God tilstand» alt er nådd

Hensikta med retningslinjene og gyldigheit

Hensikta med retningslinjene er å oppnå heilskapleg vassforvaltning etter vassforskrifta. Ved å vurdere vassmiljø og fastsette miljømål i ein tidleg fase av arealplanlegginga, legg ein til rette for ein samfunnsøkonomisk og berekraftig forvaltning av vassdragsmiljøet og omkringliggende areal. Godt vassmiljø er ein føresetnad for alt liv på jorda og er ein grunnleggande del av naturmiljøet, jf. FNs berekraftsmål nr. 6 (reint vatn og gode sanitærforhold), 14 (liv under vatn), 15 (liv på land) og 17 (samarbeid for å nå måla). Fokus på vassforskrifta gjennom arealplanlegging vil bidra til at berekraftsmåla blir integrerte og blir følgde opp på ein god måte.

Forholdet mellom vassforskrifta og kommunane

Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å følgja opp vassforskrifta, som sektormyndigheit og arealmyndigheit. Arealendringar og fysiske inngrep i og langs vassdrag og kystområde kan gi store negative påverknader og forverring av vassmiljøet. Livsmiljøa er ofte sårbare for endringar som følgje av utslepp eller inngrep. Miljøverknadene kan spreia seg raskt og kan vera vanskelege å føreseia. Kommunane må derfor leggja vekt på at endra arealbruk ikkje får negativ påverknad på vassmiljøet. Omsynet til vassmiljø bør vera tema på alle plannivå. Planprosessane bør synleggjera korleis nye tiltak og inngrep kan påverka miljøtilstanden, samt kva førebyggjande tiltak som kan gjennomførast.

Vassførekomstar der det kan vera særleg viktig med ei restriktiv arealforvaltning er vassdrag sårbare for inngrep eller forureining, varig verna vassdrag, beskytta område etter vassforskrifta, herunder drikkevatt, badevatt og nasjonale laksevassdrag og fjordar. Eksempla er ikkje uttømmjande.

Generelle retningslinjer for arealplanlegging som kan påverke vassmiljø:

Under blir det vist til retningslinjer som legg føringar for arealplanlegginga. Det blir også vist til bestemmingar og omsynssoner som kan nyttast for å sikra vassmiljø i arealplanar. Retningslinjene kan komme inn på tema som i nokre tilfelle også er regulert etter eigne sektorlover og som gjeld uavhengig av og krev eiga behandling etter sektorlovverket.

Det kjem fram av Plan- og bygningslovas § 1-8, første ledd; «I 100-meterbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.» Rettleier om vassmiljø i arealplanlegging kan lesast [her](#).

Retningslinjene til planen er ikkje juridisk bindande, men dersom det blir fremma planforslag som er i strid med planen kan det gi grunnlag formotsegn, jf. § 5-4 i plan- og bygningslova. Retningslinjene til planen går ikkje føre gjeldande regionale planar med strengare føringar/bestemmingar.

1. Vassmiljø.

1.1. Regional vassforvaltningsplan bør innarbeidast og detaljerast i kommuneplan og underliggende planar, basert på kunnskap om lokale forhold. Vassmiljø og vedtekne miljømål skal vurderast og takast omsyn til i planarbeid som kan påverka vatn.

Interkommunalt samarbeid bør vurderast ved påverknader på vassmiljø på tvers av kommunegrensene.

1.2. Elvar og bekker skal som hovudregel ikkje blir lukka og skal bevarast så nært opptil den naturlege forma si som muleg.

1.3. I planar som rører allereie lukka eller sterkt påverka vassdrag, skal det vurderast om vassdraget kan gjenopnast og restaurerast.

2. Naturfare og klimatilpassing.

2.1. Det bør ikkje leggst til rette for utbygging i område med risiko for naturfare som til dømes flaum og havnivåstigning.

2.2. Vurderingar av vassmiljø må sjåast i samanheng med føringar i Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

3. Overvasshandtering.

3.1. Planlegging skal identifisera og sikra areal for overvasshandtering. Bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar bør vurderast.

3.2. Overvassløysingar skal ta omsyn til og fortrinnsvis forbetra dei økologiske systema til staden og auka det biologiske mangfaldet.

3.3. Overvassløysingar og avløpssystem bør planleggast med tilstrekkeleg kapasitet til å ta unna forventa auka nedbørsintensitet og nedbørsmengde, gjerne med bruk av grønne infiltrasjonsområde og opna vassveggar.

-
- 3.4. Arealforvaltning og utbygging må planleggast med tanke på kapasiteten på eksisterande og eventuelle nye avløpsanlegg, slik at auka belastning ikkje påverkar måloppnåinga etter vassforskrifta.
4. Deponering av massar.
- 4.1. Deponering av massar bør unngåast nær sjø og vassdrag. Dersom det like vel blir opp for opna deponering av massar må krav om tiltak for å hindra avrenning av partiklar og anna forureining som kan påverka vassmiljøet blir vurdert etter vassforskrifta og anna sektorlovverk.
5. Grøntdrag og kantsoner.
- 5.1. Grøntdrag og restareal langs vassdrag skal som hovudregel blir bevart for å ta vare på verdifulle kvalitetar knytt til vasskvalitet, biologisk mangfald, og landskapsøkologiske korridorar og landskapselement.
- 5.2. Større landskapsøkologiske korridorar som tar vare på grøntstrukturar og blågrøne verdier i urbane område bør tilleggas særskild verdi.
- 5.3. Kommunene bør fastsette bredden på vegetasjonsbeltet langs vassdrag i rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven.
- 5.4. Andre område av tyding for vassmiljø, som myr, våtmark, skog og ugjødsle mark bør takast omsyn til i planlegginga.
6. Planføresegn og omsynssoner.
- 6.1. I kommuneplanens arealdel og i underliggende planar bør det leggst inn bestemningar og omsynssoner for å ta vare på vassmiljøet i tråd med regional vassforvaltningsplan. Dette gjeld særleg i arealplanar som omfattar sårbare vassdrag og beskytta område etter vassforskrifta.
- 6.2. Kommunane skal i si plan- og enkeltsaksbehandling sikra drikkevasskjeldene for dagens og framtidens behov.
- 6.3. I retningslinjer til kommuneplanens arealdel og underliggende arealplanar kan det ved behov stillast rekkefølgekrav for å sikra at fastsette mål for vassmiljø blir nådd og at vassførekomsten ikkje settast i fare for å forringe miljøtilstanden.


1.7 Planområde – Møre og Romsdal vassregion

Møre og Romsdal vassregion følg i stor grad fylkesgrensa, men omfattar større areal frå Trøndelag og Oppland (Lesja, Oppdal og delar av Hemne kommune). Vassregion er prega av fjordlandskap der mange djupe fjordar skjer langt inn i landet. Karakteristiske er dei mange mellomstore og små vassdraga med utløp anten i fjordbotnane, langs fjordane eller heilt ute ved kysten. Nokre få av desse er reine låglandsvassdrag, men dei fleste har nedslagsfelt som

strekker seg fleire hundre meter til fjells, og har tilsvarende bratt løp. Dei største vassdraga er Driva, Rauma, Surna og Eira/Aura. Det er berre tre innlandskommunar i regionen, Rindal, Oppdal og Lesja og busetnad er i stor grad knytt til fjordane og kysten.

Tabell 1 Vassførekomst i Møre og Romsdal vassregion

Type vannførekomst	Tal vassførekomst	Av disse; Antall SMVF*	Areal/lengde
Kystvann	232	0	7057,010 km ²
Grunnvann	118	0	299,530 km ²
Innsjøer	409	70	399,472 km ²
Elver og bekkefelt	1691	176	58105,045 km ²
Antall totalt	2450	246	



Figur 2. Møre og Romsdal vassregion med vassområder.

Møre og Romsdal vassregion er delt inn i fem vassområder. Inndelinga er gjort med utgangspunkt i nedbørsfelt og ikkje administrative grenser. Formålet med vassområda er å etablere hensiktsmessige einingar som jobbar for gjennomføre sine oppgåver etter vassforskrifta.

Tabell 2 Oversikt over vassområda og kva fylker og kommunar som inngår i dei

Vassområde	Fylke	Kommune	Mindre areal av kommunar
Nordre Nordmøre	Møre og Romsdal Trøndelag	Smøla, Aure, Halså, Surnadal, Sunndal, Rindal, Tingvoll og Hemne	Orkdal, Meldal, Rennebu og Oppdal

Søre Nordmøre	Møre og Romsdal Trøndelag Innlandet	Kristiansund, Gjemnes, Tingvoll, Oppdal, Sunndal, Eide og Averøy	Dovre og Nesset
Romsdal	Møre og Romsdal Innlandet	Aukra, Fræna, Sandøy, Midsund, Molde, Vestnes, Rauma, Nesset og Lesja	Skjåk, Gjemnes, Eide og Haram
Nordre Sunnmøre	Møre og Romsdal Innlandet Vestland	Giske, Ålesund, Sula, Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal, Sykkylven og Stranda, Haram	Stryn, Skjåk, Rauma og Vestnes
Søre Sunnmøre	Møre og Romsdal Innlandet	Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Vanylven	Sykkylven, Stranda, Eid og Selje

1.8 Vann-Nett

Vann-Nett er inngangsportalen til informasjon om vatn i Noreg. Målet er å gi rask og enkel tilgang til data i forskjellige format. Her kan du finne ut korleis det står til i vatnet (miljøtilstand, miljømål, tiltak, påverknader o.a.), og få ut data i forskjellige format (faktaark og kart).

Vassforskrifta stiller krav til medverknad med omsyn til faglege vurderingar, avgjerder og gjennomføring av tiltak for å oppnå god miljøtilstand i vatnet. Vann-Nett sikrar at faglege institusjonar, interessegrupper, myndigheiter og allmenta får tilgang til miljøinformasjon, og gjer det samtidig mogleg å komme med innspel til vassforvaltinga om arbeidet deira.

Forholdet mellom Vann-Nett og den regionale vassforvaltingsplanen

Kunnskapsgrunnlaget som planen byggjer på, finst i Vann-Nett. Samtidig er det slik at mens planen er statisk (han blir justert og oppdatert kvart sjette år), er Vann-Nett dynamisk og blir oppdatert kontinuerleg fordi ny kunnskap blir lagd inn, tiltak blir gjennomførte, osv. Derfor kan det i enkelte tilfelle vere slik at det ikkje er samsvar mellom planen og Vann-Nett når vi kjem lenger ut i planperioden, men så blir det igjen samsvar når neste plan skal justerast og oppdaterast.

Vann-Nett finn du [her](#).

2 Miljømål, prioriteringar og tiltak

2.1 Miljømål

Miljømåla i denne planen er det essensielle i planen og er det som gir grunnlag for tiltak og oppfølging av vassførekomstane av aktuelle myndigheiter.

2.1.1 Betre vassmiljø: verne, forbetre og gjenopprette

Denne planen fastsett miljømål for elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn i vassregionen og kva tiltak aktuelle sektormyndigheiter skal gjennomføre for å nå miljømåla. Miljømåla er fastsett gjennom eit samarbeid mellom aktuelle myndigheiter i vassregionen og er mål som myndighetene skal jobbe saman om å nå i vassregionen. Måla er baserte på miljøforbetringa som sektormyndighetene er einige om at det er mogleg å oppnå gjennom denne planen. Miljømåla er beskrivne som miljøtilstanden ein skal oppnå i planperioden som dekkjer åra 2022–2027.

Miljømåla er sette med utgangspunkt i vassforskrifta, som slår fast at tilstanden i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn skal vernast mot svekking og forbetrast og gjenopprettast. Det er eit overordna mål at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand for overflatevatn og minst god kvantitativ og kjemisk tilstand for grunnvatn. Vassførekomstane som har svært god tilstand, skal vernast mot svekking. Les meir om miljømål [her](#). Du kan lese meir om miljøtilstand og forringing [her](#).

Hovudregelen i vassforskrifta er at ein skal nå miljømåla innan utgangen av 2027 (§ 8). Dersom vesentlege kostnader eller andre tungtvegande omsyn tilseier det, kan måloppnåinga utsetjast til utgangen av 2033 (§ 9). I særlege tilfelle der det er umogleg eller altfor kostnadskreivjande å nå miljømåla, gjeld mindre strenge miljømål (§ 10).

Når samfunnsnyttig aktivitet har endra vassføringa eller dei fysiske forholda slik at ein ikkje kan oppnå god økologisk tilstand blir vassførekomstane definerte som sterkt modifiserte (§ 5). For desse vassførekomstane set ein eigne miljømål basert på kor bra vassmiljøet kan bli utan at det går vesentleg ut over samfunnsnyttan av inngrepa.

Sjølv ved unntak frå kravet om god tilstand i planperioden, skal alle praktisk gjennomførbare tiltak setjast i verk for å hindre ytterlegare svekking av tilstanden i dei aktuelle vassførekomstane.

Enkelte område er særleg verna i form av anna regelverk eller andre verkemiddel. I desse kan det vere eigne miljømål i tillegg til kravet om å unngå svekking eller minst god økologisk tilstand (§ 7). Det gjeld til dømes vatn som blir brukt til uttak av drikkevatt (§ 17). Les meir om drikkevatt og badeplassar [her](#).

Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til ny aktivitet eller nye inngrep som kan medføre at miljømåla ikkje blir nådde, eller at tilstanden blir svekt (§ 12). Les rettleiinga om dette [her](#).


Arbeidet med vassforskrifta vil kunne bidra til å oppfylle andre miljømål og må sjåast i samanheng med miljøkrav både nasjonalt og internasjonalt. Du kan lese meir om nasjonale og internasjonale miljømål [her](#).

2.1.2 Miljømål i Møre og Romsdal vassregion

Miljømåla for den enkelte vassførekomsten i vassregionen er tilgjengelege på [vann-nett](#)

2.1.2.1 Miljøsmål i elvar, innsjøar og kystvatn

95,1% av vassførekomstane som ikkje er kategorisert som SMVF i Møre og Romsdal vassregion har mål om å oppnå god eller svært god miljøtilstand i løpet av 2027. 96 naturlege vassførekomstar (4,6 %) har fått utsatt frist til neste planperiode. Vassførekomstane som har fått utsatt frist er påverka av miljøgifter, akvakultur og *gyrodactylus salaris* og har tiltak som krev tid for å planlegge, gjennomføre og få effekt av.



Figur 3 viser miljømåla for den økologiske tilstanden for naturlege vassførekomstar i vassregionen for denne og kommande planperiode.

2.1.2.2 Miljøsmål for grunnvassførekomstar

Av de 118 grunnvassførekomstane i Møre og Romsdal vassregion, har alle mål om å oppnå god kvantitativ tilstand og god kjemisk tilstand i planperioden

2.1.2.3 Miljøsmål i verna område

Enkelte område har eige vern fordi samfunnet bruker vatnet til dømes som drikkevatt eller badevatn, fordi dei er særlege følsame for forureining av næringsstoff, eller fordi dei er viktige leveområde for dyr og plantar. For drikkevatt og badevatn er det egne krav til vasskvalitet, mens det kan vere restriksjonar for inngrep og bruk i viktige leveområde i vatn for plantar og dyr. Desse områda har som regel strengare krav som følgjer av anna regelverk. [Her](#) kan du lese meir om drikkevatt og badeplassar.

Slike område har gjerne egne miljøsmål knytte til vern av området. Måla gjeld til dømes bakteriar i drikke- og badevatn eller svært god økologisk tilstand i enkelte verneområde.



Figur 4 Andel beskytta område fordelt på Type i Møre og Romsdal

De kan lese meir om beskytta område i Vedlegg 1.

Vassførekomstar med unntak

Hovudregelen i vassforskrifta er at ein skal nå miljømåla innan utgangen av 2027 (§ 8). Dersom vesentlege kostnader eller andre tungtvegande omsyn tilseier det, som tekniske årsaker eller naturgitte forhold, kan måloppnåinga utsettast til utgangen av 2033 (§ 9). I særlege tilfelle der samfunnsnyttig aktivitet gjer at det er umogleg eller altfor kostnadskrevjande å nå miljømåla, gjeld mindre strenge miljømål (§ 10).

Sjølv ved unntak frå kravet om god tilstand i planperioden i form av tidsutsettjing eller mindre strenge mål skal alle praktisk gjennomførbare tiltak settast i verk for å hindre ytterlegare svekking av tilstanden i dei aktuelle vassførekomstane. Miljømåla skal revurderast ved kvar oppdatering av vassforvaltingsplanane.

Vassførekomstar med utsatt frist etter etter § 9:

36 kystvassførekomstar har fått utsatt frist for å nå god miljøtilstand i denne planperioden grunna at dei er påverka av miljøgifter. Dette er kostnadskrevjande og kompliserte tiltak som tar lang tid å planlegge og få effekt av. Derfor er desse fått utsatt frist.

26 vassførekomstar fordelt på 7 vassdrag påverka av rømt oppdrettsfisk har utsett frist grunna at villaksbestandane her har dårleg eller svært dårleg tilstand for genetisk integritet. Dette er Ørstavassdraget, Bondalselva, Velledalelva, Eira, Toåa, Bævra og Surna. Det vil ta lang tid å gjenvinne den genetiske samansetninga i dei ville bestandane i desse vassdraga. Derfor har dei fått utsett frist for å nå miljømåla til 2033.

11 vassførekomstar fordelt på 4 vassdrag i Drivaregionen (Driva, Litledalselva, Usma og Batnfjordselva) får utsatt frist på grunn av *Gyrodactylus salaris*. I 2017 blei det etablert ei fiskesperre som reduserte strekninga som må behandlast for å få til ein betydelig enklare og sikrere bekjemping av gyro. Sperra må vere i funksjon i seks år før bekjemping nedstrøms sperra kan settast i verk. Dei infiserte vassdraga i Driva-regionen er ferdig behandla og ventar på friskmelding i 2028. Endeleg måloppnåing vil derfor kome først i neste planperiode.

Oversikt over miljømål og unntak er å finne i [denne rapporten i Vann-Nett](#).

For å få fram rapporten, skal du velge aktuell vassregion. Rapporten kan importerast direkte til Excel.

Vassførekomstar med mindre strenge miljømål etter § 10:

43 vassførekomstar har fått mindre strenge miljømål fordi det er umogleg eller altfor kostnadskrevjande å oppnå godt potensial i desse vassdraga. Alle vassdraga er påverka av vasskraft. Dette er typisk bekkeinntak.

2.1.2.4 Miljøsmål i sterkt modifiserte vassførekomstar

Når samfunnsnyttig aktivitet har endra vassføringa eller dei fysiske forholda slik at ein ikkje kan oppnå god økologisk tilstand utan at det går vesentleg ut over formålet med aktiviteten, blir vassførekomstane definerte som sterkt modifiserte (§ 5). For desse vassførekomstane set ein eigne miljøsmål basert på kor bra vassmiljøet kan bli utan at det går vesentleg ut over samfunnsnyttan av inngrepa. Sterkt modifiserte vassførekomstar har sterke samfunnsinteresser knytte til seg. Dei forsyner regionen med straum, noko som er viktig i ein region som til tider har hatt ein pressa energisituasjon. Vassdraga bidreg i seg sjølve til ei betrakteleg verdiskaping. Vassførekomstane er òg ein viktig del av klimaløysinga, der dei bidreg med miljøvennleg fornybar energi. Gitt dei sterke samfunnsinteressene som knyter seg til slike vassdrag, er det ikkje ønskeleg å ha god økologisk tilstand som miljøsmål, då dette ville gå vesentleg ut over viktige samfunnsinteresser.

246 vassførekomstar har fått unntak frå å oppnå god økologisk tilstand og er satt i kategorien «sterkt modifisert vassførekomst». Av desse vassdraga, har 196 sterkt modifiserte vassførekomstar mål om å oppnå godt potensial i planperioden. 19 har fått utsatt rfrist til neste planperiode.


Det blei gjort ei grundig gjennomgang og prioritering av regulerte vassdrag i førre plan. Mykje tiltak er eller vil bli gjennomført i denne planperioda. Det er 31 smvf med mindre strenge miljøsmål (§10).

Du kan lese meir om sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) i Vedlegg 1.



Figur 5 viser miljømåla for økologisk potensial for SMVF i vassregionen for denne og kommande planperiode.

2.1.3 Forventa miljøforbetring i denne planperioden



Figur 6 viser den planlagde miljøforbedringa for vassområda i vassregionane og vassregionen samla som følgje av denne vassforvaltingsplanen.

2.1.4 Bidrag til å oppfylle nasjonale og internasjonale miljømål

Arbeidet med vassforskrifta vil kunne bidra til å oppfylle andre miljømål og må sjåast i samanheng med miljøkrav både nasjonalt og internasjonalt.

Restaurering:

Restaurering av vassdrag har komme høgt på agendaen internasjonalt (FNs berekraftsmål og FN's tiår for restaurering av økosystem), i Europa (EUs strategi for biologisk mangfald og plan for restaurering av natur), og i Noreg: [Økt oppmerksomhet om restaurering av vassdrag - Vannportalen](#). FN har mellom anna utpeika 2021-2030 til verdens tiår for restaurering av økosystema. FN ønsker med dette å ha fokus på å restaurere sterk påverka og øydelagte økosystemer. Restaurering er og eit av tiltaka for å oppfylle Norges miljømål nr.1 om at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenestar. Dette legg føringar for vassforvaltningsplan og planen vil kunne bidra til gjennomføring av desse ambisjonane- Les meir om restaurering [HER](#).

På oppdrag frå departementet arbeider det tverrsektorielle restaureringsprosjektet under direktoratsgruppen med eit forslag til nasjonal strategi for restaurering av fysiske inngrep vassdrag: [Strategisk plan for restaurering av vassdrag 2021-2030 skal utarbeides - Vannportalen](#).

FNs berekraftsmål:

Arbeidet med vassforvaltninga som denne planen beskriv vil vera eit vesentleg bidrag til å oppfylle FN's berekraftsmål, og då særleg mål nummer 6 som handlar om å sikra berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle. Berekraftsmål 6 har delmål som handlar om akkurat det vi prøver å få til i vassforvaltninga. Her vil vi særleg trekka fram:

- **6.1 Sørge for tilgang til trygt drikkevatt.** Eit viktig bidrag her er tiltaket til kommunane for å verna drikkevasskjelder gjennom omsynssoner med tilhøyrande planbestemmingar i kommunal planlegging, slik at behovet for reinsing ved produksjon av drikkevatt blir redusert.

-
- **6.3 Sørge for betre vasskvalitet ved å redusere forureining.** Avgjerande her er alle tiltak for å stoppa eller redusere forureining av vatn, eller rydde opp i gammal forureining, av miljøgifter og næringsstoff, slik at god tilstand i vassmiljøet blir nådd.
 - **6.5 Innføra ei samordna vassforvaltning på alle nivå.** Avgjerande her er å få dei nye samordningsareaene til å fungera, både lokalt (vassområdeutval), regionalt (vannreigonutvalg) og nasjonalt (direktorats- og departementsgrupper), og få til eit godt samspel mellom desse tre nivåa.
 - **6.6 Verna og restaurera økosystema til vatnet.** Avgjerande her er tiltaka for å verna, forbetra og restaurera vassmiljøet slik at målet om god økologisk tilstand blir nådd.
 - **6.b Stryke den lokale medverknaden i vassforvaltninga.** Avgjerande her er å få til opne prosessar i vassområda, med god informasjon og moglegheit for medverknad for alle interessentar og innbyggjarar. Vassområde-koordinatorar er ofte ein viktig ressurs for å få dette til.

Arbeidet med vassforvaltning vil òg bidra til å oppfylle fleire andre berekraftsmål. Her vil vi særleg trekka fram:

- Oppnåelse av målet til vassforvaltninga og god miljøtilstand vil bidra til å oppfylle **berekraftsmål 14** som handlar om å vareta livet i havet, og **berekraftsmål 15** som handlar om å vareta økosystem og naturmangfald.
- Restaurering av vassdrag med flaummark og våtmark, eller gjenåpning av byvassdrag, er tiltak som kan sikra oppfyllelse av målet til vassforvaltninga, samtidig som det er naturbaserte løysingar på handtering av flaum og overvatn. Dette er relevant under **berekraftsmål 13** om tilpasning til klimaendring.

I stortingsmeldinga til regjeringa "Mål med mening — Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmåla innen 2030" (juni 2021) er det på fleire punkt beskrive korleis vassforvaltninga og vassforvaltningsplanane skal bidra til å oppfylle bærekraftsmåla. Fleire av målepunktene for Noregs prestasjon på bærekraftsmåla er direkte knytt til oppfylling av målet til vassforskrifta. Les meir:

- [Vannforvaltning og FNs bærekraftsmål - Vannportalen](#) (2019)
- [Vannforvaltning i Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene \(vannportalen.no\)](#) (2021)

I Møre og Romsdal fylke har fylkeskommunen og kommunane forplikta seg spesielt til å følge FNs bærekraftsmål.

Du kan lese meir om nasjonale og internasjonale miljømål [her](#).

2.2 Prioriteringar og utfordringar

2.2.1 Overordna prioriteringar

Arbeidet med å beskytte og forbetre vassmiljøet etter formålet i vassforskrifta vil kreve større administrative og økonomiske ressursar. Vassforskrifta legg ambisiøse føringar for vassforvaltninga som vil kreve at alle med ansvar for vatn må bidra gjennom tiltaksgjennomføring innanfor sitt ansvarsområde. Arbeidet er avhengig av samarbeid og dialog mellom statlege, regionale og lokale myndigheiter, næringsliv og brukarinteresser for å

oppnå miljømåla. Omfanget er likevel stort, og det er viktig å prioritere både tematisk og geografisk. Møre og Romsdal vassregion har i si prioritering lagt til grunn innspel frå vassområde(kommunane - politisk og administrativt), næringsliv, interesseorganisasjonar og sektormyndigheier i arbeidet med planprogram, hovudutfordringar og oppdatert vassforvaltningsplan. Det leggst vekt på tema som må ha fokus skal miljømål oppfyllest, viktige miljøverdiar, samfunnsøkonomiske interesser, politiske prioriteringar og viktige brukarinteresser.

I Møre og Romsdal vassregion har følgande overordna prioriteringar som skal tilleggas vekt:

Vassdrag med laks og sjøaure

Skal miljømåla i vassforskrifta oppfyllest må i det i arealplanlegging og tiltaksgjennomføring leggst større vekt på slike vassdrag. Spesielt mindre vassdrag og bekkar som er lett å oversjå må beskyttast mot inngrep og negativ påverknad i langt større grad enn i dag. Miljødirektoratet ba også i brev av 23.9.2019 om ei auka fokus på sjøaurevassdrag i vassforvaltningsplanane. Å beskytte og restaurere slike vassdrag vil i tillegg føre til miljøforbetringar for andre kvalitetselement og naturverdiar. Tiltaka vil og være fordelt på mange sektorar i vassregionen og vil derfor også bidra til større oppslutting og ei betre gjennomføring av arbeidet. Gjennomføring av sjøaureprosjektet «Mange bekkar små» i vassregionen vil følge opp sjøaurevassdraga.

Miljøgift og forureina sjøbotn

Eit fylke prega av industri- og verftverksemd har medført at større kystvassførekomstar ikkje oppnår god miljøtilstand. Tiltak her er komplekse, tunge og kostnadskevjannde og ansvarstilhøva kan være uklare. Det er tilfelle der forureininga kjem frå gamal eller nedlagt industri og verksemd. Kostnadene ved ei opprydding kan i tillegg bli vanskeleg å bære for næringa, som allereie er i ein krevjande situasjon. Skal ein klare å gjennomføre opprydding i alle områder med sterkt forureina sjøbotn i vassregionen må ein ha ein anna finansieringsmodell en dagens.

Ved oppfølging av prioriterte verft i Møre og Romsdal er det no 13 klager på vedtak som gjelder verft i regionen. Møre og Romsdal støttar verfta i klaga, og har uttalt at *Møre og Romsdal fylkeskommune kan ikkje vedta ein regional vassforvaltningsplan med miljømål som føreset tiltak i desse vassførekomstane dersom statleg finansiering ikkje er tilstade*. Ei viktig oppfølging vil for fylkeskommunen vil være å sikre ekstern finansiering av tiltak før gjennomføring av tiltaka. Miljødirektoratet meiner i si tilråding til godkjenning av plan at det ikkje er grunn til å fråvike prinsippet om at forureinar betaler i arbeidet med oppfølging av ureina grunn og sjøbotn ved dei prioriterte skipsverfta. Departementet støtter Miljødirektoratets si vurdering i godkjenninga da det strider mot forureinar betaler-prinsippet og tidlegare avgjorte klager og det ligg derfor ikkje ein føresetnad om ekstern finansiering av tiltaka i planen.

I Møre og Romsdal vassregion er Aspevågen ved Ålesund og Sunndalsfjorden prioriterte tiltaksområde i den nasjonale handlingsplanen for forureina sjøbotn. Det er planar om å gjennomføre tiltak for å betre tilstanden i Aspevågen i planperioden. Det er ikkje planlagt tiltak i Sunndalsfjorden no på grunn av pågåande utslepp frå industri.

Tilstanden i Sunndals- og Tingvollfjorden er har også vært eit prioritert onmråde for Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane i Søre Nordmøre vassområde. Fylkestinget vedtok i si behandling av Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020 – 2024 den 15.6.2020 i at

«Møre og Romsdal fylkeskommune seier nei til etablering av et nasjonalt deponi for uorganisk farleg avfall på Rausand i Molde Kommune.

Møre og Romsdal fylke må arbeide inn i sin fylkesplan, eit forsterka grunnlag for å hindre at eit nasjonalt deponi for uorganisk farleg avfall blir etablert på Rausand, samt grundige og nødvendige miljøundersøkelser av fjorden.»

At miljøforbetringar i Sunndalsfjorden ikkje blir forsinka og i alle fall ikkje forverre av aktivitet er viktig for kommunane i Søre Nordmøre vassområde og fylkeskommunen.

Landbruk og avløp

Landbruk og avløp er ei av dei største påverknadane i regionen. Overvaking og innhenting av kunnskap om påverknadane er ikkje tilstrekkeleg i vassregionen. Kommunane har lagt inn tiltak som dekkar fleire vassførekomstar i tiltaksprogrammet. Det betyr at skal vi sikre med tiltaksgjennomføring og oppfyljing av miljømåla må kommunane saman med statleg sektormyndigheiter på landbruk og avløp prioritere vassforvaltningsarbeidet i denne sektoren i planperioden og sette av nok av ressursar til dette.

Plastforsøpling i kyst og vassdrag

Plastforsøpling blir sett på som ei stor utfordring og det er stor interesse for å gjennomføre tiltak mot det. . Kommunar og sektormyndigheitene må prioritere handtering plastforsøpling av kyst og vassdrag i planperioden.

2.2.2 Prioritering av regulerte vassdrag

Prioritering av regulerte vassdrag er presentert i vedlegg

2.2.3 Prioritering av tiltak

Prioritering av tiltak i denne planperioden handlar primært om å fordele tiltaka geografisk (kvar begynner vi?) og over tid (kva gjer vi i denne planperioden, og kva må vi utsetje til neste?), og når oppfyller vi miljømåla eller har sørgd for vern. Sektorane er derfor viktige når det gjeld å prioritere rekkjefølgja av eigne tiltak og ta stilling til måloppnåinga og eventuell tidsutsetjing. Kvar sektor må ta sin del av ansvaret, og prioritering handlar derfor som hovudregel ikkje om å setje tiltak i ulike sektorar opp mot kvarandre. Dialogen i planarbeidet bidreg til samordning der fleire sektorar påverkar.

2.2.4 Hovudutfordringar i vassregionen

Over 80 prosent av dei naturlege vassforekomstane i vassregionen har god eller svært god økologisk tilstand. Om lag elleve prosent av vassforekomstane har moderat tilstand, og berre litt over fire prosent har dårleg eller svært dårleg økologisk tilstand.

246 av våre vassforekomstar er skilt ut som sterkt modifiserte vassforekomstar, fordi dei er påverka av for eksempel vasskraftreguleringar, elveutrettingar, forbyggingar eller flaumvern.

Påvirkninger med stor/middels grad per sektor i vannområdene i Møre og Romsdal

Navn	1	2	3	4	5
Møre og Romsdal	Vannkraft	Fiskeri og akvakultur	Jordbruk	Avløpsvann	Urban utvikling
Romsdal	Vannkraft	Jordbruk	Fiskeri og akvakultur	Avløpsvann	Introduserte arter og sykdommer
Søre Nordmøre	Vannkraft	Avløpsvann	Jordbruk	Industri	Introduserte arter og sykdommer
Søre Sunnmøre	Vannkraft	Fiskeri og akvakultur	Flomvern	Jordbruk	Avløpsvann
Nordre Sunnmøre	Vannkraft	Jordbruk	Fiskeri og akvakultur	Urban utvikling	Flomvern
Nordre Nordmøre	Vannkraft	Jordbruk	Fiskeri og akvakultur	Introduserte arter og sykdommer	Annen eller ukjent

I Møre og Romsdal vassregion er det påverknadane frå vasskraft, jordbruk, avløpsvatn, akvakultur og urban utvikling som er av dei største påverknadene i regionen. Sjølv om industri påverkar relativt få vassførekomstar, er dette store kystvassførekomstar og utgjer ei stor u. I tillegg vil eit endra klima påverke vatnet på fleire måtar.

I tillegg er det også overordna utfordringar knytt til forvaltninga av vatnet vårt. Administrative og økonomiske ressursar til å arbeide med vassforvaltning har vore ei utfordring i mange kommunar og sektorar. Dette gjer det vanskelegare å gjennomføre vassforvaltninga med god samordning mellom kommunar, koordinering mellom myndigheiter og god medverknad for interessentar.

Det er fortsatt behov for betre kunnskaps- og datagrunnlag frå overvaking og prøvetaking. Det er også naudsynt å betre ivareta vassmiljøet i arealbruken og ved arealendringar, t.d. i kommunale areal- og reguleringsplanar.

I vedlegg 1 er det utfyllande informasjon om tilstand og påverknadar.

2.2.5 Endringar sidan sist plan

Ny kunnskap og resultat frå overvakinga blir lagt til grunn for kontinuerleg vurdering av korleis forholda er i vassforekomstane. Tilstandsklassifiseringa er til ein kvar tid avhengig av det kunnskapsgrunnlaget som er tilgjengeleg. Endring i økologisk tilstand skjer dersom det har kome inn ny overvaking og kunnskap, dersom nye påverknadar eller utbyggingar er gjennomført eller dersom tiltak allereie har gitt resultat. Sjølv om kunnskapsgrunnlaget er styrka dei siste åra, er det fortsett eit stort behov for å innhente kunnskap regionen. I 2018 har det vært en prioritert oppgåve å oppdatere Vann-Nett. Dette har medført endringar i miljøtilstand. Vi ser at fleire vassforekomstar er satt i svært dårleg tilstand samanlikna med 2015. Samtidig er talet vassførekomstar auka sidan 2015 som følge av ny inndeling av vassførekomstar, som gjer det vanskeleg å samanlikne grunnlaget.

Vi kan ikkje forvente at oppdatert kunnskap, og effekt av tiltak eller endringar i samfunnet har kome så langt at påverknadsbildet blir vesentleg endra. I oppdatert vassforvaltningsplan er påverknaden frå lakselus og rømt oppdrettslaks på villaks tatt med og har redusert økologisk tilstand i fleire vassdrag. Det er gitt fleire konsesjonar til småkraft i fylket. Sjølv om dei isolert sett ikkje er ei stor påverknad, vil summen kunne medføre ei større endring i påverknadsbildet. Ferdigstilling av revisjon i større vassdrag vil kunne medføre miljøforbetring i dei aktuelle vassdraga. Ferdigstilling av gyrobekjempinga i Raumaregionen har gjort at fleire vassdrag her vil kunne nå miljømål i kommande planperiode. Fleire andre tiltak i regionen er også gjennomført, og vi kan forvente ei forbetring i vassmiljø i fleire

vassførekomstar framover. Det er likevel behov for ei auka fokus på tiltaksgjennomføring i Møre og Romsdal. Fleire konkrete tiltak må på plass skal miljømåla oppfyllast. Sjølv om vi kan sjå positiv utvikling av miljøtilstand, som resultat av gjennomførte tiltak, går endringar i miljøtilstand ofte sakte og effekten av tiltak visast først etter lang tid. Økosystem bruker lang tid på å endra seg sjølv om belastningane går ned. I forureina sjøbotn, vil til dømes tiltak ta lang tid å planlegge, få på plass finansiering og det tar langt tid før effekten visast. Dette vil gjelde andre vassførekomstar også.

I førre planperiode var utfordringane at kunnskapsgrunnlaget var mangelfullt, det var lite ressursar tilgjengelege i arbeidet og mange tiltak fokuserte på kunnskapsinnhenting. Sjølv om mykje har blitt betre, er kunnskapsgrunnlaget fortsett ikkje godt nok fleire stader, og det er behov for meir overvaking. Dette vil kunne føre til at fleire vassførekomstar kjem i mindre enn god tilstand. I tillegg vil det og medføre at fokuset i enkelte områder i større grad er retta mot kunnskapsinnhenting, enn tiltak.

Lenkje til Vann-Nett frå 2016 finn du her: <https://vann-nett.no/portal-2016/>

2.2.6 Ny aktivitet og nye inngrep i vassregionen (§ 12) i den førre planperioden

På vilkår kan ein gi løyve til ny samfunnsnyttig aktivitet eller inngrep sjølv om det vil føre til at miljøtilstanden blir dårlegare. Vilkåra for slike løyve er at det blir sett i verk moglege miljøforbetrande tiltak for å avgrense den negative effekten, at samfunnsnyttan av aktiviteten blir vurdert som større enn tapet av natur, og at ein ikkje kan oppnå formålet med aktiviteten på ein miljømessig betre måte.

Gjennomførte inngrep:

I planperioden 2016-2021 er det hittil etablert 14 nye småkraftverk i vassregionen. I alle sakene har vNVE vurdert at miljømålet GØT truleg kan haldast oppe/blir nådd ved å gjennomføra dei avbøtande tiltak som er pålagt i konsesjonen, ev. med ytterlegare tiltak heimla i vilkåra på eit seinare tidspunkt dersom det skulle vera behov for dette. I tillegg er det etablert 1 større kraftverk til erstatning for tidlegare kraftverk.

Nye løyve:

NVE har gitt 13 nye løyve til inngrep etter vassdragslovgivinga i planperioden. Alle gjeld småkraftverk, vassuttak og mindre opprustnings- og utvidingsprosjekt, der det blir forventa ein liten til middels påverknad. I dei fleste av desse vassførekomstane vil GØT med rimelegheit kunna haldast oppe/blir nådde ved å gjennomføra dei avbøtande tiltak som er pålagt i konsesjonen eller heimla i vilkåra.

NVE vurderer vassforskriftas § 12 ved alle nye løyve til inngrep. Der dei forventar at tilstanden blir verre eller at miljømålet ikkje blir nådd, kjem § 12 til bruk. Derfor er § 12 registrerte på vassførekomstar som blir forventa å ikkje nå miljømålet GØT som følgje av inngrepet, og dermed blir kandidatar sterkt modifiserte vassførekomstar (kSMVF). Dette gjeld hovudsakleg ved større kraftverk, reguleringar, og utbyggingar utan heilårig minstevannføring.

I vassregionen er det ingen sektromyndigheiter som har gitt løyve etter § 12 der miljøtilstand blir verre. At det er ingen tiltak der § 12 er vurdert som naudsynt er eit godt teikn. Men det viser nok

også at det er uklart korleis § 12 skal nyttast og av kven blant en del sektormyndigheiter og kommunar. Det er derfor eit klart behov for meir rettleiing i bruk av § 12

3.1 Tiltaksprogrammet

Tiltaksprogrammet beskriv korleis miljømåla for vassførekomstane kan oppnåast innan utgangen av 2027, eller ved eit seinare tidspunkt dersom det er sett utsett frist .

Tiltaksprogrammet omfattar både miljøforbedrende og førebyggjande tiltak.

Tiltaka beskrive i tiltaksprogrammet skal vera operative seinast tre år etter at tiltaksprogrammet er vedtatt. Miljømålet for vassførekomstane skal vera oppnådd innan seks år etter at forvaltningsplanen trer i kraft, viss det ikkje er sett utsett frist for å oppnå miljømål

I Møre og Romsdal vassregion er omlag 350 vassførekomstar i risiko for ikkje å ha god miljøtilstand i 2027. Dei påverknadene som er registrerte på flest vassførekomstar er vasskraft, fiskeri og havbruk, jordbruk, avløpsvatn og urban utvikling.

Statlege sektormyndigheiter, fylkeskommunar og kommunar har greidd ut forslag til tiltak innanfor ansvarsområda sine. Alle dei statlege sektorstyresmaktene med påverknad i vassregionen har deltatt i planarbeidet og foreslått og registrert tiltak i databasen Vann-nett. Kommunane har deltatt i planarbeidet gjennom samarbeidet i vassområda.

Vassområdekoordinator har registrert dei foreslåtte tiltaka frå kommunane i Vann-nett.

Dei foreslåtte tiltaka skal følgjast opp av den enkelte sektormyndigheiten.

Tiltaksprogrammet dannar grunnlag for meir detaljert planlegging frå dei enkelte tiltaksansvarlege. Detaljnivået i tiltaksprogrammet føregrip ikkje den vidare saksbehandlinga av tiltaka. Saksbehandlinga skal gjera avklaringar og konkrete vurderingar av fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg avgjerd om tiltaksgjennomføring blir tatte. Det er eit kontinuerleg, pågåande arbeid i fleire sektorar for å redusera eigen påverknad og/eller gjennomføra tiltak som rettar opp igjen eller held oppe god miljøtilstand i vassførekomstane.

For dei tiltaka som er foreslått og registrert i Vann-nett er det òg lagt inn investerings- og driftskostnader knytt til nokre tiltak. For mange tiltak er det berekna sjablongverdiar som er registrerte, men der tiltak allereie er planlagt og saksbehandlet er det registrert reelle kostnader. Sektorstyresmaktene har ikkje lagt inn kostnader for alle tiltaka dei har foreslått. Dette kan m.a. komma av at tiltaket ikkje er komme langt nok i planlegginga og at det er fleire ukjente kostnader knytte til tiltaket, dette gjeld spesielt kommunale tiltak.

3.1.1 Oppsummering

Til saman er det foreslått om lag 730 tiltak i tiltaksprogrammet. Eit samandrag av foreslåtte tiltak i vassregionen er vist i tabellen nedanfor. Førebelse investeringskostnader er anslått til over 1100 millionar kroner. Det er likevel fleire pågåande tiltak og kostnader som sektorstyresmaktene ikkje har registrert i Vann-nett. Dei reelle investeringskostnadene overstig derfor det som kjem fram av planen.

Sammendrag av tiltaksprogrammet i Møre og Romsdal

Tiltak	Antall tiltak	Investeringskostnad	Driftskostnad
Vannkraft			
Forbedre vannføring	10	14 000 000	1 800 000
Vandrings- og spredningsveier	12	3 220 000	0
Forbedre fysiske forhold	12	3 800 000	0
Restaurering av andre vassdragsinngrep			
Vandrings- og spredningsveier supplere	20	3 965 000	0
Forbedre fysiske forhold - supplere	9	5 700 000	0
Forbedre vannføring - supplere	1	200 000	0
Samferdsel			
Fysiske restaureringstiltak - supplere	0	0	0
Forurensning – veg og urbane områder	5	73 900 000	2 100 000
Forurensning – havner og marint	0	0	0
Forurensning – havner og marint supplere	0	0	0
Sur nedbør			
Tiltak mot sur nedbør	0	0	0
Tiltak mot sur nedbør - supplere	0	0	0
Avløp			
Byer og tettsteder	94	131 350 000	54 000 000
Byer og tettsteder – supplere	5	0	0
Spredt bebyggelse inkl. hytter	53	6 600 000	9 000 000
Landbruk			
Næringsalter/jorderosjon	31	1 550 000	0
Næringsalter/jorderosjon – supplere	189	14 833 216	1 687 682
Plantevernmidler – supplere	0	0	0
Restaurering – supplere	3	0	0
Rådgivning – supplere	0	0	0
Skogbruk	0	0	0
Skogbruk – supplere	0	0	0
Miljøgifter			
Forurenset grunn	8	100 080 000	0
Forurenset sjøbunn	34	602 640 000	1 200 000
Utfasing/reduksjon	1	0	0
Industri og gruver	4	11 000 000	0
Akvakultur			
Tiltak innen akvakultur	8	0	200 000
Tiltak innen akvakultur - supplere	7	0	280 000
Forbedre vandrings- og spredningsveier i vassdrag	1	0	365 000
Fremmede arter			
Fremmede arter	0	0	0
Fremmede arter - supplere	11	53 200 000	2 000 000
Fritidsfiske			
Fritidsfiske	0	0	0
Beskyttelse av drikkevann			
Beskyttelse av drikkevann	2	0	0
Overvann			
Overvann	0	0	0
Overvann - supplere	0	0	0
Forskning og kunnskap			
Grunnleggende tiltak	86	14 302 642	2 200
Supplere tiltak	66	1 150 000	0
Andre tiltak			
Grunnleggende tiltak	4	0	0
Supplere tiltak	2	0	0

Figur 7 Oppsummering av tiltaksprogrammet i Møre og Romsdal vassregion

Innan vasskraft har sektormyndigheitene foreslått 10 tiltak innan betring av vassføring med ein total driftskostnad på 1,8 millionar kroner og investeringskostnad på 14 millionar, 12 tiltak innan betring av vandrings- og spreingsvegar i vassdraget med totale investeringskostnader på om lag 3,2 millionar kroner. For å forbetra fysiske forhold i vassførekomstar/vassdrag er det foreslått 12 tiltak med

investeringskostnader for nesten 4 millionar kroner. Det er foreslått totalt 31 restaureringstiltak kostnadsberekna til ca. 10 millionar kroner.

Dei største investeringskostnadane finn vi innanfor miljøgifter. Totalt 6 tiltak i forureina grunn er foreslått med anslått kostnad til 100 000 000 kroner. 34 tiltak i forureina sjøbotn er foreslått, med anslått investeringskostnader på omlag 600 000 000 kroner. Dette er sjablongmessige kostnadsanslag som er svært usikre, det viser likevel at det er store investeringar som må på plass for å gjennomføre tiltak.

Det er 11 tiltak mot framande artar i planperioden. Dette er mot *Gyrodactylus salaris* i Drivaregionen. Tiltaka er kostnadsberekna til 50 000 000 kroner.


Flest tiltak er foreslått av kommunane innan avløp og landbruk. Dette på tross av at tiltaka gjeld mange vassførekomstar i kommunen. For få tiltak frå kommunen er kostnadsberekna, og dei reelle kostnadane vil være langt høgare enn skissert. Innan avløp er det registrert investeringskostnader for over 135 millionar kroner fordelt på om lag 150 tiltak. Innan landbruk er det registrert 220 tiltak med investeringskostnader for over 16 millionar kroner og driftskostnadar på 1,6 millioner kroner.

Positive verknader for miljø og samfunn

Tiltaksprogrammet gir òg ei oversikt over forventede positive verknader for miljø og samfunn og ei vurdering av måloppnåelse. Nytteskildringane viser positive effektar dei ulike tiltaka har på vassmiljøet, som reinare vatn, mindre rensing av drikkevatt, bedre høve for fiske, fiske og reiseliv og betre høve for bading.


Tiltak fordelt på virkemiddeleigar og utførande

Det er kommunane som har foreslått flest tiltak og Statsforvalteren med nest flest, Dette speglar at kommunane har ansvar for avløp og landbruk som er blant dei største påverknadane i regionen.




Figur 8 Tiltak fordelt på virkemiddeleigar i Møre og Romsdal vassregion

Figur 9 Tiltak fordelt på utførende i Møre og Romsdal vassregion




Figur 10 Tiltak utført av kommune/privatperson i Møre og Romsdal vassregion



Fordeling mellom grunnleggende og supplerende tiltak

Tiltak som følger av lovverket vårt kaller vi grunnleggende tiltak. Grunnleggende tiltak er for eksempel rensekrav til avløpsanlegg. Grunnleggende tiltak skal gjennomførast sjølv om tilstand er god eller svært god. Viss gjennomføring av de grunnleggende tiltaka ikkje er nok til å oppnå miljømåla, må supplerande tiltak vurderast. Dette er tiltak som går lenger enn krava i lovverket. Figur 11 viser fordeling av supplerande og grunnleggende tiltak i Møre og Romsdal. Som det går fram av figur er det flest grunnleggende tiltak i regionen. Med spreidd busetnad, og gode kystresipientar, vil det spesielt i landbruk og avløpssektoren langt på veg være nok oå gjennomføre grunnleggende tiltak for å nå miljømåla.

Figur 11 Tiltak fordelt på grunnleggende og supplerande tiltak i Møre og Romsdal vassregion



Måloppnåing

I utgangspunktet skal alle tiltak som er nødvendige for å nå miljømåla inn i tiltaksprogrammet, der tiltak etterpå blir vurdert for når dei er realistisk å få gjennomført. Innkommande forslag til tiltak i tiltaksprogrammet er i stor grad berre tiltak som skal blir gjennomført denne planperiode. Det er fleire kommunar som heller ikkje har foreslått tilstrekkeleg med tiltak i alle vassførekomstar. Tiltaksprogrammet inneheld derfor ikkje tilstrekkeleg med tiltak for å nå miljømåla.

I mange vassførekomstar vil miljømåla nåast innan 2027 med dei tiltaka som er foreslått. Det er òg fleire vassførekomstar som har utsett frist for å nå miljømåla, eller som har tilpassa miljømål. Årsakene til dette kan mellom anna vera at tiltaksgjennomføring er kostnadskrevende og må fordelast over tid, eller at det tar lang tid å sjå effekten av tiltak. Det er likevel òg vassførekomstar som ikkje vil no miljømåla innan 2027 fordi det ikkje er foreslått tilstrekkeleg med tiltak av sektormyndigheiten. Dette må følgast opp i planperioden.

Behov for verkemiddel

Dei fleste av tiltaka som blir foreslåtte i tiltaksprogrammet kan gjennomførast med eksisterande verkemiddel. Mange av tiltaka er tiltak som uansett skal gjennomførast etter ulike regelverk, uavhengig av vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen. Sektormyndigheiter har likevel meldt inn behov for nye eller betre verkemiddel på fleire område dersom vi skal no miljømåla. Vassregionen har fått tilbakemelding om behov for nye verkemiddel og/eller betring av eksisterande verkemiddel innan følgjande område:

Avløp

Dei nasjonale føringane for oppdateringa av vassforvaltningsplanene er ambisiøse når det kjem til måloppnåinga for avløp. Sjølv om avløpstiltak skal vere sjølvkost for kommunane er det ei utfordring at mange kommunar manglar økonomiske og administrative ressursar til å prioritere større prosjekt. Fylkeskommunen og Statsforvaltaren ser behovet for å vurdere økonomiske verkemidlar for å auke gjennomføringa av avløpstiltak i kommunane.

Landbruk

Det vil vere behov for ein auka tilskotsramme til regionale miljøtiltak, regionalt miljøprogram, SMIL-ordninga med meir.

Framande artar

Det er eit behov for betre kartlegging og tiltak mot spreiding av framande organismar. Her trengs det i første rekke økonomiske verkemiddel og vidare utvikling av regelverket.

Forureina sjøbotn

I hovudsak ligg prinsippet om at forureinar betalar til grunn for arbeidet med forureina sjøbotn. Så langt det er rimeleg, brukar ein pålegg etter forureiningslova for å sikre tilstrekkeleg kunnskap og opprydding i forureina sjøbotn. Likevel finns det tilfelle der den ansvarlege aktøren ikkje kan identifiserast, ikkje lenger eksisterar eller ikkje er betalingsdyktig. I slike e aktuelt at staten dekker delar av utgiftane.

Fleire kystvassforekomstar i Møre og Romsdal vassregion oppnår ikkje miljømålet på grunn av dårleg kjemisk tilstand. Tilskotsordningar og handlingsplaner for kartlegging og opprydding vil vere viktige verkemidlar for den kjemiske måloppnåinga i desse vassførekomstane. Verkemidlane er ikkje innanfor dagens budsjettammer eller prioriteringane i handlingsplanen.

Forsking og kunnskap

Statsforvaltaren ser eit stort behov for auka statlege tilskotsmidlar for å gjennomføre overvaking og problemkartlegging, samt betre metodar for vurdering av kost-nytte.

3.1.2 Klimatilpassing av tiltaksprogrammet

Sektormyndigheitene har foreslått tiltak for å nå miljømåla innan ansvarsområda sine. Når tiltaka skal planleggast og gjennomførast skal det takast høgde for klimaendringar. Tiltaka for å verna, forbetra og restaurera vassmiljøet skal gjennomførast slik at dei er så robuste som mogleg for å tilpassast eit endra klima. Følgjande vurderingar må gjerast:

- Ta høgde for sannsynlege eller moglege klimaendringar. Dette er særleg viktig for tiltak som har lang levetid og/eller høg kostnad
- Tiltak som er robuste overfor ulike/usikre klimaforhold blir først valt
- Tiltak som gir lågast utslepp av klimagassar
- Det må vurderast om tiltaket vil fungera under framtidig klima
- Det må vurderast om tiltaket har negative klimaverknader

4.1 Overvaking i vassregionen

I den førre planen var det regionale overvakingsprogrammet skilt ut i eit eige dokument, med eit kort samandrag i sjølve planen. Overvakingsprogrammet bestod av både igangsett og planlagd overvaking. I den reviderte vassforvaltingsplanen er overvakinga ein del av plandokumentet og tek utgangspunkt i den igangsette overvakinga.

Overvakingsprogrammet skal gi ei samla oversikt over behovet for kunnskapsinnhenting i vassregionen. Det er Statsforvaltaren som har leidd arbeidet med å utarbeide overvakingsprogrammet, i samarbeid med andre sektormyndigheiter og vassregionmyndigheita.

4.1.1 Kven gjennomfører og finansierer overvakinga?

Basisovervaking

Nasjonale myndigheiter (Miljødirektoratet) har ansvar for å utarbeide og gjennomføre program for basisovervaking i samarbeid med andre relevante nasjonale myndigheiter. Basisovervakinga er finansiert av nasjonale myndigheiter.

Tiltaksretta overvaking

Vassregionmyndigheita har som prosessleiar i vassregionen ansvar for at overvakingsprogramma blir utarbeidde innan fristane. Statsforvaltaren har som miljøfagleg ansvarleg og rådgivar i vassregionen hovudansvaret for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget og koordinere tiltaksretta overvaking og registrering av overvakingsdata i Vann-Nett i samråd med aktuelle myndigheiter.

Tiltaksretta overvaking skal, i den grad det er mogleg, betalast av påverkaren, det vil seie den som forureinar. Ein del av den tiltaksorienterte overvakinga er heimla i konsesjonsvilkår eller vilkår i utsleppsløyve. Det er viktig at planlegginga av denne typen overvaking skjer i samarbeid med aktuelle sektormyndigheiter. Når finansieringa ikkje kan heimlast i konsesjonsvilkår eller anna lovverk, skal ein søkje om å finne fram til frivillige ordningar, til dømes gjennom spleiselag. Spleiselag mellom fleire aktørar i same område, offentlege og private, kan vere ei fornuftig ordning for ei rasjonell gjennomføring av vassovervaking i ein vassregion eller eit vassområde.


Problemkartlegging

Vassregionmyndigheita har ansvar for at overvakingsprogramma blir utarbeidde innan fristane. Statsforvaltaren i kvar vassregion har ansvar for å utarbeide program for problemkartlegging i samsvar med krava i forskrifta. Vi må sjå problemkartlegging i samanheng med den tiltaksorienterte overvakinga, og det vil vere til dels glidande overgangar mellom dei to typene overvaking, avhengig av kor klare problemstillingane er. Problemkartlegging vil som regel vere av kortvarig karakter, og opplegg og metodikk må i større grad tilpassast den enkelte problemstillinga enn tiltaksretta overvaking. Formålet er å avklare årsaka til og omfanget av eit miljøproblem. For problemkartlegging er det vanskelegare å handheve prinsippet om at forureinar betaler, og det er i større grad eit behov for finansiering gjennom offentlege myndigheiter.

Uavklarte ansvarsforhold

For ein del vassførekomstar kan ansvaret for overvaking bli oppfatta som uavklart. Det er gjerne registrert fleire påverknader som årsak til redusert miljøtilstand, men ein manglar god nok kunnskap om miljøtilstand og årsaksforhold. Den venta miljøpåverknaden kan då oftast ikkje knytast direkte til eit bestemt utsleppsløyve eller ein bestemt påverkar. Det kan bli vanskeleg å handheve prinsippet om at forureinaren skal betale. Ansvaret kan hamne hos kommunane, som er forureiningsmyndigheit. Statsforvaltaren vil, i samarbeid med vassregionmyndigheita, jobbe med å avklare kven som er ansvarleg for oppfølginga, i form av overvaking, for alle vassførekomstane.

4.1.2 Overvåkingsnettverk



Overvåkingsstasjoner i Møre og Romsdal vassregion. Teiknforklaring: gule stasjoner er tiltaksorientert overvåking, medan dei andre stasjonane er basisovervåking, grønne stasjonar – økosystem i kystvann, lyseblå stasjonar – økosystem i ferskvatn, mørkeblå stasjonar – økosystem i store innsjøar, raude stasjonar – miljøgifter, brune stasjonar – referanseelver, lysebrune stasjonar – elveovervåking, lilla stasjonar – forsuring.

Kjelde: Vannmiljø

4.1.3 Overvaking i overflatevatn

Basisovervaking

I vår vassregion er det til saman 27 vassførekomstar som inngår i pågåande basisovervaking av elver, innsjøar og kystvatn. Nærare oversikt over basisovervaking fordelt på vassområde er vist i vedlegg 4, punkt 4.1. Basisovervaking av grunnvatn blir gjort av NVE og er tilgjengeleg på deira nettsider. Per dags dato er data om overvakingstasjonane ikkje lagt inn i databasen *Vannmiljø* og derfor heller ikkje vist på figurar og tabellar i denne plana. Meir informasjon om dette er gitt i vedlegg 4, punkt 4.1.

Tiltaksretta overvaking og problemkartlegging

Det som er oppretta av tiltaksretta overvaking i dag, er stort sett myndigheitspålagt overvaking i ulike bransjar som akvakultur, avfallsdeponi, kraftproduksjon og større avløpsanlegg. Det er ikkje alle vassførekomstane med tiltaksretta overvaking som ligg i risiko for å ikkje nå miljømålet i dag. Aktivitetane i denne type bransjar er likevel av ein slik art at det er nødvendig å følgje tett med på utviklinga i vassførekomsten. Oversikt over all oppretta tiltaksretta overvaking fordelt på vassområde er vist i **vedlegg 4, punkt 4.2.**

Det er foreløpig ikkje oppretta overvakingstasjonar i samband med problemkartlegging i Møre og Romsdal vassregion. Det er et behov for problemkartlegging i vassførekomstar som er påverka av landbruk og mindre avløpsanlegg. Se avsnitt 4.1.6 «Framtidige overvakingstasjonar».

4.1.4 Overvaking i grunnvassførekomstar

Det er to landsomfattande overvakingssystem for grunnvatn. Landsomfattande grunnvassnettverk (LGN) har sidan 1977 overvaka kvaliteten (kjemisk tilstand) på og kvantiteten i grunnvassførekomstar. Desse grunnvassførekomstane er i hovudsak i mindre påverka område. I 2015 tok ei representativ overvaking av 14 truleg belasta grunnvassførekomstar til. I vassregionen inngår 1 stasjon i overvaking av kjemisk tilstand. Denne stasjonen ligg ved Kårvatn i Surnadal kommune og består av ein kjelde i lausmasse. Grunnvatn i og nedstraums for avfallsdeponi overvakast med fleire stasjonar kor det målast grunnvass-stand og kjemisk tilstand. Meir informasjon om overvaking i grunnvassførekomstar er vist i vedlegg 4, punkt 4.1.

4.1.5 Overvaking i verna område

Verna område er beskrivne i vedlegg 1, kap. 10. Der er det gitt ei oversikt over dei verna områda i vassregionen som har status som verna etter sektorlovverk, inkludert område som er peikte ut som drikkevatt eller til rekreasjon. Ei oversikt over igangsett og planlagd overvaking i verna område er vist i vedlegg 4, punkt 4.3. I tillegg er stasjonar for tiltaksretta overvaking og basisovervaking som ligg innanfor eit verneområde markert med fotnote i tabellane i vedlegg 4, punkt 4.1 og 4.2. Områder for dyrelivsfreding er ikkje tatt med.

4.1.6 Framtidige overvakingsbehov

Det er behov for meir overvaking av vassførekomstar som er påverka av landbruk og avlaup. Fleire vassførekomstar med slik påverknad har nedsett miljøtilstand og står i fare for å ikkje nå miljømåla, men kunnskapsgrunnlaget er for tynt til å vite kvar ein skal sette inn tiltak. Det er kommunane som er myndigheit for det meste innan avlaup og landbruk. I fyrste omgang vil overvakinga bli eit nyttig hjelpemiddel for å gjere riktige prioriteringar i kommunanes arbeid med avlaup og landbruk. Seinare vil slik overvaking bli nyttig for å få kunnskap av effekten tiltaka.

Statsforvaltaren har i samarbeid med vassområdekoordinatorane laga eit forslag til overvakingsprogram med tanke på avlaup og landbruk. Denne vil bli nytta som eit grunnlag i vidare arbeid saman med kommunane. Statsforvaltaren vil delfinansiere overvakinga i samarbeid med kommunane, og vil også kunne bidra med miljøfagleg rådgjeving.

VEDLEGG

1 Vedlegg: Korleis står det til med vatnet?

1.1 Beskriving av natur og miljøtilstand

Informasjonen i dette vedlegget saman med informasjon om vassførekomstane i Vann-Nett utgjer kunnskapsgrunnlaget for den regionale vassforvaltingsplanen.

Dette kapitlet gir ei oversikt over inndelinga i vassførekomstar, vassstypar, økologisk og kjemisk miljøtilstand og effekten av menneskeskapt påverknad på miljøtilstanden i overflatevatn og grunnvatn i vassregionen.

I kunnskapsgrunnlaget til denne planen inngår informasjon om naturlege eigenskapar ved vassførekomstane i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn og miljøeffekten av menneskeskapt påverknad på den økologiske og kjemiske tilstanden i vassførekomstane. (I vassregionane slik det er beskrive i vassforskrifta § 15 a og b.)

Eigenskapar ved vassførekomstane er beskrivne ved

- den geografiske plasseringa og avgrensing av elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn i vassregionen
- vassstypane og den økologiske og kjemiske tilstanden i vassførekomstane
- miljøeffekten av den menneskeskapte påverknaden på vassførekomstane
- den klima- og samfunnsmessige utviklinga framover og kva denne har å seie for miljømåla som følgjer av denne planen

Detaljar om inndelinga av vassførekomstar, vassstypar, miljøtilstand og påverknad i vassregionen finn de på kart i www.vann-nett.no.

1.2 Vassførekomstar i vassregionen

Statsforvaltarens miljøvernaving har hatt ansvaret for å identifisere karakteristikum ved vassførekomstane og klassifisere den økologiske og kjemiske miljøtilstanden basert på tilgjengelege data frå overvaking, undersøkingar, modellar, informasjon om påverknad og anna. Kriteria for å vurdere karakteristikuma og miljøtilstanden går fram av rettleiing 1:2018 Karakterisering og rettleiing 2:2018 Miljøtilstand i vann.


Vurderingane som er gjorde for den enkelte vassførekomst, går fram av eit interaktivt kart som er tilgjengeleg i Vann-Nett. I dette kartet kan ein zoome inn på den enkelte vassførekomst eller sjå vassdrag, vassområde eller vassregionen som utvalt område.

Kartfesta informasjon om plasseringa av dei enkelte vassførekomstane er tilgjengeleg i kartverktøyet Vann-Nett (www.vann-nett.no). Kartet viser informasjon om vassstypar, økologisk og kjemisk tilstand for vassførekomstane og for dei enkelte artsgruppene, og fysiske, kjemiske og hydrologiske forhold. For grunnvatn er den kjemiske og kvantitative tilstanden vist.


1.3 Vasstypar

Naturlege eigenskapar ved vassførekomstane er beskrivne som ulike vasstypar som oppgir fysiske og kjemiske karakteristikum ved desse. Vassførekomstar med same vasstype har like geografiske, fysiske og kjemiske forhold som representerer liknande leveområde, og som gjerne har liknande biologi. Ved å identifisere vasstypen til ein vassførekomst kan ein derfor tenkje seg kva slags biologiske referanseforhold vassførekomsten har. Biologiske forhold i éin vasstype er forventa å skilje seg vesentleg frå ein annan, og sårbarheita for ulike påverknader vil òg variere mellom ulike vasstypar. Til dømes vil kalkfattige elvar og innsjøar vere meir sårbare for effekten av sur nedbør enn meir kalkrike vasstypar.


Figurane nedanfor viser fordelinga av vassførekomstar i dei ulike vasstypetekategoriene.



Figur 12 viser talet på innsjøvassførekomstar fordelt på dei ulike typologifaktorane i vassregionen. Kjelde: www.vann-nett.no



Figur 13 viser talet på elvevassførekomstar fordelt på dei ulike typologifaktorane i vassregionen. Kjelde: www.vannnett.no



Figur 14 viser talet på kystvassførekomstar fordelt på dei ulike typologifaktorane i vassregionen. Kjelde: www.vannnett.no

1.4 Referanseforhold i elvar, innsjøar og kystvatn

Miljøtilstanden i vatnet er vurdert etter kva for naturlege forhold (referanseforhold) ein kan forvente i dei ulike typane av vatn. I kalkfattig og klart vatn er det forventa ein annan samansetnad og ei anna mengd av dyr og plantar enn i kalkrike eller meir humøse vatn. Du finn ei oversikt over kva slags vassstypar det er etablert referanseforhold for, i rettleiing 2:2018.

I vassførekomstar som det ikkje er etablert referanseforhold for, vil nærliggjande vassstypar bli nytta som referanse for å vurdere miljøtilstanden, og vurderinga av den økologiske tilstanden vil vere meir usikker.

I Møre og Romsdal vassregion er det etablert referanseforhold for vassstypane som representerer 96 prosent av vassførekomstane.

Tabell 3 Prosentdel vassførekomstar som det er etablert referanseforhold for i vassregionen

Vasskategori	Etablert referanseforhold	Ikkje etablert referanseforhold
Elv	1488	27
Innsjø	324	16
Kystvatn	200	32

1.5 Økologisk tilstand

God økologisk og kjemisk tilstand er kjenneteikna ved at strukturen, funksjonane og produktiviteten i økosystema ikkje avvik vesentleg frå intakte økosystem. Naturfagleg kunnskap og naturfaglege kriterium er lagde til grunn for å definere både intakte økosystem (referanseforhold) og god økologisk tilstand.

Økologisk tilstand er dermed eit mål på i kor stor grad tilstanden for vasslevande dyr og plantar og leveområda deira (vasskvalitet og fysiske og hydrologiske forhold som strøymingsforhold, tilgjengelege vandringsvegar og botnforhold) er endra som følgje av menneskeleg aktivitet. Økologisk tilstand er delt inn i fem tilstandsklassar. Gruppene av dyr eller plantar som er eit mål på økologisk tilstand, blir omtalte som kvalitetselement, til dømes botnfauna, vassplantar og fisk.




Figur 15 viser tilstandsklassane for den økologiske tilstanden.

Undersøkingar og overvaking av vasslevande dyr og plantar gir grunnlag for å vurdere tilstanden for biologiske kvalitetselement som planteplankton, vassplantar, botnlevande dyr og fisk.

Målingar av fysisk-kjemiske og hydromorfologiske forhold inngår som støtteelement i vurderinga av den økologiske tilstanden.

Økologisk tilstand i elvar, innsjøar og kystvatn


Økologisk tilstand, naturlige vannforekomster i Møre og Romsdal



	Antall	Prosent
Svært god	127	6.1%
God	1573	75.5%
Moderat	270	13%
Dårlig	68	3.3%
Svært dårlig	39	1.9%
Udefinert	6	0.3%

Figur 17 Viser økologisk tilstand i naturlige vassforekomstar Møre og Romsdal vassregion


Tilstand fordelt på vannkategori (antall : prosent) i Møre og Romsdal



	Elv	Innsjø	Kyst	Samlet	Samlet
Svært god	80 : 5.3%	21 : 6.2%	26 : 11.2%	127 : 6.1%	
God	1199 : 79.2%	253 : 75.1%	121 : 52.2%	1573 : 75.5%	
Moderat	143 : 9.4%	50 : 14.8%	77 : 33.2%	270 : 13%	
Dårlig	59 : 3.9%	6 : 1.8%	3 : 1.3%	68 : 3.3%	
Svært dårlig	33 : 2.2%	2 : 0.6%	4 : 1.7%	39 : 1.9%	
Udefinert	0 : 0%	5 : 1.5%	1 : 0.4%	6 : 0.3%	

Figur 18 Viser økologisk tilstand i naturlige vassforekomstar Møre og Romsdal vassregion fordelt på kategori og prosent

Tilstand fordelt på vannkategori (areal og lengde) i Møre og Romsdal



	Elv km	Innsjø km2	Kyst km2
Svært god	2821 : 12.2%	17 : 7.9%	1785 : 25.3%
God	18428 : 79.8%	136 : 63.4%	4500 : 63.8%
Moderat	1232 : 5.3%	46 : 21.7%	720 : 10.2%
Dårlig	347 : 1.5%	7 : 3.5%	34 : 0.5%
Svært dårlig	272 : 1.2%	3 : 1.8%	8 : 0.1%
Udefinert	0 : 0%	3 : 1.7%	8 : 0.1%

Figur 19 Viser økologisk tilstand i naturlige vassforekomstar Møre og Romsdal vassregion fordelt på lengde og areal

Tabell 4 Viser økologisk tilstand i naturlege elvevassførekomstar Møre og Romsdal vassregion

Økologisk tilstand i vannområdene – elv i Møre og Romsdal						
	Svært god	God	Moderat	Dårlig	Svært dårlig	Udefinert
	Antall : Lengde	Antall : Lengde	Antall : Lengde	Antall : Lengde	Antall : Lengde	Antall : Lengde
Romsdal	18 : 573,787 km	353 : 4770,390 km	44 : 306,661 km	22 : 148,327 km	5 : 38,970 km	7 : 27,327 km
Søre Nordmøre	26 : 920,529 km	195 : 3726,079 km	27 : 221,800 km	10 : 84,736 km	5 : 88,967 km	9 : 28,564 km
Søre Sunnmøre	4 : 119,285 km	262 : 2591,244 km	27 : 228,583 km	14 : 28,213 km	16 : 59,829 km	29 : 58,075 km
Nordre Sunnmøre	13 : 373,831 km	195 : 2991,588 km	17 : 80,770 km	4 : 10,482 km	8 : 22,772 km	24 : 66,119 km
Nordre Nordmøre	19 : 834,324 km	268 : 4536,222 km	33 : 417,990 km	20 : 112,908 km	16 : 183,754 km	0 : 0 km

Tabell 5 Viser økologisk tilstand i naturlege innsjøvassførekomstar Møre og Romsdal vassregion

Økologisk tilstand i vannområdene – innsjø i Møre og Romsdal						
	Svært god	God	Moderat	Dårlig	Svært dårlig	Udefinert
	Antall : Areal	Antall : Areal	Antall : Areal	Antall : Areal	Antall : Areal	Antall : Areal
Romsdal	7 : 6,306 km ²	79 : 49,688 km ²	12 : 74,224 km ²	2 : 3,561 km ²	0 : 0 km ²	0 : 0 km ²
Søre Sunnmøre	2 : 1,644 km ²	42 : 17,734 km ²	12 : 7,367 km ²	5 : 6,583 km ²	0 : 0 km ²	18 : 14,694 km ²
Nordre Sunnmøre	2 : 1,972 km ²	43 : 26,261 km ²	14 : 15,728 km ²	2 : 2,932 km ²	0 : 0 km ²	12 : 18,454 km ²
Søre Nordmøre	7 : 5,141 km ²	48 : 60,056 km ²	6 : 5,325 km ²	0 : 0 km ²	2 : 3,878 km ²	4 : 1,346 km ²
Nordre Nordmøre	3 : 1,992 km ²	70 : 63,879 km ²	12 : 7,542 km ²	0 : 0 km ²	0 : 0 km ²	3 : 3,191 km ²

Tabell 6 Viser økologisk tilstand i naturlege kystvassførekomstar Møre og Romsdal vassregion

Økologisk tilstand i vannområdene – kyst i Møre og Romsdal						
	Svært god	God	Moderat	Dårlig	Svært dårlig	Udefinert
	Antall : Areal	Antall : Areal	Antall : Areal	Antall : Areal	Antall : Areal	Antall : Areal
Søre Nordmøre	2 : 67,396 km ²	17 : 1102,357 km ²	18 : 127,329 km ²	1 : 28,673 km ²	1 : 2,491 km ²	0 : 0 km ²
Søre Sunnmøre	1 : 14,288 km ²	28 : 761,730 km ²	20 : 331,559 km ²	1 : 5,608 km ²	2 : 5,290 km ²	0 : 0 km ²
Nordre Sunnmøre	6 : 707,353 km ²	17 : 348,248 km ²	19 : 117,734 km ²	1 : 0,624 km ²	0 : 0 km ²	0 : 0 km ²
Romsdal	9 : 601,101 km ²	26 : 1229,253 km ²	8 : 39,147 km ²	0 : 0 km ²	1 : 0,428 km ²	1 : 8,375 km ²
Nordre Nordmøre	8 : 395,246 km ²	33 : 1058,491 km ²	12 : 104,639 km ²	0 : 0 km ²	0 : 0 km ²	0 : 0 km ²

Meir detaljert informasjon om miljøtilstand

Informasjon om den økologiske tilstanden for den enkelte vassførekomsten og for dei ulike artsgruppene som vassplantar, botnfauna eller fisk i vassregionen eller vassområda er tilgjengeleg her

1.6 Kjemisk tilstand


Kjemisk tilstand er eit mål på mengda av eit utval kjemiske stoff (prioriterte stoff) som finst i vassførekomstane. Kjemisk tilstand er bestemt ved førekomst og konsentrasjonar av miljøgiftene som er oppgitt i lista over prioriterte stoff i vassforskrifta, vedlegg VIII.

Desse stoffa er giftige og ofte lite nedbrytbare i det akvatiske miljøet. Skal ein oppnå god kjemisk tilstand i vatn, må ein ikkje overstige grenseverdiane for miljøgiftene i vatn, sediment eller biota.



Figur 20 viser tilstandsklassane for kjemisk tilstand.

Figuren nedanfor viser den kjemiske tilstanden i vassførekomstane i vassregionen. Den store mengda vassførekomstar med ukjend tilstand kan forklarast med at kjemisk tilstand berre blir klassifisert i vassførekomstar der det finst målte verdiar av dei prioriterte stoffa, anten i vatn, sediment, plantar eller dyr. Målte verdiar finst gjerne i vassførekomstar som er påverka av utslepp av dei aktuelle stoffa frå ulike typar menneskeleg aktivitet.



Figur 21 Viser kjemisk tilstand i vassførekomstane i Møre og Romsdal

Det er kystvassførekomstar i regionen som har dårleg kjemisk tilstand. Dette er store vassførekomstar og utgjer eit stor utfordring i regionen. Det er industri, spesielt knytt til større byar og tettstader gjennom hamne-, verfts- og industriverksemd. Dette har ført til forureining i grunn og sjøbotn. Ein del vassførekomstar er truleg òg påverka av gamle deponi som lek og gir avrenning av sigevatn til grunnen, og punktutslepp frå notvaskeri og gruveverksemd. I fleire fjordsystem er det påvist høge konsentrasjonar av ulike miljøgifter (Borgundfjorden, Ellingsøyfjorden, Sunndalsfjorden) som har medført kosthaldsråd for fisk og sjømat. Fjordområda utanfor mange verft er undersøkte, og ein har funne til dels høge konsentrasjonar av miljøgifter i alle områda. Miljøgifter kjem også inn til kysten frå skipstrafikk, offshoreverksemd og med havstraumar frå andre land.

Metaller som bly, kvikksøl, Nikkel og kadium oppnår ikkje god kjemisk tilstand i 64 kystvassførekomstar. Fleire andre stoff knytt til hovudsaklig industri som ikkje er over grenseverdiane for å oppnå god kjemisk tilstand er PFOS, benzoperylen, benzopyren(e), idenol, benzofluoranten, fluoranten, tributyltinnkation(TBT) og bromerte flammehemmara.

Tabell 7 Viser kjemisk tilstand i kystvassfjørekomstane i Møre og Romsdal per vassområde

Kjemisk tilstand i vannområdene – kyst i Møre og Romsdal				
	God	Dårlig	Udefinert	Ukjent
	Antall : Areal	Antall : Areal	Antall : Areal	Antall : Areal
Romsdal	3 : 437,832 km ²	11 : 73,663 km ²	31 : 1366,810 km ²	0 : 0 km ²
Søre Nordmøre	2 : 42,563 km ²	15 : 1012,960 km ²	22 : 272,723 km ²	0 : 0 km ²
Søre Sunnmøre	4 : 23,275 km ²	15 : 252,125 km ²	33 : 843,075 km ²	0 : 0 km ²
Nordre Sunnmøre	4 : 71,085 km ²	20 : 759,793 km ²	19 : 343,082 km ²	0 : 0 km ²
Nordre Nordmøre	3 : 623,989 km ²	1 : 5,501 km ²	49 : 928,886 km ²	0 : 0 km ²

Grunnvatn

Målet for grunnvatn er god kjemisk og kvantitativ tilstand. Det inneber mellom anna at nivåa av prioriterte forureinande stoff ikkje overstig terskelverdiane som er oppgitt i vedlegg IX, at tilstanden i grunnvatnet ikkje medfører at miljømåla i dei tilknytte overflatefjørekomstane ikkje blir nådde, og at vassuttaket frå grunnvassfjørekomstar ikkje er større enn nydanninga.

For tida er det ikkje mogleg å overføre data frå grunnvassovervaking frå vassmiljø til Vann-Nett. Det medfører at det i dag ikkje er nokon grunnvassfjørekomstar der det er registrert kjemisk og kvantitativ tilstand, og derfor kan det heller ikkje genererast verken statistikk over tilstanden i grunnvatnet eller illustrerande figurar. Miljødirektoratet jobbar med å få på plass denne funksjonen, slik at data kan leggjast inn i Vann-Nett. Det er forventa at det skal vere klart i første kvartal 2021.

I 2015 starta Miljødirektoratet saman med NGU og NIBIO eit prosjekt med å kartleggje tilstanden i ei rekkje utvalde grunnvasslokalitetar. Lokalitetane blei blant dei antatt mest belasta grunnvassfjørekomstane innanfor dei typiske påverknadstypane for grunnvatn (til dømes industri, grunnforureining og landbruk). Målet er at denne typerepresentative overvakinga kan brukast representativt for å seie noko om tilstanden i andre grunnvassfjørekomstar basert på påverknadsanalyse.

Resultata av denne overvakinga viser at dei aller fleste grunnvassfjørekomstar som er overvaka, har god tilstand.

Referansemålingar av grunnvassfjørekomstar i Noreg (LGN) viser at grunnvasstanden først og fremst er betinga av årstidsvariasjoner. Vinterstid er det ved tele i bakken og nedbør som snø normalt lågast grunnvasstand, fordi det er liten infiltrasjon og nydanning av grunnvatn. Grunnvasstanden stiger så ved snøsmelting og nedbør i form av regn i løpet av vår- og sommarsesongen og er i tillegg betinga av nedbøren som kjem i løpet av dei periodane av året det ikkje er frost i bakken. Variasjonane i grunnvasstand i Noreg må seiast å vera svært regelmessige og årstidsbestemte. Det kan ikkje visast til nokon trendar som endrar dette i vesentleg grad.

Grunnvassuttak og annan grunnvasspåverknad er regulert i vassressurslova. Lova kom i 2001, og før dette var påverknad på grunnvatn ikkje regulert i norsk lov. Eldre grunnvasstiltak kan halda fram som før, og vassuttaket til grunneigar til hushald og husdyr er unntatt konsesjonsplikt. Konsesjonsplikt blir utløyyst dersom eit grunnvasstiltak kan vera til nemneverdig skada eller ulempe for allmenne interesser. Det vart i 2018 òg

innført meldeplikt for alle grunnvassuttak over 100 m³/døgn. I vassressurslova § 44 står det at tålegrensen til eit grunnvassmagasin ikkje må overskridast, og grunnvasstiltak må ikkje påverka vassføringa i vassdrag eller føra til auka forureining av grunnvatnet. Det betyr at vassressurslova regulerer at grunnvatnets kvantitative, og i noka grad kvalitative, tilstand ikkje skal bli verre, i tråd med miljømålet i vassforskrifta.

Basert på referansedata for grunnvasstand og informasjon om kjente grunnvassuttak med konsesjon, kan vi derfor leggja til grunn at kvantitativ tilstand for grunnvatn er god

1.7 Sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF)


Det blir gjort egne vurderingar i vassførekomstar der samfunnsnyttig aktivitet har endra vassføringsforholda og dei fysiske forholda i så stor grad at ein ikkje kan oppnå god økologisk tilstand utan at det går vesentleg ut over formålet med aktiviteten. Slike vassførekomstar blir peikte ut av vassregionmyndigheita i samråd med vassregionutvalet som sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) dersom kriteria i vassforskrifta § 5 er oppfylte. Kraftutbygging, drikkevatt, bekkelukking og flaumvern er døme på påverknad som kan medføre at ein vassførekomst blir peikt ut som sterkt modifisert. Slike vassdrag er altså unntatt kravet om å oppnå god økologisk tilstand.

Statusen som sterkt modifisert vassførekomst og grunngevinga for dette er vurdert ved oppdateringa av den regionale vassforvaltingsplanen.


Økologisk potensial

Den økologiske tilstanden er moderat eller dårlegare i alle sterkt modifiserte vassførekomstar. For kvar sterkt modifiserte vassførekomst vurderer ein det økologiske potensialet. Godt økologisk potensial er den tilstanden ein kan oppnå i vassførekomsten dersom ein gjennomfører aktuelle miljøforbetrande tiltak som ikkje går vesentleg ut over det samfunnsnyttige formålet som aktiviteten i vassførekomsten tener. I sterkt modifiserte vassførekomstar med dårlegare enn godt økologisk potensial er det dermed framleis mogleg å forbetre miljøtilstanden som følgje av miljøforbetrande tiltak eller som følgje av den resterande effekten av tiltak som alt er gjennomførte.


Sterkt modifiserte vassførekomstar i Møre og Romsdal vassregion



Figur 22 viser det økologiske potensialet for vassførekomstar i vassregionen. Kjelde: www.vann-nett.no, dato: 21-1-2020




Figur 23 24 viser det økologiske potensialet for vassførekomstar i vassregionen fordelt på lengde og areal. Kjelde: www.vann-nett.no, dato:21-20-2020



Figur 25 Figur 26 27 viser det økologiske potensialet for vassførekomstar i vassregionen fordelt på kategori og prosent. Kjelde: www.vann-nett.no, dato:21-20-2020

Kva slags type samfunnsnyttig aktivitet finn vi i sterkt modifiserte vassførekomstar?

Det er ulike som gjennom samfunnsnyttig aktivitet påverkar dei hydrologiske og fysiske forholda i vassførekomstane i så stor grad at dei blir klassifiserte som sterkt modifiserte vassførekomstar, er tilgjengeleg i Vann-Nett. Figur 28 viser korleis den samfunnsnyttige aktiviteten påverkar vassførekomsten. Vasskraft er den desidert største årsaka til SMVF i vassregionen. I mindre grad blir nokre vassførekomstar satt som SMVF grunna flomsikring og anna vassuttak (drikkevatt, settefisk,) og andre fysiske inngrep.



Figur 28 viser kva som er årsaka til sterkt modifiserte vassførekomstar i vassregionen. Kjelde: www.vannnett.no, dato:16/12/2020

1.8 Avstand mellom potensialet i dag og miljømålet

I dag er det ingen SMVF med miljømål med utsatt frist til 2033. I førre planperiode blei det gjort ei tydeleg prioritering av SMVF, frist for miljømål blei satt til 2021. I planutkast er det ikkje foreslått revisjon av vilkår som virkemiddel for nokon nye vassdrag. 16 SMVF har fått utsatt frist frå å oppnå GØP i denne planperioden. Dette er på grunn av andre påverknadar enn det som i utgangspunktet førte til at vassførekomstane blei kategorisert som SMVF(vasskraft eller fysiske inngrep). Utsettinga av fristane her føreset derfor ikkje tiltak retta mot vasskraft ol.

Det er 43 vassførekomstar med mindre strenge miljømål. Dette typisk tørrlagde bekkeinntak, som ikkje vil være realistisk å få til realistiske tiltak for å få særleg miljøeffekt.


1.9 Oppsummering av menneskeskapt påverknad

1.9.1 Påverknader og drivarar som er viktige for miljøtilstanden

Vassforvaltinga har vurdert omfanget av menneskeskapt påverknad i regionen og effekten denne påverknaden har hatt på miljøtilstanden. Påverknad blir oppgitt i påverknadstypar som beskriv korleis ulike aktivitetar påverkar miljøtilstanden i vassførekomstane (til dømes punktutslepp eller fysisk endring av vassdrag).

Drivarar, i form av menneskeleg verksemd, aktivitet hos ulike sektorar eller andre forhold i samfunnet som kan påverke miljøtilstanden (til dømes landbruk, industri, vasskraft og klimaendringar), er òg identifiserte. Ei oversikt over påverknader og drivarar i vassregionen går fram av figur 1 og 2.


Oversikt over drivarar som fører til dei viktigaste påverknadene




Figur 29 Figuren viser kva drivarar som medfører størst påverknad på vassførekomstane i vassregionen. Kjelde: www.vann-nett.no, dato: 15.12.2020

1.9.2 Oversikt over påverknaden i vassregionen


Figurane nedanfor viser påverknad i elvar, innsjøar og kystvatn i vassregionen. Påverknadene er oppgitt med informasjon om i kor stor grad dei har negativ effekt på den økologiske eller kjemiske tilstanden i vatnet. Påverknader med stor eller mellomstor påverknadsgrad blir rekna for å ha vesentleg effekt på den økologiske eller kjemiske tilstanden som medfører forverring anten til god eller dårlegare tilstand.



Figur 30 Påverknadar fordelt på elv i Møre og Romsdal vassregion. Kjelde: www.vann-nett.no, dato: 15.12.2020



Figur 31 Påverknadar fordelt på innsjø i Møre og Romsdal vassregion Kjelde: www.vann-nett.no, dato: 15.12.2020



Figur 32 Påverknadar fordelt på kyst i Møre og Romsdal vassregion Kjelde: www.vann-nett.no, dato: 15.12.2020

1.9.3 Sektorvis oversikt over påverknad

Figuren nedanfor viser prosentdelen påverknad per sektor i vassregionen. Sektor vil i mange tilfelle samsvare med drivar, men enkelte drivarar er delte inn i fleire sektorar. Til dømes er sektoren avløpsvatn ein del av drivaren urban utvikling. Samanhengen mellom påverknadstypar, sektor og drivarar går fram av denne tabellen: <https://vann-nett.no/portal/#/reportgenerator/233/P%C3%A5virkningstype%20med%20overordnet%20p%C3%A5virkningstype%20-%20WISE,%20p%C3%A5virkningsgruppe,%20p%C3%A5virkningsdriver%20og%20sektor>

Påverknad frå ein sektor kan innebere fleire typar påverknad. Til dømes vil påverknad frå landbruk omfatte både landbruksforureining og fysiske endringar som kanalisering og bekkelukking.

Påverknaden fordelt på sektor er i tabell xx vist i rekkjefølgje frå dei med størst til dei med minst prosentdel. Sektorar som påverkar meir enn 10 % av vassførekomstane, er viste med raud farge. Sektorar som påverkar mellom 5 og 10 % av vassførekomstane, er viste med oransje farge. Sektorar som påverkar mindre enn 5 % av vassførekomstane, er viste med gul farge.

Vasskraft er den største påverknaden i vassregionen., med fiskeri og akvakultur og jordbruk som nr.2 og 3.

Tabell 8 Fordeling av påverknad i Møre og Romsdal vassregion. Kilde: Vann-Nett 15.12.2020

Påvirkninger med stor/middels grad per sektor i vannområdene i Møre og Romsdal					
Navn	1	2	3	4	5
Møre og Romsdal	Vannkraft	Fiskeri og akvakultur	Jordbruk	Avløpsvann	Urban utvikling
Romsdal	Vannkraft	Jordbruk	Fiskeri og akvakultur	Avløpsvann	Introduserte arter og sykdommer
Søre Nordmøre	Vannkraft	Avløpsvann	Jordbruk	Industri	Introduserte arter og sykdommer
Søre Sunnmøre	Vannkraft	Fiskeri og akvakultur	Flomvern	Jordbruk	Avløpsvann
Nordre Sunnmøre	Vannkraft	Jordbruk	Fiskeri og akvakultur	Urban utvikling	Flomvern
Nordre Nordmøre	Vannkraft	Jordbruk	Fiskeri og akvakultur	Introduserte arter og sykdommer	Annen eller ukjent

1.9.4 Korleis klimaendringar verkar på effekten av menneskeleg aktivitet

Klimaendringar vil i regionen føre til høgare vasstemperatur , 15 % auke i årleg nedbørmengde, lengre vekstsesong, auka vassføring og erosjon og redusert snø- og isdekke. Endringane kan då føre tilleggsbelastning frå kjende miljøbelastningar. Meir konkret vil det gi seg slike utslag:

- auka avrenning frå landbruksareal, bystrøk og reinseanlegg som fører til meir næringsrikt vatn med mindre oksygen
- behov for meir flomdemping, som igjen medfører inngrep som forbyggingar etc.
- misfarga vatn
- meir miljøgifter ut i vatnet
- meir algar og algeoppblomstring – som igjen fører til mindre laksefisk
- endringar i den generelle biodiversiteten med nye artar og fortrenging av eksisterande artar
- dårlegare vasskvalitet for brukarane (badevatn, drikkevatn, fritidsfiske o.a.)
- påverking av jordbruks- og energisektoren

Klimautfordringane må møtast gjennom aktiv, kunnskapsbasert planlegging og gjennomføring av nødvendige førebyggjande tiltak i sektorane

1.9.5 Påverknad på vassførekomstane i dag, drivkrefter og utviklinga framover

Dei 5 største drivarane som påverkar flest vassførekomstar i regionen er urban utvikling, jordbruk, vasskraft, flomvern og ukjent. Dei 5 største påverknadane i regionen er vasskraft, fiskeri og akvakultur, jordbruk, avløp og urban utvikling.

Vasskraft

Vasskraft påverkar flest vassførekomstar i regionen og i alle vassområda. Vasskraft påverkar både elver og innsjøar. Påverknaden er både i form av fysiske inngrep og endring i vassføring. Dette fører til endringar i dei fysiske og kjemiske forholda, og det påverkar tilstanden til naturen i og rundt vassdraget. Redusert vassføring, tørrlegging av elvestrekningar og nedtapping/oppdemming av innsjøar påverkar plante- og dyrelivet både direkte og indirekte. Dei har likevel sterke samfunnsinteresser knytte til seg, gjennom kraftproduksjon, verdiskaping og dei bidreg med fornybar energi.

Det er ikkje foreslått ny større vasskraftutbyggingar i Møre og Romsdal, men ein del små-, mini- og småkraftverk som vil kunne påverke vassmiljøet. Det er per i dag 33 nye konsesjonar som kan utbyggast i fylket. NVE registrerer eit aukande omfang av søknader om uttak av vatn til jordbruksvatning, kunstsnøproduksjon, og vatn til kjøling. Det er og ei auka interesse for lagring av vatn og grunnvassuttak. Det er i gang revisjonar av vilkår i ein del større og eldre utbygde vassdrag i regionen. Dette gjeld Folla-Vindølareguleringa, Aura/Eira-reguleringa og Svorka/Bævra-reguleringa. I tillegg har NVE vedtatt å ta opp revisjon av Møre-vassdraget og det er fremma krav om revisjon i Tafjord, Istad og Riksheimselva. Vilkårsrevisjonane kan føre til nye vilkår som forbetrar vassdragmiljøet i desse vassdraga.

Jordbruk

I lågareliggjande strøk i heile regionen, der det er jordbruk, er vatnet påverka av avrenning og punktutsløpp frå jordbruket. Det dreiar seg først og fremst om tilførsel av nitrogen og fosfor. Årsakene kan vere avrenning frå silopressaft, gjødselavrenning frå utette gjødsellagre, gjødsellagre med for liten kapasitet, overgjødsling og spreiding på ugunstige stader og tidspunkt. I tillegg kjem fysiske inngrep som utretting av elv, endringa av elveløp, bekkelukking mm..

Avløpsvatn

Forureining frå avløp dreiar seg både om diffuse kjelder i form av spreidd avløp (private enkeltanlegg) som ikkje er knytt til avløpsnett, samt punktutsløpp frå reinseanlegg og /eller større fellesanlegg for avløp. Mykje spreidd busetnad i heile vassregionen tilseier mange separate/private avløpsanlegg, høgst truleg av varierende standard. Nokre stader går avløpet rett ut i vassdraga og sjøen. I tillegg er mange reinseanlegg under press frå urban utvikling, og kan under høg vasstand ikkje tilfredsstillende krava til reinsing. Utbetring av by- og tettstadsnæra reinseanlegg vil forbetre situasjonen framover. Vidare arbeid med avløpsproblematikk bør rettast mot rehabilitering og utskifting av leidningsnett, opprusting av reinseanlegg og pumpestasjonar, opprydding av spreidd avløp og grundig behandling av utsløpsløyver.

Urban utvikling

Påverknad frå urban utvikling med industri og tett busette område utgjer ein utfordring spesielt i Nordre Sunnmøre og Romsdal vassområde. Utbyggingar til bustad-, industri- og transportformål i kyst og vassdrag aukar presset på vassmiljøet her. Auka befolkning vil skje i ytre og sentrale delar av regionen. Kombinasjonen av auka befolkning og regional sentralisering gir større behov for drikkevatt og meir press på tilgjengelege areal fordi det blir større behov for å byggje nye bustader og for ulike former for næringsutvikling. Ved arealendringar i form av nye bygningar, vegar, parkeringsplassar og andre harde overflater blir det større risiko for høgare vassføring ved flaumsituasjonar fordi den naturlege infiltrasjonen som held regnvatn tilbake i grunnen, er fjerna.

Fiskeri og akvakultur

Det er flest lokalitetar for matfisk av laks og regnbogeaure. Opne anlegg slepp ut næringssalt og organisk stoff. Anlegga er likevel plassert i gode resipientar og dei fleste kystvassforekomstane er lite påverka av utsleppa. Auka mengder lakselus som følge av oppdrettsaktivitet kan føre til auka dødelegheit på laksesmolt og sjøaure og påverka anadrome bestandar der det er store lusemengder. Rømt oppdrettslaks kan redusere villkasens genetiske integritet og kan ha negative effekt på lokale laksebestandar. Utvikling på meir bærekraftige løysningar vil redusere framtidig påverknad. I Møre og Romsdal er det også planlagd fleire anlegg på land. Dette vil bidra til å auke produksjonen, samstundes som påverknaden på vassførekomstane ikkje aukar i særleg grad. Akvakultur på land kan likevel ha andre negative miljøeffektar knytt til auka arealbruk på land, som vil bli krevjande viss det blir mange slike anlegg på land, vassuttak, og energibruk.

Møre og Romsdal vassregion er med i produksjonsområde 5 og 6. I 2019 blei det bestemt av Nærings og fiskeridepartementet at det skulle være ein vekst av total konsesjonsbiomasse innafor akvakultur i produksjonsområde 6 og ein reduksjon i produksjonsområde 5, dette blir igjen vurdert i 2021. Dette vil kunne føre til auke påverknad nord i regionen, og redusert påverknad sør.

1.10 Oversikt over beskytta område

Dette kapittelet gir ei oversikt over beskytta område i vassregionen. Eit beskytta område er eit geografisk avgrensa område som er beskytta i form av vedtak, forskrifter eller retningslinjer i samsvar med § 16 og vedlegg IV, og som inngår i registeret som er oppretta i samsvar med § 16, jf. vassforskrifta § 3s.

Desse områda er beskytta av omsyn til helse eller viktige naturverdiar, og det går ut over det generelle vernet som miljømåla i vassforskrifta gir.

I eit beskytta område kan det vere særlege krav til kva slags inngrep det er lov å gjennomføre, til vasskvaliteten og til menneskeleg aktivitet i området. Korleis området skal beskyttast, går fram av regelverket eller dei nasjonale retningslinjene som er knytte til området.

Slike område har gjerne eigne miljømål som seier noko om korleis området skal beskyttast. Måla er til dømes knytte til bakteriar i drikke- og badevatn, eller det kan vere eigne forvaltingsmål i visse verneområde.


Desse områda er beskytta etter vassforskrifta:

1. Område som er peikte ut som eller er tiltenkte for drikkevassutak
Denne gruppa omfattar vassførekomstar som er peikte ut som eller er planlagt utpeikte som drikkevasskjelde etter drikkevassforskrifta, og som er registrerte hos Mattilsynet. Les meir om drikkevatn [her](#).
2. Område som er peikte ut for å beskytte økonomisk viktige akvatiske artar
Denne gruppa omfattar nasjonale laksevassdrag og laksefjordar som er oppretta av Stortinget, jf. St.prp. nr. 79 (2001–2002) og St.prp. nr. 32 (2006–2007). Dei nasjonale laksevassdraga og laksefjordane omfattar om lag 75 prosent av den norske villaksressursen. Områda er henta frå lakseregisteret til Miljødirektoratet.
3. Område som er peikte ut til bading (badeplassar)
Til denne kategorien høyrer dei viktigaste badeplassane som kommunane overvakar med tanke på hygienisk kvalitet.

Kommunehelsetenestelova § 1-4 seier at den kommunale helsetenesta til kvar tid skal ha oversikt over helsetilstanden i kommunen og dei faktorane som kan påverke han. Kommunane si vurdering av badevasskvaliteten blir i dag gjord på grunnlag av vasskvalitetsnormene for friluftsbad, i vedlegg til rundskriv IK-21/94 frå Helsetilsynet, som delvis byggjer på badevassdirektivet til EU (som ikkje er teke inn i EØS-avtalen). Krava som blir stilte til slike vassførekomstar (badeplassar), går fram av vedlegg til rundskriv IK-21/94. Desse vil òg danne grunnlaget for miljømålet for slike vassførekomstar.
4. Område som er følsame for næringsstoff
Denne gruppa inneheld område som er peikte ut som følsame etter gjødselvareforskrifta § 24 og forureiningsforskrifta kapittel 11. I tillegg vil gruppa kunne omfatte område som Statsforvaltaren har definert som følsame for næringsstoffa.
5. Område som er peikte ut for å beskytte naturtypar og artar
Denne gruppa omfattar område der ein skal beskytte habitat som består av vatn, er i vatn eller har artar som lever i vatn, og der vedlikehald eller forbetring av vasstilstanden er ein viktig grunn til vernet. Gruppa omfattar i første rekkje formelt beskytta område etter naturvernlova og naturmangfaldlova, utpeikte av Miljødirektoratet.

I Vann-Nett finst det eit register over beskytta område der områda er viste som eit kartlag. Informasjon for dei aktuelle vassførekomstane er òg vist.


Andel vannforekomster med beskyttelse i vannregionen i Møre og Romsdal



	Antall
Beskyttede vannforekomster	740
Andre vannforekomster	2332

Figur 33 Tal beskytta vassførekomstar i Møre og Romsdal vassregion

Andel beskyttede områder fordelt på type i Møre og Romsdal



	Antall
Nasjonale laksefjorder	20
Drikkevann	206
Naturreservat	226
Badevann	231
Nasjonale laksevassdrag	344

Figur 34 al beskytta vassførekomstar i Møre og Romsdal vassregion fordelt på type

2 Vedlegg: Slik har vi jobba fram planen

2.1 Klimaendringar og klimatilpassing

Klimaprofil for Møre og Romsdal blei utarbeida i 2017 av Klimaservicesenteret. Klimaprofilen legg vekt på at klimaendringane vil føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn, havnivåstigning og stormflo. Det vil og føre til endringar i flaumtilhøve, flaumstørrelse og skred.




Figur 35 amandrag av venta endringar i Møre og Romsdal frå perioden 1971–2000 til 2071–2100 i klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan ha verknad for samfunnstryggleiken Kilde: Norsk klimaservicesenter

Klimaendringar er lagt til grunn for sektormyndigheitenes tiltaksplaner, og det er ein føresetnad at tiltak som planleggast gjennomført er robuste mot klimaendringane.

Bakgrunnsnotat ligg [her](#).

2.2 Organisering av arbeidet

Vassregionutvalet (VRU) leiast av ein politisk representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune.



Figur 36. Organisering av Møre og Romsdal vassregion.

Vassregionutvalet

Vassregionutvalet (VRU) er oppretta etter vassforskrifta § 22 og leiast av en politisk representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune (vassregionmyndigheita) utpeika av fylkestinget. VRU er eit samarbeidsforum beståande av politiske representantar frå fylkeskommunane som inngår i Møre og Romsdal vassregion, representantar frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, statlige sektormyndigheiter og politisk leiarar av dei fem vassområdeutvala. Politiske representantar frå alle kommunar kan likevel møte ved behov eller ønske. Administrative representantar frå VRM deltek også i VRU.

Oppgåvene til vassregionutvalet går fram av vassforskrifta og er eit forberedande organ til fylkestinget til den fylkeskommune som er VRM. VRM skal i samarbeid med VRU revurdere og eventuelt oppdatere miljømål som er grunnlag for utkast til vassforvaltningsplan. I utvalet skal forskjellige interesser møtes, motsetningar brynast mot kvarandre og prioriteras. VRU skal arbeide for at det blir oppnådd einigheit om miljømål og utkast til forvaltningsplan og tiltaksprogram.

Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa består av administrative representantar frå VRM, vassområdekoordinatorar, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, statlege sektormyndigheiter og representantar frå kommuneadministrasjon. Arbeidsgruppa tar opp utfordringar, oppfølginga av gjeldane vassforvaltningsplan og oppdatering av plandokument. For å sikre at ikkje gruppa blir for stor vil

kvart vassområde velge ein representant og ein vara til å delta i arbeidsgruppa. Administrative representantar frå andre kommunar kan likevel møte ved behov eller ønske.

Vassregionmyndigheit (VRM)

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit i Møre og Romsdal vassregion. VRM er plan- og prosessleiar og skal sørge for framdrift og oppfølging av planarbeidet opp mot sektormyndigheiter og kommunar, samordne utarbeidinga og gjennomføringa av regional vassforvaltningsplan, koordinere arbeidet og ha ansvaret for at tidsfristar i vassforskrifta blir overheldt. VRM legg fram forslag til VRU for godkjenning. VRM er i tillegg planmyndigheit, der fylkestinget vedtek endeleg regional vassforvaltningsplan etter forslag frå VRU.

Regional referansegruppe

Det skal leggst til rette for medverknad frå frivillige organisasjonar, bransjeorganisasjonar og andre interessentar gjennom ei regional referansegruppe. Referansegruppa er ein viktig arena for regional og lokal medverknad som skal sikre at særskilte bransje- og samfunnsinteresser kjem fram.

Vassområda

Vassområda består av eit vassområdetutval med ein politisk representant frå kvar kommune og ein administrativ representant frå kvar kommune. Politiske representantar utgjer styringsgruppa i vassområdet og administrative representantar utgjer arbeidsgruppa i vassområdeutvalet. Det blir viktig å sikre medverknad også i vassområda og arbeidet må sørge for at innspel og interesser frå medlemmar i regional referansegruppe blir ivaretatt.

Vassområda er ein viktig arena for kommunane si vassforvaltning, og er viktig for lokal forankring og eigarskap. Vassområda skal sikre lokal kunnskap og medverknad i vassforvaltningsarbeidet. I dag finansierer Møre og Romsdal fylkeskommune vassområdekoordinatorane som følgjer opp vassområda. Dette medfører at dei administrative ressursane ikkje er ideelle. I arbeidet fram mot ny forvaltningsplan bør det bli vurdert om kommunane kan bli med i eit spleiselag saman med VRM for å sørge for at større ressursar blir tilført oppfølginga av vassområda og kommunane

2.3 Tema og utgreiingar i planarbeidet

Tema og utgreiingar i planarbeidet blei skisserte i planprogrammet. Nedanfor følgjer ei utgreiing for korleis vi har følgd opp temaa.

2.3.1 Styrkje kunnskapsgrunnlaget

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget er ein kontinuerleg prosess. Kunnskap og data om vassførekomstane er samla i Vann-nett. For mange vassførekomstar har ein lite eller ikkje noko data, og pålitelegheita i karakteriseringa er ofte lav. Det er derfor eit behov for meir kunnskap. Fylkeskommunen som er utpeikt til å leie planarbeidet i vassregionen, har etter vassforskrifta ansvaret for at dette blir gjort, men det er Statsforvaltaren som står for det faglege arbeidet i samarbeid med sektormyndigheitene. Dette vil i stor grad bli gjort ved at det blir teke ut oversikter frå Vann-Nett over ulike delprogram for basisovervaking og tiltaksorientert overvaking. Det er gjennomført arbeidsmøte med fylkesmann og vassområder for å få opp vassførekomstar med behov for overvaking. Desse blir lagt inn overvåkingsprogrammet.

2.3.2 Oppdatering av miljømål, unntak og tiltak

Det er sektormyndigheter som legg premiss for miljømål og har ansvar for å foreslå tiltak. I arbeidet med oppdatering av forvaltningsplan har statlege sektormyndigheter lagt inn nye tiltak i vann-nett.

I kommunane er det gjennomført workshoppar i vasområde eller rdirketemøte, for å få flerie tiltak retta mot avløp og landbruk. Det har medført fleire tiltak innanfor kommunanes ansvarsområde

Det er oppdatert miljømål for vassførekomstar påverka av industri og forureina sjøbotn, lakselus og rømt oppdrettsfisk. Desse har fått utsett frist. Arbeidet med SMVF blei i stor grad gjennomført i førre planperiode, og det er lite endringar i slike vassdrag.

2.3.3 Kostnadsanalyse og nyttebeskrivingar

Det var i førre planperiode utfordrande å få tiltak med kostnadsoverslag inn i tiltaksprogrammet. Miljødirektoratet har utarbeida ei eksempelsamling med sjablongmesigekostnadsoverslag for tiltak innan ulike sektorar for å lette arbeidet. Der kostnadar ved tiltak er kjent, leggest desse inn i vann-nett.

Det er oppfordra til bruk av malen, og fleire tiltak har kostnadsoverslag. Vi ser likevel at mange tiltak manglar kostnadsoverslag både på grunn av at mal ikkje er brukt, men også fordi mange tiltak er av ein slik art at det er vanskeleg å utarbeide kostnadsoverslag.

Miljødirektoratet har laga tabell over nytteskildringar som kan nyttast i arbeidet.

2.3.4 Klimaendringar, klimatilpassing og flaum

Klimautfordringane må møtast gjennom aktiv, kunnskapsbasert planlegging og gjennomføring av nødvendige førebyggjande tiltak i sektorane. Vurderingar av klimaendringar og klimatilpassing er tatt inn alle delar av plandokumentet, både i vurdering av påverknadar, miljømål, i tiltak og tiltaksprogram.

2.3.5 Drikkevatn og badeplassar

I planane som blei godkjende i 2016, rakk vi ikkje å synleggjere verna område godt nok. I arbeidet med å oppdatere planane blei drikkevatn og badevatn prioriter. Miljødirektoratet laga ei kartløyning som gjorde det enkelt for kommunar å legge inn drikkevatn/badeplassar. Tiltak og miljømål knytt til drikkevatn og badeplassar er no med i plandokument og

2.3.6 Plastforureining

EUs direktiv om plastprodukt (EU 2019/904) adresserer dei største kjeldene til marin forøpling; forbrukaravfall og avfall frå fiskeri- og akvakulturnæringa. Miljødirektoratet jobbar med gjennomføringa av dette direktivet, og delar av direktivet er òg implementert i norsk regelverk. Den 3. juli blir det forbode å importera og omsetja ei rekke engangsprodukter i plast, slik som sugerøyr, rørepinner, bomullspinnar mm. Direktivet krev òg at det innan 1. januar 2025 skal innførast produsentansvarsordningar

for plastutstyr som blir brukt i fiskeri- og akvakulturnæringa. Miljødirektoratet jobbar med å greia ut ei slik produsentansvarsordning.

Vidare har Miljødirektoratet og Sjøfartsdirektoratet foreslått skjerpte krav til hamnar for å betra handteringa av avfall frå skip og fiskefartøy. Forslaget ligg til behandling i Klima- og miljødepartementet. Endringane er ei gjennomføring av EUs nye skipsavfallsdirektiv (EU 2019/883), og dei nye krava vil føra til redusert forsøpling og auka materialgjenvinning.

Gummigranulat frå kunstgrasbanar er blant dei største kjeldene til spreiding av mikroplast i Noreg. Regjeringa har nyleg vedtatt eit nytt kapittel i forureiningsforskrifta om utforming og drift av idrettsbanar der det blir brukt plastholdig løyst fyllmateriale. I forskrifta blir det stilt ei rekke krav som vil redusera spreiding av gummigranulat frå kunstgrasbanar med opptil 90 %. Forskrifta trer i kraft 1. juli 2021.

I forslag til nytt kapittel i avfallsforskrifta om utsortering av biologisk avfall og plastavfall, er det foreslått å innføra krav til utsortering og levering til materialgjenvinning av landbruksplast. Pliktene i dette forslaget er retta mot verksemder som bruker landbruksplast, altså primært bøndene. Forskrifta skal sikra at innsamling og materialgjenvinning av landbruksplast vil fortsetja på eit tilsvarande eller høgare nivå i framtida.

Miljødirektoratet arbeider òg med å kartlegga utslepp av helse- og miljøskadelige stoff og mikroplast ved nokre utvalde småbåthamner. Resultata frå kartlegginga vil brukast til å vurdere om det bør stillast krav i forskrift til dei største småbåthamnene, slippene og opplagsplassane som behandlar mange båtar.

I 2021 har Miljødirektoratet sett i gang eit overvakingsprogram på mikroplast som på sikt kan gi relevante data om mikroplast i vatn, sediment og opptak i biota. Dataa kan vera eit viktig bidrag for vidare arbeid under vassdirektivet dersom målt mengde mikroplast skal brukast for å vurdere kvaliteten på vassførekomstar.

Miljødirektoratet forvaltar tilskotsordninga til tiltak mot marin forsøpling som har dei siste åra løyvd 70 millionar kroner kvart år til både opprydding og førebyggjande tiltak. Hovudmålet med ordninga er opprydding i strandsona, men det kan òg givast tilskot til tilsvarande tiltak langs eller ved elv

I planprogrammet blei det signalisert at Miljødirektoratet i 2019 skulle foreslå korleis plastforureining kunne inkludrast i arbeidet med den regionale vassforvaltingsplanen med tilhøyrande tiltaksprogram.

Vassforvaltingsplan med tilhøyrande tiltaksprogram for 2022–2027

Det blei lagt til rette for å leggje inn tiltak mot plast i Vann-Nett KTM99: MT121 Tiltak mot plastforsøpling og MT123 Tiltak mot mikroplast. Begge tiltaka er knytte til påverknaden «Forsøpling eller ulovleg søppeltippar». Tiltaka skal leggjast inn både som forbetrande tiltak og førebyggjande (vernande) tiltak.

Fysisk søppel i kyst- og fjordområda er ei aukande miljøutfordring for vassforvaltinga, både fordi det er skjemmande, og fordi det kan påverke økosystema på ulikt vis. I vassregionen vår har vi lagt vekt på marin forsøpling. Fokus har både vært strandrydding, haldningskampanjar og tapt fiskeriredskap. Det har go blitt større fokus på plastforureining i vassdrag og. Plastforsøpling vil bli ei prioritert satsing i planperioden i vassregionen.

Vidare arbeid med plast i vassforvaltingsarbeidet

Vi har i dag ikkje kvalitetselement knytte til plast, det er altså ingen eigne måtar å måle plast på. Det vil ta tid å avgjere om og korleis plast skal takast inn i arbeidet med vassdirektivet.

Les ei beskriving av korleis plast kan handterast i vassforvaltningsplanane på: [Plast i vannforvaltningen - Vannportalen](#)

2.3.7 Landbruk og avløp

I vassregionen var det eit behov for større fokus på landbruk og avløp i kommande planperiode. Sjølv om landbruk og avløp utgjør ein stor påverknad er relativt lite overvaking som er gjort mot desse påverknadane. Samstundes er det foreslått få tiltak i landbruks- og avløpssektoren i regionen. Det er gjennomført fleire tiltaksworkshoppar og møte med kommunar for å få på plass tiltak retta mot landbruk og avløp. Dette har og hatt fokus i planlagt overvaking framover.

2.3.8 Sterkt modifiserte vassførekomstar

I førre planperiode kom rettleiinga til fastsetting av SMVF seint. I Møre og Romsdal vassregion blei det i mange vassdrag gjort ei grov utpeiking av SMVF, der vurderinga av realistiske tiltak og kostnytteanalyse var mangelfull. Det er gjort ei grundigare vurdering av tiltak. Mange tiltak er likevel kunnskapsinnheting og mindre biotiltak, og det er ikkje foreslått større tiltak, som til dømes vil innebere vilkårsrevisjon i planutkastet.

2.3.9 Miljøgift og forureina sjøbotn

Miljøgiftsproblematikken i kystvassførekomstane utgjør eit av dei tyngre utfordringane i regionen. Dette er kostnadskrevjande tiltak, der det vil kunne ta lang tid å måle effekt. I gjeldande forvaltningsplan står det at «Skal ein oppnå miljøforbetring i desse vassførekomstane, må ein betydeleg innsats gjerast i form av utgreiingar, kartlegging og tiltak. Måloppnåinga her er avhengig av at nasjonale myndigheiter tek del i arbeidet og bidreg både med kapital og kunnskap.» Fylkesutvalet uttalte om miljøpålegg ved verft i Møre og Romsdal 24.2.2020. at *Møre og Romsdal fylkeskommune kan ikkje vedta ein regional vassforvaltningsplan med miljømål som føreset tiltak i desse vassførekomstane dersom statleg finansiering ikkje er tilstade*. Det har vært møter med verdfsnæring, regionråd. Kommunar, fylkesmann og statsråd i Klima- og miljødepartementet om problemstillinga. I departementets godkjenning av forvaltningsplanen stadfestast det at forureinar-betalar-prinsippet skal gjelde, og at tiltaka lagt til grunn ikkje skal ha føresetnad om ekstern finansiering.

2.3.10 Sjøaure og mindre anadrome vassdrag

Tilstanden for sjøaure i regionen er generelt dårleg og det er behov for å få inn meir kunnskap om utfordringane. Sjøaure er, i tillegg til å vere ein attraktiv sportsfisk, eit viktig kvalitetselement

for å måle økologisk tilstand i vassdrag. Mange av dei mindre anadrome vassdraga er utsatt for menneskeskapt påverknad på gyte- og oppvekstområda. Skal vi oppfylle måla i vassforskrifta var det naudsynt med ein ekstra innsats her. Sjøaureprosjektet *Mange bekkar små* blei igangsatt i 2020. Målet er å kartlegge , oppdatere status i og gjennomføre tiltak i eller restaurere sjøaurevassdrag.

2.3.11 Akvakultur

Påverknad frå akvakultur var ikkje med i gjeldande forvaltningsplan. Til oppdatert vassforvaltningsplan er det utarbeidast eit tverrsektorielt omforent kunnskapsgrunnlag slik at dette omfattar påverknad frå akvakultur på villfisk i anadrome vassdrag. Forslag til tiltak er basert på dette kunnskapsgrunnlaget. Eventuelle tiltak er fastsett av sektormyndigheita i tråd med relevant sektorregelverk.

2.4 Hovudutfordringar – korleis har vi jobba og prioritert?

Utfordringane i regionen er omtala i kapittel 2 og vedlegg 1. Vasskraft er den største påverknaden i vassregionen foran fiskeri og akvakultur, jordbruk, avløy og urban utvikling.

Hovedutfordringane, viser kva som påverkar flest vassforekomstar og som har den største graden av påverknad i vassførekomstane. ningene som er registrert flest ganger og med størst påvirkningsgrad, i vannforekomstene.

Oppdateringa av kunnskapsgrunnlaget og gjennomgangen av den i dokumentet Hovedutfordringar har vært grunnlag for å finne ut kor det er naudsynt å rette innsatsen for å nå miljømåla. Dette har igjen gitt grunnlag for fastsetting av miljømål og tiltak og for arbeidet med forvaltningsplanen, tiltaksprogrammet og prosessen.

Uavhengig av sektor, skal tiltak gjennomførast der det er naudsynt for at miljømåla skal nåast og det er ikkje gjort ein direkte prioritering. Ansvarleg sektor skal gjennomføre tiltak innanfor sitt ansvarsområde. I dei største påverknadene er det likevel lagt ei større koordinerande innsats for å sikre at fleire tiltak blir planlagd og eventuelle målkonfliktar blir avklart. Dokumentet tek og opp overordna forvaltningsmessige utfordringar som og har blitt jobba med. Desse er:

- Anadrom fisk, ål, elvemusling
- Miljøgift/forureina sjøbotn
- Landbruk, avløy og kommunal forvaltning
- Plastforsøpling

Det er ikkje tiltak knytt til alle påverknade som er registrert i Vann-Nett, og forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet inneheld ikkje tilstrekkeleg med tiltak for å nå alle miljømåla.

2.5 Medverknad og deltaking

Det er gjennomført møter i løpet av planarbeidet, og starta med oppstart av planprogram og Hovudutfordringar. Møtane har vært både på vassregionnivå og lokalt nivå og har gitt et godt grunnlag for planarbeidet.

Tabell 9 Møte fordelt på tema og deltakarar i Møre og Romsdal vassregion

Arena	Tema	Deltakarar
AU til Møre og Romsdal VRU	Miljømål med unntak, konsekvensutredning, tiltaksprogram, mm.	Medlemmar i AU
Vassregion	Temamøte	Relevante medlemmar i regional referanse gruppe og sektormyndigheiter
AU til Møre og Romsdal VRU	Innspel til plandokument	Medlemmar i AU
Møre og Romsdal VRU	Innspel til plandokument	Medlemmar i VRU og regional referansegruppe
Vassområde	Tiltaksworkshop	Deltakarar i vassområde
Vassområde	Fleire møter om vassforvaltningsarbeidet i VO	Deltakarar i vassområde
Vassområde	Utfordringar og prioriteringar	Politiske representantar i VO

På grunn av koronasituasjonen blei møter for medverknad vanskeleg og utsatt. Fleire av disse må gjennomførast i høyringsperioda.

Sjå og vedlegg 7 om samandrag av offentlege høyrings- og informasjonstiltak

3 Vedlegg: Dette vil planen bety for miljøet og samfunnet (konsekvensutgreiing)

Konsekvensutgreiinga skal være et hjelpemiddel som gir meirverdi gjennom at planens beslutningsgrunnlag blir best mulig samtidig som den skal oppfylle KU-forskriftas krav.

Konsekvensutgreiinga skal gi ei overordna framstilling av kva vassforvaltningsplanen vil bety for miljø og samfunn med vekt på vassmiljøet, og for dei viktigaste sektorane som brukar og påverkar vatn. Det er utarbeidd eit rettleiingsnotat i samråd med Klima- og miljødepartementet og KMD. Sjå rettleiingsnotat om KU [her](#).

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har vurdert at dei oppdaterte planane skal innehalda ei konsekvensutgreiing (KU) på eit overordna nivå. Forskrift om konsekvensutgreiingar seiar at "for regionale planer kan konsekvensutredningen begrenses til å redegjøre for virkningene planen kan få på et overordnet nivå" (§ 18). Konsekvensutgreiinga skal ikkje omfatta detaljerte vurderingar av kostnader og skildring av nytte i vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet.

Konkret og detaljert vurdering av konsekvensar for miljø og samfunn ved dei foreslåtte tiltaka vil kome i samband med den etterfølgjande saksbehandlinga til sektormyndigheitene og gjennomføring av det enkelte tiltaket.

Det skal beskrivast kva tyding vassforvaltningsplanen vil ha for dei sektorane som står bak dei mest vesentlege påverknadene på vassmiljøet, og som må følgje opp med gjennomføring av dei mest omfattande miljøtiltaka. Aktuelle sektormyndigheiter har bidratt til dette.

Innhaldet i konsekvensutgreiinga er:

a) Ein oversikt over vassforvaltningsplanens innhald og formål, og samanhengen med andre relevante planar (*Vassforvaltningsplanens kap. 1.1*)

b) Dagens miljøtilstand og forventa vidare utvikling av denne dersom vassforvaltningsplanen ikkje blir gjennomført (*Vedlegget til vassforvaltningsplanen om miljøtilstand*)

c) Miljøforholda i områda som blir vesentleg påverka av vassforvaltningsplanen (*Vassforvaltningsplanens kap. 2*)

d) Eksisterande miljøproblem av tyding for vassforvaltningsplanen, og særleg i beskytta område (*Vassforvaltningsplanens kap. 2.1 om hovudutfordringar og påverknader*)

e) Miljømål etter vassdirektivet som har tyding for vassforvaltningsplanen, og korleis desse er lagt til grunn i planarbeidet (*Vassforvaltningsplanens kap. 2.2 om miljømål*)

f) Forventa vesentlege verknader av planane på miljø:

1. naturmangfald, fauna og flora
2. jord, luft, vatn og klima
3. nasjonale og internasjonale miljømål
4. økosystemtenester
5. befolkning og folkehelse
6. følgja av klimaendringar, herunder risiko ved havnivåstigning og flaum
7. beredskap og ulykkesrisiko
8. kulturminne og landskap
9. samisk natur- og kulturgrunnlag

g) Tiltak foreslått for å forhindra, redusera og så langt som mogleg mildna kvar og ein vesentleg negativ miljøeffekt som følgjer av vassforvaltningsplanen (*Tiltaksprogrammet til vassforvaltningsplanen*)

h) Ei skildring av alternativa og korleis vurderingane vart gjennomført (*inkludert utfordringar med å samanlikna nødvendig informasjon*)

i) Ei skildring av planlagt overvaking av verknadene av vassforvaltningsplanen (*Vassforvaltningsplanens kap. 1.3 og vedlegg 4 om overvaking*)

j) Ei skildring av betydinga av vassforvaltningsplanen for dei sektorane som står bak dei mest vesentlege påverknadene på vassmiljøet, og må følgje opp med gjennomføring av dei mest omfattande miljøtiltaka (Tabell)

k) Eit folkeleg (ikkje-teknisk) samandrag av punkta ovanfor

I KU forskriftens § 19 framgår det at en konsekvensutreiing skal redegjøre for alternativ, og at samanlikning av verknaden for miljø og samfunn av de ulike alternativa skal framgå.

Vurdering av alternativ:

Det er tre alternativ som er vurdert i konsekvensutredninga:

Alternativ 0 (business as usual): Dagens miljøtilstand og forventede vidare utvikling dersom det ikkje gjennomførast nye tiltak eller miljøforbetringar ut over dagens nivå. (Forventede effekt av pågåande negative trendar og klimaendringar fram mot 2027 må vurderast inn).

Alternativ 1 (maksimum): Oppfylle alle vassforskriftas miljømål i 2027, utan budsjett- eller kapasitetsmessige begrensingar, og utan bruk av unntak etter vassforskriftas § 9 (utsett frist) og § 10 (mindre strenge miljømål). Dette passer godt inn med vassforskriftas framgangsmåte, der ein først skal foreslå alle nødvendige tiltak for å tette gapet mellom dagens tilstand og miljømålet, før vurdering av bruk av unntak.

Alternativ 2 (realistisk): Unntak (§9 og § 10) brukas der tiltak ikkje kan gjennomførast innan fristen av tekniske orsakar, fordi dei er uforholdsmessig kostnadskrevjande, eller når det er slike naturtilhøve at forbetring innan fristen ikkje er muleg. Alternativet omfattar altså berre prioriterte, gjennomførbare og kostnadseffektive tiltak for perioden 2022-2027.

Ei skildring av tydinga av vassforvaltningsplanen for dei sektorane som står bak dei mest vesentlege påverknadene på vassmiljøet er lagt inn tabell xx.

Forventede vesentlege verknader av planane på miljø

Naturmangfald, fauna og flora

Alternativ 0

Lite fokus på ivaretaking og etablering av kantvegetasjon langs vassdrag. Manglande kantvegetasjon aukar tilførselen av næringsstoff. Nye inngrep, kanalisering, lukking og forbygging av vassdrag reduserer biodiversitet i og langs vassdrag. Dette reduserer naturmangfaldet.

Tilførsel av næringsstoff og organisk stoff kan forverra miljøtilstanden i nokre vassførekomstar. Ved stor tilførsel av næringsstoff og organisk stoff kan gyte- og oppvekstområde for fisk og bunndyr tilslammes og vassdrag «gro igjen», og føra til at naturmangfaldet blir vesentleg svekt.

Miljøforbedrende tiltak i vassdrag påverka av vasskraft vil gjennomførast i færre vassdrag, og det tar lang tid å forbetra naturmangfaldet i vassdrag utan tiltak.

Lokalt engasjement, moglegheiter for finansiering og frivillige tiltakshavere vil ofte vera viktig for at fysiske forhold og vandrings- og spreingsvegar for fisk skal bli retta opp igjen i vassdrag. I fleire vassførekomstar vil naturmangfaldet vera svekt. Fisken får ikkje betre vandringsmuligheter, og det blir tilgang til færre gyteområde.

Forureininga frå veg til nærliggande vassdrag vil auka, og påverknaden av salt frå veg vil halda fram. Dette har negativ effekt på vassdragas økologiske og kjemiske tilstand, og dermed på naturmangfaldet.

Vassmiljømåla blir i varierende grad vurdert eller tatt omsyn til i plansaker, og i mange område held nedbygginga fram av vassdragsnære areal og område i strandsona. Dette får følgjande negativ konsekvens for vassmiljø og naturmangfald.

Alternativ 2 (realistisk)

Tiltaka for å verna og forbetra vassmiljøet vil samtidig auka naturmangfaldet og ta vare på trua artar. Kantsoner og buffersoner mot vassdrag skaper nye leveområder og bidrar til økt biologisk mangfald. Redusert avrenning vil forbetre økologien i vassdrag som er nætingspåverka, og høva for bunndyr, fisk og elvemusling blir betre.

Naturmangfaldet får betre vilkår i fleire vassdrag påverka av vasskraft.

Restaurering av fysiske inngrep i vassdrag og våtmarker vil forbetra vandringsmuligheter og leveområder for fisk og andre vasslevende organismar, og retta opp igjen dei naturlege reproduksjonsområda til fisken.

Reinsing av overvatn frå veg og redusert saltbruk på fleire vegstrekningar vil føra til mindre forureining og betre vassmiljø, med økt biologisk mangfald.

Auka fokus på vassmiljø i plansaker vil føra til mindre nedbygging og færre inngrep i vassdragsområde og i strandsona, og bidra til å verna naturmangfaldet.

Alternativ 1 (maksimum)

Den positive utviklinga for vassmiljøet og naturmangfaldet blir forsterka og går raskare

Nasjonale og internasjonale miljømål

Alternativ 0 (business as usual)

Dersom den oppdaterte vassforvaltningsplanen ikkje blir gjennomført kan det føra til at enkelte nasjonale og internasjonale miljømål ikkje blir nådd, eller at måloppnåelsen blir forseinka.

Alternativ 2 (realistisk) og Alternativ 1 (maksimum)

Gjennomføringa av den oppdaterte vassforvaltningsplanen vil berre ha positive konsekvensar for nasjonale og internasjonale miljømål, og bidrar til dette i større grad enn om planen ikkje blir gjennomført.

Økosystemtenester

Alternativ 0 (business as usual)

Økosystemtenester er i prinsippet alt vi menneske får frå naturen og som held oppe eller forbetrar velferda vår og levevilkåra våre, både økonomisk og sosialt.

Økosystemtenestene avheng av intakte og velfungerande økosystem. Forseinka eller manglande betring av vassmiljøet vil i mange tilfelle ha ein negativ konsekvens for økosystemtenestene.

Alternativ 2 (realistisk) og Alternativ 1 (maksimum)

Den oppdaterte vassforvaltningsplanen styrker evna naturen har til å ta vare på økosystemtenester, fordi han mellom anna bidrar til redusert algevekst, betre forhold for fisk og vasslevende organismar og mindre miljøgifter og mikroplast i vatnet. Dette medfører ei betring av økosystemtenestene i form av redusert rensbehov og lågare kostnad forbunde med å produsera drikkevatt, betre badevasskvalitet og kvalitet for jordvanning, auka kvalitet som rekreasjonsområde, betre fritidsfiske m.fl.

Befolkning, folkehelse og materielle verdiar

Alternativ 0 (business as usual)

Sikker reinsing av drikkevatt og god avløpshandtering vil stadig bli viktigare for å unngå at mikroorganismar som bakteriar forureinar drikkevasskjeldene og badevatnet, eller øydelegg opplevingsverdien av vatn i nærmiljøet. Befolkningsvekst og klimaendringar med meir ekstremvêr gir auka fare for forureining av drikkevasskjeldene, og auka risiko for dårlegare grunnvasskvalitet på grunn av mellom anna mikroorganismar. Dersom vassforvaltningsplanen ikkje blir gjennomført kan det føra til dårlegare vern av drikkevasskjeldene, noko som vil krevja meir omfattande reinsing av drikkevattet.

Oppgradering og utbedring av kommunalt avløpsnett kan ta lengre tid, og i mange område vil det ikkje skje ei oppgradering av avløpsanlegg i spreidd busetnad. Den nødvendige oppgraderinga vil ikkje skje raskt nok i forhold til klimaendringane. Oppfølginga frå kommunane av forureiningsforskrifta, vassforskrifta og anna aktuelt regelverk vil prioriterast ulikt i kommunane, med tanke på ambisjonsnivå og tid, og synergieffektane både på løysingsval og vassdrag kan bli redusert. Påverknaden frå avløpsvatn kan auka på grunn av auka nedbør og styrtregn. Lokalt kan menneske og husdyr bli sjuke av tarmbakteriar og forureina vatn. Særleg utsett er private drikkevassbrønner.

Avrenning frå landbruket held fram med å vera ei vesentleg årsak til eutrofiering, og er sannsynlegvis aukande på grunn av auka frekvens på styrtregn. Sjølv om det blir gjennomført frivillige miljøtiltak i landbruket kan innsatsen overskyggast av klimaendringane i mange område.

Avrenningen frå landbruk og avløp aukar eutrofieringen i mange vassførekomstar. Dette kan føra til redusert høve for bading, rekreasjon, fiske og redusere landskapskvalitetar.

I utviklinga av attraktive byar og tettstader er det fokus på gode bomiljøer. Nærleik til vatn er viktig for mange, og gjer område meir attraktive. Dårlig vassmiljø kan føra til

mindre attraktive bo- og fritidsmiljø, og verdien på eigedom i slike område kan bli redusert

Store nedbørmengder på kort tid kan føra til skadar på bygningar og infrastruktur. Over tid kan kostnadene for samfunnet for å utbetra slike skadar bli høgare enn kostnadene ved å gjennomføra tiltak og føringar i vassforvaltningsplanen, som bidrar til flomdemping og fordrøyning av vatnet.

Det vil truleg vera høgare kostnader forbunde med å utsetja ei gjennomføring av tiltak for å oppnå god tilstand i vassmiljøet, sidan det ofte er dyrare å retta opp igjen (restaurera) tapte natur- og bruksverdiar enn å ta vare på eksisterande verdiar.

Alternativ 2 (realistisk)

Tiltaka for å verna og forbetra vassmiljøet vil stort sett ha positive konsekvensar for befolkninga. Det vil bli fleire vassførekomstar som når god tilstand, og talet på rekreasjonsområde med godt vassmiljø aukar. Fritidsaktivitetar som bading, fiske, båtliv og friluftsliv er viktige for eit godt liv og bidrar til god folkehelse.

Auka gjennomføringstakt for tiltaka for å utbetra avløpsnett og avløpsrenseanlegg og oppgraderinga av avløpsanlegg i spreidd busetnad kan ha ein negativ økonomisk konsekvens for innbyggjarane, og det har administrative konsekvensar for kommunane å følge opp avløpsregelverket. Verdien av reint og trygt drikkevatt og badevatt, og dessutan rekreasjonsverdien som følgjer av reint vatt, vil balansera denne negative konsekvensen for dei fleste innbyggjarane.

Reint vatt er òg nødvendig innan landbruket, og trengst til både jordvanning, grønssaksproduksjon og drikkevatt til husdyr. Med det realistiske alternativet vil mange vassførekomstar påverka av landbruksavrenning bruka lengre tid på å oppnå god tilstand. Det er sannsynleg at målet om auka matproduksjon kan oppnåast.

God tilstand i vassførekomstane kan føra til auka verdi på eigedom med nærleik til vatt.

Den oppdaterte vassforvaltningsplanen vil ha konsekvensar for kommunanes samfunns- og arealplanlegging ved at vatt må inkludrast på eit tidleg stadium i planprosessane. Arealplanlegginga må vektleggja vern av vatnet, og dette vil stilla større krav til bruken av areala. Dette kan krevja meir ressursar og høgare kompetanse i mange kommunar.

God tilstand i vassmiljøet vil i mange område vera ein føresetnad for lokal verdiskaping og næringsutvikling. Gjennomføring av vassforvaltningsplanen kan dermed bidra til økt økonomisk inntjening for grunneigarar og lokalsamfunn. Samtidig kan det ha ein negativ økonomisk konsekvens for delar av industrien, som kan få auka kostnader til overvaking og tiltak for å redusera belastninga på resipienten. Tiltak som minstevassføring vil føre til kostandar for kraftbransjen.

Alternativ 1 (maksimum)

Viss alle sektorar gjennomfører maksimalt ambisjonsnivå, kan dei fleste vassførekomstane oppnå god miljøtilstand i 2027. Maksimalalternativet vil likevel kunne føra til reduksjon i matproduksjonen, mindre matfiskproduksjon og mindre kraftproduksjon. Skal ein opprette minstevassføring i alle regulerte vassdrag vil kostnadane for regulantane bli svært høge. Redusert kraftproduksjon vil og være utfordrande for den kraftkrevjande industrien som i tillegg vil kunne få større økonomiske utfordringar grunna større restriksjonar og krav om opprydding. Sysselsetting knytt til desse næringane og generelt i regionen vil kunne bli redusert.

Jord, luft, vatn og klima

Alternativ 0 (business as usual)

Redusert gjennomføring av tiltak for å unngå avrenning og erosjon av jordbruksareal vil føra til tap av jord og næringsstoff til vatn. Dette kan ha negative konsekvensar for jordstruktur og kvaliteten på dyrka mark, med etterfølgjande fare for avlingsreduksjoner.

Endra klima med høg nedbørsintensitet kan føra til utspyling av sandfang og kummar i overvasssystemet. Dette kan føra til at miljøgifter som er lagra i sandfang blir vidare flytta til resipient før sandfanga blir reinska, og risikoen for dårleg kjemisk tilstand i vatnet aukar. Dersom den oppdaterte vassforvaltningsplanen ikkje blir gjennomført kan tiltak for å forhindra dette bli nedprioritert eller utsett.

Ei manglande gjennomføring av vassforvaltningsplanen vil sannsynlegvis ikkje ha nokon konsekvensar for klimaendringar, men det kan få ein negativ verknad på gjennomføringa av klimatilpassede tiltak og omsynet til vassmiljøet

Alternativ 2 (realistisk)

Tiltaka for å redusera erosjon og avrenning til vatn frå jordbruket bidrar til at næringsstoff og jordpartiklar blir tilbake halde i nedbørfeltet. Fleire av tiltaka kan bidra til betre jordstruktur i mange område, og dette vil bidra til ytterlegare redusert avrenning til vatn.

Auka nedbør fører til at rennande vatn treng meir plass i landskapet. Lokal overvasshandtering og flomdempende tiltak er viktige for å halda vatna tilbake i terrenget. Fleire av tiltaka i den oppdaterte vassforvaltningsplanen er òg nyttige for å handtera risikoen for oversvømmelse.

Alternativ 1 (maksimum)

Det mest ambisiøse alternativet kan føra til redusert vasskraftproduksjon. Det kan ha ein negativ konsekvens når det gjeld fornybar energi og bidraget til reduserte klimagassutslepp. Utover dette blir ikkje sett på den oppdaterte vassforvaltningsplanen å

ha nokon negative konsekvensar for klima. Gjennomføring av tiltaka vil òg bidra til meir robuste økosystem som er betre rusta til å takla klimaendringane i framtida.

Beredskap og ulykkesrisiko

Alternativ 0 (business as usual)

Ei manglande gjennomføring av den oppdaterte vannforvalningsplanen kan få ein konsekvens for samfunnstryggleiken når det gjeld vern av drikkevasskjelder og drikkevassbrønnar.

Klimaendringane med auka nedbør og hyppigare episodar med styrtregn fører til auka risiko for flaum, ras og oversvømmelser, og i kystområda aukar risikoen for skadar og ulykker ved havnivåstigning. Ulykker som følgje av endra klima kan føra til akutt forureining og utslepp til vatn. Risikoen for forureining og utslepp til vatn kan auka dersom vassforvaltningsplanen ikkje blir gjennomført.

Flaumvern og sikringstiltak som ikkje samtidig tar vare på vassmiljøet kan medføre dårleg tilstand i vatnet.

Alternativ 2 (realistisk)

Tiltaka i den oppdaterte vassforvaltningsplanen vil i hovudsak ikkje ha negative konsekvensar for beredskap og ulykkesrisiko. Dei vil i mange tilfelle ha ein positiv effekt, mellom anna ved vern av drikkevasskjelder og drikkevassbrønnar og at restaurerte vassdrag og naturbaserte løysingar er skadereduserende og aukar sikkerheita. Tiltaka i vassforvaltningsplanen vil òg bidra til redusert forureining og færre utslepp.

Ved gjennomføring av tiltak for å auka flaumvern og ved sikringstiltak er det samtidig viktig å ta vare på vassmiljøet.

Alternativ 1 (maksimum)

Reguleringsmagasina i vasskraftanlegg spelar ei viktig rolle innan flaumhandtering. Reguleringsmagasina kan få ein mindre effekt i handteringa av flaum og dette kan ha ein negativ konsekvens for beredskapen.

Det kan vera auka risiko for trafikkulykker i område der salting av veg må reduserast.

Kulturminne og landskap

Det er mange kulturminne i vatn, m.a. dammar og renn knytt til tømmertransport, dammar knytt til gamle kvernar m.fl. Tilfredsstillande vassføring er viktig for å ta vare på fleire av desse kulturminna, og for funn- og bevaringsforholdene av arkeologiske kulturminne. Ved endringar i vasstand og evt. økologisk tilstand kan det ikkje sjåast bort frå at bevaringsforholdene blir endra til ei negativ retning.

Alternativ 0 (business as usual)

Vatnet er ein viktig del av kulturlandskapet og kulturmiljøet. Vassdrag og innsjøar med naturleg kantvegetasjon bidrar positivt til kulturlandskapet. Redusert gjennomføring av restaureringstiltak og beplantning i og ved vassdrag kan ha ein negativ konsekvens for landskapet.

For kulturminne i vatn som er avhengige av tilstrekkeleg vassføring kan det ha ein negativ effekt viss tiltak i vassforvaltningsplanen for å forbetra vassføring i vassførekomstane ikkje blir gjennomførte. For andre kulturminne kan det ha ein positiv konsekvens at tiltak i planen ikkje blir gjennomført, t.d. dersom dammar og andre barrierar må fjernast for å retta opp igjen fiskevandring

Alternativ 2 (realistisk)

Tiltaka i den oppdaterte vassforvaltningsplanen vil i hovudsak vera positive for landskapet, ved at naturlege vassdrag med kantvegetasjon blir tatt vare på og blir restaurert. For kulturminna kan tiltaka ha både positiv og negativ effekt. Dei foreslåtte tiltaka kan vera nødvendige for at kulturminne skal få tilstrekkeleg vassføring, eller tiltaka i den oppdaterte vassforvaltningsplanen kan skada kulturminne dersom t.d. vandringshindre for fisk skal utbetrast.

Alternativ 1 (maksimum)

Dersom alle tiltak for å nå vassmiljømåla innan 2027 blir gjennomført, der berrer vassmiljø har fokus, vil det kunne ha større negative konsekvensar for kulturminne som eldre dammar nytta til kvern, sag etc.

Samisk natur- og kulturgrunnlag

Alternativ 0 (business as usual)

Forseinka eller manglande betring av vassmiljøet kan ha negativ konsekvens for samisk natur- og kulturgrunnlag.

Alternativ 2 (realistisk) og Alternativ 1 (maksimum)

Intakt natur og vassdrag er viktig for det samiske grunnlaget. Tiltak for å verna og forbetra vassmiljøet vil berre ha positiv effekt på det samiske natur- og kulturgrunnlaget

Betydinga av vassforvaltningsplanen for dei sektorane som står bak dei mest vesentlege påverknadene på vassmiljøet:

Tabell 10 Skildring av betydinga av vassforvaltningsplanen for dei sektorane som står bak dei mest vesentlege påverknadene på vassmiljøet

Alternativ 0	Alternativ 1 (maksimum)	Alternativ 2 (realistisk)
Fysisk påverknad og forurensning fra samferdsel		
Vandrings- og spredningsveier i vassdrag - samferdsel		
Statens Vegvesen Utbedring av vandringshindre vil skje etter ei årleg prioritering opp mot andre miljøtiltak langs veg. Uvisst kor mange som blir	Statens Vegvesen Utbedring av gjenståande vandringshindre blir gjennomført i planperioden.	Statens Vegvesen Utbedring av dei fleste gjenståande vandringshindre blir gjennomført i perioden 2022-2027. Dei mest kostbar og kompliserte blir avvist

utbetra. Dei kompliserte og dyraste vil ikkje bli bygd	Det skal ikkje etablerast nye vandringshindre ved nyanlegg	grunna økonomi eller for teknisk komplisert løysing. Nye anlegg skal unngå etablering av vandringshinder
Fysiske forhold i vannforekomster/vassdrag - samferdsel		
Statens Vegvesen Svært avgrensa tiltak langs eksisterande veg. Kan justera kantslått mot vassdrag der tryggingsskrava framleis blir behaldne. Planlegging av nye veganlegg kan føresetja nærføring og utfylling i vassdrag for å få til enkel linjeføring for vegen	Statens Vegvesen Det blir gjort ein gjennomgang av eldre fyllingar i både sjø og ferskvatn. Tiltak for å betra livsbetingelser i vatn og kantsone skal vurderast og gjennomførast for både langsgående fyllingar og avsnøringer. Nye anlegg blir bygde utan nærføring til vassdrag slik at naturleg elvekant/strandsone med kantvegetasjon blir behaldne. Det vil gi andre arealkonfliktar som kan måtta kompensast	Statens Vegvesen Ein meir detaljert og nyansert gjennomgang av sideareal til veg mot vassdrag enn i 0-alternativet. Det vil gi noko auka omfang av kantvegetasjon og enkle tiltak for å betra leveområder langs fyllingar. Strengare rammar (både etter vegnormaler og miljøkrav) reduserer nærføring til vassdrag med tilhøyrande utfylling, opp mot 0-alternativet
Veg og urbane områder, inkl. forurensning		
Statens Vegvesen Med aukande urbanisering og auka trafikk i tettbygde område, vil eksisterande vegnett gi auka forureining til nærliggande vassdrag. Det kan bli forsterka av hyppigare styrtregn og auka nedbør. Berre nye veganlegg vil få oppsamling av overvatn med tilhøyrande reinsing ut frå ei behovsvurdering og krav i vegnormaler. Utanom tettbyggt strøk er infiltrasjon av overvatn frå veg i sideterrenget rekna som naturleg renseprosess. Etter ei streng behovsvurdering og prioriteringsavveining vil tunnelar kunna få bygd renseløsning for vaskevatn. Påverknad av salt frå veg vil halda fram. Spesielt sårbare strekningar kan få noko redusert belastning gjennom endra krav i driftskontraktar	Statens Vegvesen Alle betydelege punktutslipp av overvatn skal vurderast for rensiltak. Lokale renseløsningar for dei viktigaste stoffa vil bli utvikla eller vatna vil bli leidd til robuste resipientar. Vegnormalene vil få strengare krav til oppsamling og reinsing av vegvann nær resipientar. Tunnelar utan oppsamling og reinsing av tunnelvaskevatn, vil få ei rehabilitering der bygging av slike anlegg inngår. Det blir utvikla og stilt krav om nytt utstyr for bruk i kombinasjon med salt til vinterdrift i driftskontraktar. Saltforbruket skal bli betydeleg redusert. Det blir auka høve til overvaking og vidare FoU-aktivitet for å tilpassa krav og utvikla nye metodar Vil krevja betydeleg auka budsjettammer	Statens Vegvesen Nokre utvalde område utover dagens strekningar som har rensiltak, kan få reinsing eller bortledning til meir robust resipient der det er teknisk og økonomisk mogleg med tiltak. Ved omfattande utbedring eller ny utbygging, vil det bli stilt strengare krav til reinsing der det er oppsamling av overvatn. Infiltrasjon i sideterrenget er framleis ein gyldig rensemetode utanom tettbyggt strøk. Prioritering av vidare arbeid med renseløsningar for tunnelvaskevatn vil skje ut ifrå sjølvstendige behovsvurderingar mtp. forventa utslepp og resipient samtidig som ein vil samkøyra med planlagde tunnelrehabiliteringar der det er aktuelt. Endra kontraktvilkår i vinterdrifta kan redusera bruk av salt Mykje kan gjennomførast ved omfordeling og endra prioritering av budsjettmiddel i verksemda

Påverknad frå vasskraft og andre vassutak		
Vasskraft		
<p>NVE Miljøforbedrende tiltak som kan medføra krafttap blir vurderte i samband med pågåande revisjonar av konsesjonsvilkår, på bakgrunn av krav frå allmenne interesser.</p> <p>Tiltaksplanar i vassdrag blir opp følgde i medhald av gjeldande konsesjonsvilkår.</p> <p>Nye tiltak som kan medføra krafttap kan påleggast ved opning av nye revisjonar av konsesjonsvilkår. Der det ikkje finst reviderbare konsesjonar, kan nye tiltak blir vurdert ved innkalling til konsesjonsbehandling eller omgjøring av vilkår, dersom det finst kjente sterke miljøomsyn.</p> <p>Miljødirektoratet Pålegg om undersøkingar og tiltak blir gjennomført med utgangspunkt i etablerte verdikriterium for prioritering av bestandar/vassdrag. Desse kriteria er uavhengige av fastsette miljømål etter vassforskrifta, og inkluderer nasjonale laksevassdrag, vassdrag med bestandar av sårbare/trua artar (eks. elvemusling og ål), og vassdrag med særleg verdifulle bestandar av sjørørret, sjørøye, laks og dessutan langtvandrende bestandar (eks. storørret, harr). Styresmaktsutøvinga er avgrensa av heimelsgrunnlaget i det enkelte</p>	<p>NVE Det blir sett av tilstrekkelege ressursar og kapasitet til å følgja opp alle foreslåtte tiltak i inneverande planperiode.</p> <p>NVE bruker verkemidla i vassdragslovgivningen til å pålegga miljøforbedrende tiltak, og til å skaffa nødvendige tiltaksheimlar i konsesjonsvilkåra.</p> <p>Alle tiltak for å nå GØP eller GØT blir gjennomførte i planperioden. Det omfattar både fysiske tiltak og vassføringstiltak, og der det inneber store krafttap å oppnå miljøbetringar.</p> <p>Konsesjonærar gjennomfører frivillige tiltak og bidrar til at miljømål blir nådde. Aksept for auka minstevannføring på bekostning av kraftproduksjon for å nå miljømål. Bidrag til overvaking og mildnande tiltak</p> <p>Miljødirektoratet Alle vasskraft-/vassdragsreguleringsanlegg får innført standard naturforvaltningsvilkår gjennom revisjon, innkalling (§ 66), omgjøring (§ 28) eller generell forskrift/lovendring.</p> <p>Det blir sett av tid og ressursar til å gjennomføre pålegg om undersøkingar og tiltak i alle vassdrag der det er behov for det, og der miljømålet ikkje</p>	<p>NVE Vassdrags- og miljøstyresmaktene prioriterer kva vassdrag som skal følgjast opp i planperioden.</p> <p>I prioriterte vassdrag bruker NVE verkemidla i vassdragslovgivningen til å pålegga miljøforbedrende tiltak som kan medføra krafttap, og til å skaffa nødvendige tiltaksheimlar i konsesjonsvilkåra.</p> <p>Tiltak for å nå GØP eller GØT blir pålagt, så lenge dei er realistiske og ikkje går vesentleg utover den samfunnsnyttige bruken av vassdraget.</p> <p>Tiltak som inneber krafttap i vassregionen blir vegen opp mot omsyn til kraftproduksjon og forsyningssikkerheit, i tråd med nasjonale føringar for vasskraft.</p> <p>Frivillige tiltak blir gjennomførte i utvalde vassdrag, i tillegg til tiltak pålagt i konsesjon</p> <p>Miljødirektoratet Mdir, FM og NVE prioriterer kva vassdrag som skal følgjast opp i planperioden</p>

<p>vassdraget, det vil seia i kva grad det finst standard naturforvaltningsvilkår i aktuell konsesjon. Heimelsgrunnlaget vil auka gradvis i takt med gjennomføringa til vassdragsstyresmaktene av revisjons-, innkallings- (§ 66) eller omgjøringssaker (§ 28), på bakgrunn av krav frå allmenne interesser. Dette inneber at det blir innført standard naturforvaltningsvilkår i eit avgrensa utval vassdrag</p>	<p>er oppnådd. Måloppnåelsen vil ofte vere avhengig av at det samtidig blir pålagt tilstrekkeleg minstevassføring og evt. restriksjonar i køyremønster gjennom revisjon av konsesjonsvilkåra</p>	<p>ut frå fastsette miljømål i vassforvaltningsplanane, sammenholdt med etablerte verdikriterium (jf. alternativ 0) for prioritering av bestandar/vassdrag. Vilkårsrevisjonar, innkalling og omgjøring blir gjennomførte i tråd med prioriteringane i vassforvaltningsplanane, som gir miljøstyresmaktene nødvendige føresetnader (heimlar og vassføringsforhold) til å følgja opp med pålegg om aktuelle habitat- og vandringstiltak.</p> <p>Undersøkingar og tiltak blir først gjennomførte i alle vassdrag med svært store/store miljøverdiar der det finst standard naturforvaltningsvilkår. Miljødirektoratet har per 2020 pålegg eller frivillige avtalar om undersøkingar og tiltak i dei fleste av desse vassdraga (inngår òg i alternativ 0). For planperioden 2022-2027 vil desse blir opp følgd, og dessutan at det vil bli utarbeidd pålegg i nye vassdrag iht. prioriteringslista.</p> <p>Vassdrag med mindre eller moderate miljøverdiar (eks. mindre sjøaure vassdrag med kort anadrom strekning) blir likevel i lita grad følgt opp i denne planperioden</p>
<p>Vandrings- og spreingsveggar i vassdrag/ Fysiske forhold i vassførekomstar/vassdrag</p>		
<p>Statsforvaltaren Frivillige tiltak blir gjennomført i utvalde vassdrag.</p>	<p>Statsforvaltaren I vassdrag med nyare konsesjonsvilkår er det med heimel i <i>naturforvaltningsvilkår</i> gjennomført kartlegging i dei aktuelle vassdraga for å avklare behovet for tiltak.</p>	<p>Statsforvaltaren Frivillige tiltak blir gjennomført i utvalgte vassdrag. (m.a. Tafjordvassdraget).</p>

<p>Fiskeundersøkingar gjennomførast og det blir vurdert behov for vidare fiskeutsetting eller habitattiltak.</p> <p>Miljømål i vassdrag påverka av vasskraft blir ikkje følgt opp i komande planperiode.</p>	<p>Aktuelle tiltak for å nå GØP eller GØT er gjennomført. Dette gjeld t.d. tiltak for oppvandring av fisk (fisketrapp, fiskepassasje m.m) og nedvandring av fisk (opne sideløp, vatn til fiskepassasje mm).</p> <p>Dette krev at konsesjonærane er samarbeidsvillige og bidrar økonomisk (frivillige tiltak). Ei full satsing vil også krevje overføring av statlege midlar.</p> <p>(Vasskraftanlegg utan konsesjon eller med eldre konsesjonar må behandlast etter vannressurslova §§ 28 og 66 der NVE er mynde).</p>	<p>Fiskeundersøkingar blir gjennomført og det blir vurdert behov for vidare fiskeutsetting eller habitattiltak.</p> <p>Det blir vurdert undersøkingar i fleire vassdrag og revidering av utsettingspållegg.</p> <p>Kartlegging av vandringshinder og habitat.</p> <p>Det blir gjennomført biotopiltak-restaurering i enkelte verneområde.</p> <p>For tiltak som rører ved anadrom fisk er Miljødirektoratet mynde.</p>
<p>Andre vassuttak (drikkevann, settefiskanlegg, smoltanlegg, landbasert oppdrett, m.fl.)</p>		
<p>NVE Tiltak kan påleggast i særlege tilfelle ved innkalling til konsesjonsbehandling eller omgjøring av vilkår, dersom det finst kjente sterke miljøomsyn.</p> <p>Miljømål i vassdrag påverka av vassuttak følgast ikkje opp i komande planperiode</p> <p>Miljødirektoratet Tiltak i vassdrag som er regulert til andre formål enn vasskraft blir i svær liten grad følgt opp.</p>	<p>NVE Det blir sett av tilstrekkelege ressursar og kapasitet til å følgja opp alle tiltak i inneverande planperiode.</p> <p>NVE bruker verkemidla i vassdragslovgivningen til å gjennomføra tiltak der vesentlege nasjonale interesser blir rørte, og til å skaffa nødvendige heimlar i konsesjonsvilkår til miljøforbedrende tiltak.</p> <p>Alle tiltak for å nå GØP eller GØT blir gjennomførte i planperioden. Det omfattar både fysiske tiltak og vassføringstiltak.</p> <p>Konsesjonærar gjennomfører frivillige tiltak og bidrar til at miljømål blir nådde. Aksept for auka minstevassføring for å nå miljømål. Bidrag til overvaking og forebyggande tiltak.</p> <p>Miljødirektoratet Alle vassdrag får innført standard naturforvaltningsvilkår gjennom revisjon, innkalling, omgjøring eller generell forskrift/lovendring.</p>	<p>NVE Vassdrags- og miljøstyresmaktene prioriterer kva vassdrag som skal følgjast opp i planperioden.</p> <p>I prioriterte vassdrag bruker NVE verkemidla i vassdragslovgivningen til å gjennomføra tiltak, og til å skaffa nødvendige heimlar i konsesjonsvilkår til miljøforbedrende tiltak.</p> <p>Tiltak for å nå GØP eller GØT blir pålagt, så lenge dei er realistiske og ikkje går vesentleg utover den samfunnsnyttige bruken av vassdraget.</p> <p>Frivillige tiltak blir gjennomførte i utvalde vassdrag, i tillegg til tiltak pålagt i konsesjon</p> <p>Miljødirektoratet Tiltak blir følgde opp i noko større grad enn alternativ 0,</p>

	Det blir satt av tid og ressurser til å gjennomføre pålegg om undersøkelser og tiltak i alle vassdrag der det er behov for det og hvor miljømålet ikkje er oppnådd.	men vil framleis vera avgrensa pga. manglande heimelsgrunnlag og avgrensa ressursar
--	---	---

Avløp		
Byer og tettstadar		
<p>Statsforvaltaren Forureiningsforskrifta kapittel 14 blir ikkje overheldt. Det er stilt krav i løyve etter forureiningslova og peika på avvik, men dette blir ofte ikkje følgt opp av kommunane. Tilstanden i vassførekomsten går ned mange stader.</p> <p>Kommunane Nasjonale føringar for vassforvatning blir ikkje følgd, mange anlegg er ikkje i tråd med reinsekrav i forureiningsforskrifta og måla i vassforkrifta blir i verste fall ikkje oppfylt.</p>	<p>Statsforvaltaren Ingen søker fritak frå sekundærreinsekravet. Kommunane overheld alle vilkår i løyvet etter forureiningslova og etter forureiningsforskrifta kapittel 14.</p> <p>Statsforvaltaren gjennomfører tilsyn på alle løyver kvart 4 år.</p> <p>Teknologi for reinsing av miljøgifter er utvikla og tatt i bruk, både på avløp og overvatn.</p> <p>Tettstader som veks (utvidast) til å felle innanfor kap. 14 gir beskjed og søker om løyve. Reinsevilkår og reinsekapasitet er i tråd med tettstadens storleik.</p> <p>Kommunane Anlegg som oppfyller reinsekrav, men der miljøtilstand er mindre enn god får supplerande tiltak.</p> <p>Krever store administrative ressursar, kompetanseheving og auka utgifter til kommune og brukarar.</p>	<p>Statsforvaltaren Ikkje alle vilkår blir overheldt, men det er større fokus på å overhalde vilkår. Større fokus på reinsing av avløp og overvatn.</p> <p>Dei fleste reinseanlegg er på god veg til å overhalde reinsekrava i løpet av planperioden.</p> <p>Fleire tettstadar er identifisert omfatta av kap 14.</p> <p>Kommunane Kommunene har større fokus og brukar meir ressursar på kommunalt ledningsnett og renseanlegg. Oppgradering, utskifting mm.</p> <p>Kommunane inngår interkommunale samarbeid eller aukar bemanninga for oppfølging</p>
Spreidd avløp		
<p>Kommunane Lite oversikt over tilstand for avløpsløyvingane i distrikt og lite kontroll og tilsyn. Mange anlegg følger ikkje reinsekrav i forskrift og nasjonale føringar bli ikkje følgd. Måla i vassforkrifta vil ikkje bli oppfylt.</p>	<p>Kommunane Full kartlegging og tilsyn av spreidde avløpsanlegg i regionen i løpet av planperioden. Anlegg som ikkje oppfyller reinsekrav får krav om utbetring.</p> <p>Mange områder får utbygd kommunalt avløpsnett eller blir kobla inn på det kommunale avløpsnettet.</p> <p>Fleire kommunar har eit stort etterslep på avløpsnettet. Det mest ambisiøse alternativet krev store</p>	<p>Kommunane Fleire kommunar setter større fokus på opprydding av spreiddt avløp, og utarbeidar eller reviderer plan for kartlegging, tilsyn og oppgradering i kommunen. Kommunane nyttar vassforvaltningsplanen som verktøy ved prioritering av opprydding.</p>

	<p>administrative ressursar, kompetanseheving og samarbeid mellom kommunar. Mange kommuner har allereie eit stort skattetrykk og det vil være vanskeleg å få politisk og allmenn aksept til å finansiere etterslepet med sjølvkostmidlar og svært høge kostnader på vatn- og avløpsgebyr. Lokalt vil det kunne oppstå mangel på kompetente, lokale entreprenører.</p>	<p>Det gjennomførast rettleiing og tilsyn ved anlegg i aukande grad ut frå tilgjengeleg tid og kapasitet. Det er likevel vanskelig å opretthalde fristane i forvaltningsplanen for gjennomføringa, bl.a. på grunn av økonomiske utfordringar og mangel på prosjekterande og utførande personell.</p> <p>Kompetanseheving gjennom kursing og rettleiing gjennomførast.</p> <p>Kommunane inngår interkommunale samarbeid eller aukar bemanninga for oppfølging av spreidd avløp.</p>
Landbruk		
<p>Kommunane Lite fokus på vassmiljø. Kan forekomme uheldige rutinar ved gjødselhandtering, nydyrking og drift. Fleire vassførekomstar som er i dårlegare enn god tilstand får ikkje vassmiljøet forbetra. Ein del vassførekomstar som i dag er i god tilstand blir ikkje beskytta og kan i løpet av planperioden få redusert tilstand. Lite fokus, rettleiing og kontroll på vassmiljø i landbruket kan føre til nye inngrep og uheldige konsekvensar av landbrukstiltak som kunne blitt unngått.</p> <p>Miljømål i vassforkskrifta blir ikkje oppfylt, og målsetting om å beskytte og hindre vatnet for forverring blir ikkje følgd.</p>	<p>Kommunane Ambisjonsnivå er at alle vassmiljømål skal nåast innan 2027. Miljøkrav blir strangare, tilskotsordningar dreiest i større grad mot vassmiljø og tilsyn og kontroll blir større. Driftsbygningar og gjødselkummar må ha større investeringar for å sikre lagerkapasitet som utviding, legging av tak mm. Krav til reinseanlegg og fangdammar kan vere andre tiltak. Omfattende krav til drivarar vil føre til reduksjon i matproduksjon, lønnsomhet og sysselsetting. Det blir satt av store ressursar til overvaking i landbruksområde.</p> <p>Ambisjonane fører til eit drastisk behov for ei betydeleg auke i tilskotsmidlar og administrative ressursar saman med ei endra politisk målsetting.</p>	<p>Kommunane Det er auka fokus og samkjøring mellom vassforvaltning og landbruksforvaltning både i kommune og stat. Landbrukskontora rettleiar og fører tilsyn innanfor eksisterande regelverk for gjødselhandtering, drift og tilskotsordningar. Dette fører til betre ivaretaking av vassmiljø. Det er eit behov for å auke RMP- og SMIL-midlane og spisse dei meir inn mot vassmiljø.</p> <p>I dei fleste vassførekomstane vil det å oppfylle vilkår i RMP- og SMIL-regelverk være realistisk og ofte tilstrekkeleg for å oppnå miljømål etter vassforkskrifta. Dette i tillegg med ei auka fokus og rettleiing i miljøvennleg drift frå forvaltninga vil føre til handterbare og kostnadseffektive tiltak.</p> <p>Nokre tiltak som etablering av kantvegetasjon,</p>

		bufferoner og større krav til lagring og handtering av gjødsel og silo vil kunne redusere effektivitet og produksjon på kort sikt.
Miljøgifter		
Forureina sjøbotn		
<p>Statsforvaltaren Eit stort tal fjordområde i MR har dårleg kjemisk tilstand.</p> <p>Statsforvaltaren vurderer at fleire område kan få kosthaldsrestriksjonar og vi kan få redusert kvalitet på fiske og friluftsliv.</p> <p>Miljødirektoratet Handlingsplanen mot forureina sjøbotn vil alltid vere gjeldande, uavhengig av dei regionale vassforvaltningsplanane. Handlingsplanen rettar søkjelys mot dei mest forureina hamne- og fjordområda i Noreg, og legg dermed overordna rammer for å rydde opp i forureina sjøbotn.</p> <p>I Møre og Romsdal vassregion er Aspevågen ved Ålesund og Sunndalsfjorden prioriterte tiltaksområde i handlingsplanen. Det er ikkje planlagt tiltak i Sunndalsfjorden no på grunn av pågåande utslepp frå industri. Det er planar om å gjennomføre tiltak for å betre tilstanden i Aspevågen i perioden.</p>	<p>Statsforvaltaren Alle fjordområde har gjennomført supplerande undersøkingar og spreing av forureining er kartlagt. Det har blitt rydda/sett i gong rydding der det er vurdert å vere eit behov. Mange av desse vassførekomstane oppnår GØP/GØT.</p> <p>Dette krev store investeringar der både industri og stat må bidra.</p> <p>Miljødirektoratet Økonomiske avgrensingar er hovudgrunnen til at enkelte område med forureina sjøbotn blir nedprioriterte, fordi denne typen tiltak er store og kostnadskrevjande. Utan økonomiske avgrensingar ville det sannsynlegvis vere mogleg å setje i verk tiltak i alle aktuelle fjordområde med forureina sjøbotn der dette er teknisk mogleg. Ein føresetnad er likevel at aktuelle tiltaksområde og eventuelle deponiområde er regulerte til formålet.</p> <p>I Møre og Romsdal er det fleire fjordområde som i dag ikkje er prioriterte for opprydding, men der det er behov for å gjennomføre undersøkingar, risikovurdering og truleg tiltak for å betre den kjemiske og økologiske tilstanden i sjøbotnen. Når tiltak er gjennomførte, vil tilførselen og utlekinga av miljøgifter bli monaleg reduserte. Dette vil kunne betre den kjemiske tilstanden i vassførekomstane. Det vil likevel kunne ta nokre år før biotaen er reetablert og det er oppnådd ein god økologisk tilstand i tiltaksområda. Tiltak blir gjennomførte i område der miljøgifter i sjøbotnen utgjer ein uakseptabel risiko for det ytre miljøet og menneskehelsa.</p>	<p>Miljødirektoratet Miljødirektoratets oppgåve er mellom anna å vere pådrivar for å få gjennomført tiltak i dei prioriterte fjordområda, jf. handlingsplanen for å rydde opp i forureina sjøbotn. Slike oppryddingstiltak er svært kostnadskrevjande og blir av den grunn gjennomførte over fleire år. Dette kan innebere behov for utsett frist for å nå miljømåla i vassforskrifta i nokre tiltaksområde. Gjennomføringa av tiltak er i tillegg heilt avhengig av statlege og kommunale løyvingar. Det er realistisk å forvente at det blir gjennomført oppryddingstiltak i forureina sjøbotn i Aspevågen i perioden.</p> <p>For nokre område der det er eller har vore ein kjend forureinar, kan det vere aktuelt for forureiningsstyresmakta å påleggje opprydding. På grunn av pågåande utslepp er det uklart om det blir gjennomført tiltak i Sunndalsfjorden i den inneverande perioden.</p> <p>Vassforvaltningsplanane er med på å underbyggje behov for opprydding av forureina sjøbotn også i andre område enn det som er omfatta av dagens handlingsplan.</p>

Industri		
<p>Statsforvaltaren Ikkje all industri reinsar dagens utslepp i tilstrekkeleg grad.</p>	<p>Statsforvaltaren Kartlegging, risikovurdering og naudsynete konsesjonsrevisjonar er gjennomført.</p> <p>Tiltak som oppgradering/ forbetring av industrielle reinseanlegg er pålagt/gjennomført for å nå GØP eller GØT.</p>	<p>Statsforvaltaren Enkelte bransjar/verksemdar har betre reinsing enn i dag.</p> <p>Det er gjennomført kartlegging og risikofaktorar og konsesjonsrevisjonar for ein del verksemdar. Dei fleste vassførekomstar når GØP eller GØT.</p>
Fiskeri og havbruk		
Næringspåverknad/organisk belastning		
<p>Statsforvaltaren Fleire anlegg ligg frå gammalt av i område kor dei har ei uheldig påverknad på vassførekomsten som følgje av dårleg botn- og straumforhold</p>	<p>Statsforvaltaren Alle anlegg har ei plassering som gir gode straumforhold og vassutskifting som ikkje fører til oppsamling av næringsstoff.</p> <p>Lukka anlegg, reinsing, kontrollerte utslepp til sjø.</p>	<p>Statsforvaltaren Gradvis utfasing av problematiske lokalitetar</p> <p>Gradvis overgang til lukka anlegg på dårlege lokalitetar.</p>
Lakselus		
<p>Mattilsynet Per 18.01.2021 er det i Møre og Romsdal vassregion registrert 59 vassførekomstar med stor påverknad frå lakselus, 3 med middels grad, og ingen med lita grad.</p> <p>Mattilsynet fører tilsyn og oppfølging av lusenivået i akvakulturanlegg. Slik oppfølging kan ha positiv miljøeffekt i påverka vassdrag, men «business as usual» inneber at tiltaka ved akvakulturlokalitetar ikkje nødvendigvis blir styrt etter påverknad på vassdrag/miljømål. Vekst i næringa kan føra til høgare smittepress. Ein vesentleg konsekvens av lusepåverknad er redusert haustbart overskot og ein potensiell fare for ville bestandar. Det er opparbeidd eit sterkare kunnskapsgrunnlag i førre planperiode, som vil vidareutviklast. Ny teknologi kan føre til redusert smittepress.</p>	<p>Mattilsynet Dersom miljømåla blir nådde i inneverande periode vil det kreve tiltak som markant redusert biomasse i open sjø i utsette område, enten ved flytting av fisk, utslakting eller ny anleggsteknologi. Dette kan gi vesentlege økonomiske tap for den enkelte bedrifta. Ein kan i stor grad nytta eksisterande verkemiddel som er i bruk i forvaltninga, men med strengare føringar. Krev godt samarbeid på tvers av sektorstyresmakter. Miljømåla kan setja avgrensingar for framtidig vekst. Vi føreset her at det ikkje blir nytta unntak (§ 9 eller § 10) knytt til påverknad frå lakselus. Det er lagt inn tiltak i Vass-nett med mellombels reduksjon av produksjon på oppdrettslokalitetar. Tiltaket er synleggjort med tanke på å visa mogleg innverknad på laksevassdrag. Moglegheit til å seia nei til etablering i eit fjordområde med betydeleg negativ påverknad av lus frå oppdrett på ville laksefisk. Reduksjon av mengde lakselus i sjøen vil og ha ein positiv påverknad for</p>	<p>Mattilsynet Vi føreset her at det ikkje blir nytta unntak (§ 9 eller § 10) knytt til påverknad frå lakselus. Det er lagt inn tiltak i Vass-nett med mellombels reduksjon av produksjon på oppdrettslokalitetar. Tiltaket er synleggjort med tanke på å visa mogleg innverknad på laksevassdrag. Moglegheit til å seia nei til etablering i eit fjordområde med betydeleg negativ påverknad av lus frå oppdrett på ville laksefisk.</p> <p>Reduksjon av mengde lakselus i sjøen vil og ha ein positiv påverknad for bestandar som det ikkje er lagt inn påverknad for eller tiltak. Miljømåla kan nåast innan 2027 viss ein får til eit tverrsektorielt samarbeid og sett inn tilstrekkelege begrensingar for framtidig</p>

	bestandar som det ikkje er lagt inn påverknad for eller tiltak. Miljømåla kan nåast innan 2027 viss ein får til eit tverrsektorielt samarbeid og setja inn tilstrekkelege begrensingar for framtidig vekst av oppdrett i fjordsystem	vekst av oppdrett i fjordsystem
Rømt oppdrettsfisk		
<p>Fiskeridirektoratet Til vassforvaltningsplanane for perioden 2022-2027 er det utarbeidd eit tverrsektorielt omforent kunnskapsgrunnlag som omfattar påverknaden frå akvakultur på villfisk i vassdrag med anadrom fisk. Dette betyr at påverknad frå rømd oppdrettsfisk og tiltak ikkje tidlegare har vore inkludert i regionale vassforvaltningsplanar. Overvaking av innslag av rømd oppdrettslaks i vassdrag og utfiskingstiltak bidrar til at rømd oppdrettsfisk blir tatt ut og reduserer innblanding av oppdrettslaks i villaksbestander. Dette er aktivitetar som er og har vore pågåande i lengre tid, og blir gjennomført med bakgrunn i Fiskeridirektoratets sektoransvar og verkemiddel etter akvakulturlova, og går føre seg uavhengig av regionale vassforvaltningsplanar</p>	<p>Fiskeridirektoratet Gitt ingen begrensingar i økonomi, kapasitet og metodar kunne omfang av overvaking av innslag av rømd oppdrettsfisk og utfiskingstiltak vore høgare</p>	<p>Fiskeridirektoratet Overvaking av innslag av rømd oppdrettslaks i vassdrag (MT182) og utfiskingstiltak (MT186) blir gjennomført som foreslått i tiltaksprogrammet, jf. tiltak registrert i Vann-nett. Kva vassdrag som inngår i overvakingssystemet blir vurdert av prosjektgruppe som blir leia av Havforskningsinstituttet. Overvaking av innslag av rømd oppdrettslaks i vassdrag og utfiskingstiltak bidrar til at rømd oppdrettsfisk blir tatt ut og reduserer innblanding av oppdrettslaks i villaksbestander. Utfiskingstiltak vil ikkje vera aktuelt å gjennomføra om overvakinga viser at det ikkje er rømt oppdrettsfisk i vassdraget.</p>
Framande arter		
Utrydding av <i>Gyrodactylus salaris</i>		
<p>Statsforvaltaren Det blir arbeida med bekjemping og planar for re-etablering av laksestammene i Driva-regionen.</p> <p>Miljødirektoratet Det er ein nasjonal plan for utrydding av lakseparasitten <i>Gyrodactylus salaris</i>. Målet er å utrydde lakselus i Noreg. Det står att to regionar som skal ha tiltak etter den nasjonale planen. I den eine regionen er tiltak sett i</p>	<p>Statsforvaltaren Elvene er ferdig behandla og venter på friskmelding i 2028.</p> <p><i>G. salaris</i> er utrydda i alle elvene i vassregionen.</p> <p>Miljødirektoratet Den nasjonale planen vert følgd opp av Miljødirektoratet, og det er allereie løyvd ressursar til tiltaka. Friskmelding av dei to siste regionane er avhengig av utgreiing av behandlingane. Det er ikkje mangel på verkemidlar.</p>	<p>Statsforvaltaren Tiltaka mot <i>G. salaris</i> i Driva-regionen vil bli gjennomført i planperioden.</p> <p>Miljødirektoratet Den nasjonale planen vert gjennomført med maksimale ressursar, uavhengig av vassforvaltningsplanane. Det vert antekt at alle regionane med unnatak av to, vert friskmeldt før 2027. Ein</p>

<p>verk og i den andre er dei planlagt. Av totalt 51 infiserte elvar i Noreg, er 38 behandla og friskmeld.</p>		<p>region kan verte friskmeld i 2028 etter tiltaka, medan den andre ikkje vert friskmeld før seinare, av di tiltaka framleis er under utgreiing.</p>
--	--	--

4 Vedlegg: Overvaking av vassmiljøet

Sjølve kravet til utarbeiding av eit overvåkingsprogram er heimla i forskrift om rammer for vassforvaltinga (vassforskrifta) § 18. Her går det fram at det skal vere etablert «tilstrekkelige regionale overvåkingsprogrammer» for å sikre ei heilskapleg overvaking av tilstanden i vassregionen. Desse skal revurderast og om nødvendig oppdaterast kvart sjette år, i samsvar med krava i [vedlegg V](#) til vassforskrifta. Vassforskrifta omfattar alt overflatevatn (elvar, innsjøar og kystvatn), grunnvatn og verna område der vatn er eit viktig element for vernet. Men ein kan ikkje overvake alle vassførekomstar – det blir for dyrt. Derfor er det utvikla overvåkingsmodellar og meir indirekte metodar for å bestemme tilstanden i ein del vassførekomstar der det ikkje finst nokon påverknadskjelder, eller der det berre i svært liten grad gjer det.

Vassførekomstar:	Kva som blir overvaka:
overflatevatn	økologisk og kjemisk tilstand og økologisk potensial, hydromorfologisk
grunnvatn	kjemisk og kvantitativ tilstand
verna område (t.d. drikkevasskjelder)	krav frå regelverket som kvart enkelt område er oppretta i samsvar med (t.d. drikkevatt: kvalitet på råvatnet)

Overvaking etter vassforskrifta kan delast inn i tre typar: basisovervaking, tiltaksorientert overvaking og problemkartlegging. Ei nærmare beskriving av dei ulike typane og formålet med overvakinga ligg på www.vannportalen.no under temasida [Overvaking i vatn](#).

Overvåkingsmetodik, kvalitetselement og påverknadstypar

Overvåkingsmetodikken er basert på fastsetjing av økologisk og kjemisk tilstand. Den reviderte klassifiseringsretteleiinga (retteleiing 02:2018) oppgir kva for kvalitetselement med tilhøyrande indeksar og parametarar som er eigna for å måle effekten av forskjellige typar påverknad i elvar, innsjøar og kystvatn. Denne retteleiinga skal leggjast til grunn når overvåkingsprogrammet skal utarbeidast.

Overvåkingsprogrammet består av ei rekkje overvåkingsstasjonar. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over kor mange vassførekomstar som inngår i overvakinga, i samsvar med vassforskrifta for heile vassregionen, fordelt på ulike kategoriar av overvaking. Ei detaljert beskriving av dei ulike kategoriane av overvaking er gitt i vassforskrifta vedlegg V kapittel 1.3 og 2.4.

Tabell 11 Vassførekomst som inngår i overvåkingsprogrammet, fordelt på vassområde

Vassområde	Basisovervaking				Tiltaksretta overvaking				Sum
	Elv	Innsjø	Kyst	Grunnvatn	Elv	Innsjø	Kyst	Grunnvatn	
Nordre Nordmøre	3	1	1	1	0	0	11	0	17
Søre Nordmøre	3	0	0	1	8	3	13	3	31
Romsdal	3	3	0	0	9	1	15	1	32
Nordre Sunnmøre	0	0	2	0	1	3	6	0	12
Søre Sunnmøre	6	2	3	0	0	0	10	0	21

Detaljert informasjon om overvåkingsresultat og klassifisering er tilgjengeleg på <https://vanmiljo.miljodirektoratet.no> og <https://vann-nett.no/portal/>.

4.1 Basisovervaking i vassregionen

Basisovervaking skal bidra til å skaffe data om den generelle tilstanden i ferskvatn, kystvatn og grunnvatn i Noreg og skal gjennomførast i eit nettverk av faste overvåkingsstasjonar som består av både påverka område og referanseområde. Basisovervakinga overvakar langsiktige utviklingstrendar som følgje av omfattande menneskeleg aktivitet, men består òg av representativ overvaking i tilnærma upåverka tilstand (naturtilstand) for å vurdere langsiktige endringar i dei naturlege forholda. Overvakinga skal fastslå den naturlege tilstanden i urørte norske vassførekomstar og skaffe grunnlagsdata for å kunne vurdere effekten av omfattande menneskeleg påverknad på vassførekomstane. Overvakinga er karakterisert av låg prøvetakingsfrekvens. Alle kvalitetselement blir overvaka.

Miljødirektoratet har ansvar for å organisere, gjennomføre og finansiere basisovervakinga. Det er vidare ei nasjonal oppgåve å oppdatere databasen [Vanmiljø](#) med overvåkingsnettverk og overvåkingsresultat for basisovervakinga.

Hydrologisk overvaking

NVE driftar eit stort tal hydrologiske målestasjonar der vassføringa blir målt kvar time eller oftare heile året. Alle data blir lagra i NVEs nasjonale database Hydra II. Data for vasstand og vassføring er tilgjengeleg for allmenta på sildre.nve.no, og NVEs temakart over hydrologisk data [her](#).

Basisovervaking i overflatevatn

Tabellar med uttrekk frå Vann-Nett:

Nordre Nordmøre- Basisovervaking

	Vassførekomst ID	StasjonsID	Stasjonsnamn
Kystvatn	0320010202-9-C	58980	Trondheimsleia, VT23
Elv	112-30-R	38536	Surna ved Øye
	112-30-R	89905	Surna v. utløp (st.1)
	112-104-R	96136	Surna ved Holtbrua
	112-162-R	96137	Surna ved Dønnem bru
	112-30-R	96154	Surna ved Høgammaren
Innsjø	116-36436-L	41469	Skardvatnet

Søre Nordmøre- Basisovervaking			
	Vassførekomst ID	StasjonsID	Stasjonsnamn
Elv	109-199-R	96383	Driva, Svånnå - Rundhaugen
	109-54-R	38535	Driva
	109-280-R	96134	Driva ved Ålbusøyen
	109-280-R	96135	Driva ved Gjøra

Romsdal- Basisovervaking			
	Vassførekomst ID	StasjonsID	Stasjonsnamn
Elv	105-79-R	80084	Lunddalsvatnet, utløp (Roaldsetelva)
	104-115-R	64559	Svartdalsvatnet, utløpselv (Sørhellåi)
	105-36-R	88187	Røa 3 ved utløp (Skålavegen)
Innsjø	104-34660-L	40952	Svartdalsvatnet
	104-34660-L	64557	Svartdalsvatnet
	104-34660-L	64558	Svartdalsvatnet
	105-31186-L	41622	Lunddalsvatnet
	105-31186-L	80082	Lunddalsvatnet
	105-31186-L	80083	Lunddalsvatnet
	104-1994-L	87246	Eikesdalsvatnet
	104-1994-L	89451	Eikesdalsvatnet, P

Nordre Sunnmøre- Basisovervaking			
	Vassførekomst ID	StasjonsID	Stasjonsnamn
Kystvatn	0301021300-1-C	62768	Ålesund, område ved Hundsvær (28B)

	0301021900-C	85268	Ålesund havn (28A2)
	0301020900-C	86888	Korsen, BR113 ⁷
	0301020900-C	86887	Syltavika, HR155 ¹
	0301020900-C	86886	Kvitneset, HR154 ¹

Søre Sunnmøre- Basisovervaking			
	Vassførekomst ID	StasjonsID	Stasjonsnamn
Kystvatn	0301011206-C	84117	Skinnbrokleia, BR12
	0301011502-C	84118	Herøyfjorden, BR70
	0301011700-3-C	84119	Vikane, HR46
	0301011206-C	84120	Dimnaneset, HR49
	0301011206-C	63212	Skinnabrokleia, VT71
	0301011502-C	63213	Herøyfjorden, VT72
Elv	094-76-R	41196	Movatnet (Eid), utløp
	094-55-R	88189	Dravlauselva ved utløp (Dravlaus)
	094-102-R	88212	Øydgardselva 3
	095-70-R	30235	Ørstaelva (Follestadelva) 2
	095-85-R	96158	Ørstaelva 1
	095-74-R	96159	Ørstaelva (Follestadelva) 3
	094-76-R	82141	Movatnet (Eid), utløp
Innsjø	094-1935-L	43410	Movatnet (Eid)
	094-1935-L	82139	Movatnet (Eid)
	093-31047-L	40825	Blæjevatnet
	094-1935-L	82140	Movatnet (Eid)

⁷ Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

Basisovervaking i grunnvatn

NVE har også målestasjonar for erosjon- og sedimenttransport, vassstemperatur og grunnvatn.

Meir informasjon om hydrologiske data finner du på NVEs nettsider [her](#).

Basisovervaking grunnvatn			
Vassområde	Vassførekomst-ID	Stasjons-ID	Stasjonsnamn
Nordre Nordmøre	111-375-G	(ikkje reg.)	Ikkje reg. (v/Kårvatn)
Søre Nordmøre	109-678-G	90897	Sunnalsøra, brønn 2 (SunB2park)
	109-678-G	90898	Sunnalsøra, brønn 3 (SunB3frio)
	109-678-G	90896	Sunnalsøra, brønn 1 (SunB1barn)
	109-678-G	90899	Sunnalsøra, brønn 4 (SunB4radh)
	109-678-G	90901	Grødal, brønn 2 (GroB2pote)
	109-678-G	90900	Grødal, brønn 1 (GroB1lgnb)

4.2 Tiltaksretta overvaking og problemkartlegging i vassregionen

Tiltaksretta overvaking

